

# **Årsrapport 2012**

**Fylkesmannen i Hordaland**

## Innhold

<b>Kapittel 1 - Om embetet</b>	Side 4
<b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer</b>	Side 12
<b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>	Side 17
Kongehuset	Side 17
Miljøverndepartementet	Side 17
Landbruks- og matdepartementet	Side 27
Kunnskapsdepartementet	Side 52
Statens Helsetilsyn	Side 69
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 71
Justis- og beredskapsdepartementet	Side 74
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 80
Arbeidsdepartementet	Side 85
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 87
Samferdselsdepartementet	Side 98
Utenriksdepartementet	Side 98
Kulturdepartementet	Side 99
Fomyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 99
Andre	Side 104
Endringer i årsrapporten	Side 105

# Kapittel 1 - Om embetet

## 1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

### 1.1.1 OM FYLKET GENERELT

Hordaland er samla sett eit vekstfylke med kraftig auke i folketalet. Veksten er også forventa å bli stor i dei neste 50 åra, og då særleg i Bergen og dei bynære kommunane. Bergensområdet har i dag om lag 380 000 innbyggjarar, og det er rekna med ein auke på 160000 innbyggjarar innan 2040. Veksten vil då i dei neste 30 år tilsvare veksttakten ein har hatt i perioden frå 20025 – 2010. Som fleire andre stadar i landet er det eit markant trekk at veksten er skjeivt fordelt med kraftig vekst i kystkommunane og med liten eller ingen vekst i innlands- og fjellkommunane i fylket. Det er såleis ein betydeleg regional ubalanse i fylket, med klare sentraliseringstendensar ved at Bergen og dei bynære kommunane har stor folkevekst, jf meir om dette under avsnittet Utkantproblem i vekst-fylket.

### Næringsutvikling og samferdsle

Hordaland er eit olje- og gassfylke med sterke verkststimulansar til mange bedrifter som direkte og indirekte lever av olje/gass-sektoren. Funna av to nye felt i Nordsjøen dei siste to år, og ekspansjon i oppdrettsnæringa gir betydeleg vekststimulering og optimisme til næringslivet. Denne vekstkrafta til mange bedrifter gir stor kamp om arbeidskrafta som utfordrar tradisjonelt næringsliv med lågare lønsevne. Dette gjeld særleg eksportretta, tradisjonelt næringsliv utanfor olje/gass-sektoren som vert pressa av m.a. auka lønsnivå.

Vekstkrafta i fylket (spesielt i Bergen og kystkommunane) gir formidable utfordringar når det gjeld reiseetterspørsel og transportavvikling for person- og gods- og varetransport. Transportmodellar viser auka i reiseetterspørsel frå 50 – 150 prosent i 2040 dersom befolkninga får reisa «uhindra», dvs utan kapasitetsskrankar, trafikantbetaling eller andre restriktive tiltak).

Det alt sprengte kapasiteten på delar av transportnettet skapar særlege utfordringar for miljø og folkehelse i Bergen og Bergensregionen. Regionen ligg mange år etter i etablering av kollektivsystem, då det i for lang tid har vore satsa på «kollektivløysingar» med vegutbygging som hovudsatsings-område.

### Kommuneøkonomi og - struktur

Den demografiske utviklinga i fylket, med vekst og stagnasjon i ulike delar av fylket, stiller kommunane overfor særskilte økonomiske utfordringar.

Kommunane i indre strøk, med langvarig nedgang i folketalet, må tilpasse tenestene til lågare inn-tekter og samstundes ei aldrande befolkning. Utfordringa for desse er at ein stor del av utgiftene er meir eller mindre faste.

Vekstkommunane i Bergensregionen har gjennomført store investeringar (m.a. innan skulesektoren og infrastruktur). Sjølv om inntektene aukar ved fleire innbyggjarar, er det svært krevjande å dekke det auka tenestebehovet og veksande utgifter som følgje av investeringane. Vekstkommunane har i den siste tida òg fått ei utfordring som følgje av at andelen eldre innbyggjarar er aukande.

Kommunane i fylket utanom Bergen har no eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennom-snittet.

Det er ikkje grunnlag for seie at kommunane i fylket skil seg ut med svakare økonomi enn gjennom-snittet i landet over tid. Det er likevel verd å merke seg at stadig fleire kommunar har sett eit behov for å utvide grunnlaget for eigedomsskatt for å nå desse resultatane.

Ein del av det kommunaløkonomiske biletet er også at mange av kommunane i fylket har gjennom-gått, og planlagt, til dels betydelege endringar i skulestrukturen. Endringane betyr større grad av sentralisering, men færre og større einingar.

Det er framleis fire kommunar i ROBEK-registeret i fylket, Stord, Kvinnherad, Meland og Osterøy. Talet har vore stabilt over nokre år, men det har ikkje alltid vore dei same kommunane.

Mange av kommunane i fylket har naturressursskatt og kraftinntekter og eigedomsskatt frå kraft-anlegg. Nokre få kommunar skil seg ut med svært høge inntekter frå eigedomsskatt frå anlegg knytt til olje- og gassverksemd.

Kommunane i fylket hadde i 2012 (både med og utan Bergen) ei noko høgare prosentvis skattevekst enn landsgjennomsnittet. Det er eit uttrykk for positiv utvikling lokalt i næringslivet og auka syssel-setting.

Det er to kommunestrukturprosjekt på gong. Det eine er mellom kommunane i Nordhordland, og det andre er knytt til kommunane på Sotra. Sjølv om det er eit stykke fram til ein endeleg konklusjon på strukturarbeidet, er det starta gode prosessar. Det interkommunale samarbeidet i fylket, særleg i Nordhordland, har frå før kome langt. Med dei formidable kommunikasjonsendringane og -forbetringane som har skjedd dei siste 20 – 30 åra i fylket er Fylkesmannen av den oppfatninga at vi i dag har ein forelda kommunestruktur som er hindrande i å få til betre oppgåveløysing med eksisterande ressursar på ulike område. Det gjeld t.d. innan beredskap, barnevern, omsorgstenester, skule og barnehagar, arealforvaltning.

### **Arealpress**

Stor vekst i ytre delar av Hordaland fører til eit særskilt arealpress i Bergen og dei bynære kommunane. Med grunnlag i befolkningsprognosane vil det medføre trong for om lag 86 000 arbeidsplassar og 60 - 80 000 nye bustadar innan 2040. . Samla sett gjev dette store utfordringar for å sikre ei berekraftig og langsiktig arealforvaltning.

Arealpolitikken i fylket, også va gjeld Bergensområdet, har i liten grad vore underlagt regional styring. Inntil no er det enno ikkje utarbeid fylkesplan eller fylkesdelplan for areal – og transport. Samla arealbruk med tilhørande transportetterspørsel, er meir eit resultat av prioriteringar som enkelt-kommunar og næringsinteresser har stått for. Fram til no er arealutviklinga prega av at dei bynære kommunane har lagt til rette for delvis spreidd busetnad, med pendling og auka trafikkpress mot Bergen som resultat. I Bergen er stor, nye bustads-satellittar og næringsareal kome til etter kvart. Det har gitt stor transport på kryss og tvers i byområdet.

Utfordringane knytte til handtering av det sterkt aukande arealpresset stiller krav om ei markant meir potent og framtidretta regionplanlegging med tilpassa og oppdaterte kommuneplanar, slik at dette samla planverktøyet kan nyttast til å styra veksten.

I tillegg er det ei stor utfordring med eit stort tal dispensasjonar frå gjeldande kommuneplaner i Bergen og omlandskommunane. Vi ser likevel ei positiv utvikling her. I 2001 mottok Fylkesmannen ca 1500 dispensasjonar til uttale, medan det i 2012 var noko i overkant av 1000 dispensasjonar. Hittil i 2013 ser vi at denne nedgangen held fram. Det medfører også at klager på dispensasjonar frå fylkesmannen også er gått ned, frå 174 klager i 2011 til 59 klager i 2012. Denne utviklinga har samanheng med fleire tilhøve. Det er i kommunane ei auka merksemd på at arealutviklinga må styrast etter plan. Fylkesmannen har også på fleire måtar arbeidd med å vera tydlegare på kva grensa går for dispensasjonar, og har lagt seg på ein praksis med større «maskevidder» i høve til tidlegare.

Kommunane i Hordaland har generelt oppdaterte kommuneplaner. Det vil vera eit fokusområde frå regionale styresmakter at dei kommunane som framleis ikkje har oppdaterte kommuneplaner etter ny plan- og bygningslov, skal rullera eksisterande plan.

Hordaland har ei stor og variert strandsone. I samband med auka arealpress generelt, aukar òg presset på strandsona. Særleg i tettbygde strok er strandsona delvis nedbygd og privatisert. Det har skjedd gjennom både godkjende planar og ved eit stort tal dispensasjonar. Overordna planlegging er det viktigaste verkemiddelet for å sikre at strandsoneverdiane vert forvalta langsiktig. Her er det pågåande arbeidet med interkommunale strandsonoplan og regionale kystplan viktige premiss-leverandørar.

Ei anna utfordring i strandsona er eit stort tal ulovlege bygg og ein del ulovleg bruksendring frå naust til privat fritidsbustad i strandsona. Eit prosjekt som vart avslutta hjå Fylkesmannen i 2013, hadde som målsetjing å kartleggje ulovlege bygg og rettleia om korleis kommunane kan handtera ulovlege bygg. Dette har gjeve auka fokus på temaet i kommunane, men vi ser ofte eksempel på at det står mykje arbeid att.

### **Særtrekk ved miljøutfordringane i fylket**

Stor interesse for å byggje småkraftverk set vassdragsnaturen under press. Drivkreftene her er nasjonale mål om fornybar energi og el-sertifikatordninga, og Hordaland har flest søknader. God vassforvaltning etter vassforskrifta er eit satsingsområde som skal gje reint og godt vassmiljø. Aktiviteten innan naturforvaltning er retta mot forvaltningsplanar for verneområda, tiltak i verne-områda, prioriterte artar og naturtypar etter naturmangfaldlova. Ei stor oppdrettsnæring gjev miljø-utfordringar knytt til lokalisering og sakshandsaming, utslepp og tilsyn, og fiskeforvaltning. Den sterke veksten i fylket gjev generelt mange søknader om løyve etter forureiningslova og stor tilsynsaktivitet. Fleire kommunar i Bergensregionen har store utbyggingsoppgåver for å reinse kommunale utslepp. Det er og eit etterslep på å rydde opp i miljøgiftforureina grunn og sjøbotn. Informasjon om miljøet i fylket vert oppdatert på miljøstatus.no.

## **Barnevern, rusomsorg og bustadsosiale utfordringar**

Det er ikkje grunnlag for sikkert å fastslå at vi i Hordaland har fleire barnevernssaker og hendingar enn i andre fylke, sjølv om mengda av saker i media kan tyde på det. Barnevern får mykje merksemd i fylket, både enkeltsaker og som debatt om tjenlig organisering. Fylkesmannen har det siste året satt inn større ressursar både på tilsyn, klager og oppfølging. Det er første året vi har nådd resultatkravet. Vi har sett stor effekt av arbeidet i år. At vi jevnleg er tilstades i institusjonane og synlege for både born og tilsette, gjer det lettare å kontakte oss utanom tilsynsbesøka. Saman med system-tilnærminga til institusjonane (systemrevisjon), har gjennomgangen av tvangsprotokollane fleire gonger i året gitt oss god oversikt. Gjennom desse tiltaka har vi fått betre kontroll med at barna får den oppfølging og hjelp dei skal ha. Det er gjennom å påverke styringa vi kan endre tilhøva og påverke kultur og haldningar.

Det er påtrengjande at det trengs omfattande strukturelle endringar i barnevernet dersom ein skal ha von om endringar som vil tena hovudmålet i barnevernlova. Vi meiner at det bør byggjast opp eit fagleg sterkt interkommunalt barnevern som på sikt får ansvar for alle typar tilbod, også institusjons-tilbodet i ein region eller eit fylke. Dette kan byggje kommunale tenester som er robuste, og med nok fagleg breidde til sjølv å ha eit heilskapleg ansvar for handtere alle delar av dette krevjande fagfeltet.

Tilbodet til rusmisbrukarar er blitt mykje meir omfattande og variert i fylke vårt dei siste to åra. Det har vore ein stor satsing både innanfor kommunane og i spesialisthelsetenesta. For å lukkast med dette arbeidet er det no bustader og buoppfølging i kommunane som er viktigaste.

Bustadsosiale utfordringar og bygging av fleire bustader for vanskelegstilte er eit sentralt problem. Dei mest utsette gruppene er personar med psykiske lidingar og/ eller rusproblem, flyktningar og personar som har sona ein dom. Dette er i hovudsak personar som ikkje sjølv kan eiga bustad og difor trengs det leigebustader. Det er ikkje ei einsarta gruppe og det er trong for differensierte bustader. I tillegg til bustad er det og trong for oppfølging. Vi samarbeider med andre statlege etatar om desse utfordringane, men skal dette bli prioritert av kommunane burde staten trå sterkare til.

## **Beredskap**

Kombinasjonen av stor vekst, høgt folketal og særskilt høg aktivitet i økonomien, både på fastlandet og utanfor kysten, medfører at Hordaland som fylke er særskilt utsett for risiko. Mykje av denne aktiviteten er dessutan knytt til særskilt risikoutsett verksemd (m.a. innan olje/gass). Dette biletet vert ikkje betre av at fylket har mykje "vær", m.a. nedbør og vind, og samstundes står ovanfor stadig aukande klimamessige utfordringar. Fylket har difor samla sett eit stort og aukande potensiale for at det kan oppstå alvorlege beredskapsmessige situasjonar. Knappe og spreidde beredskapsressursar som til dels òg er dårleg samordna, forsterkar dei beredskapsmessige utfordringane. M.a. som følgje av at det i utsette delar av fylket ofte er små kommunar med lite ressursar, er det stort behov for å sjå nærare på organiseringa av brann- og redningstenesta (Jf. Ny NOU under DSB) med tanke på forsterking av både kapasitet og kompetanse. I dette biletet opplever vi òg at Fylkesmannen si rolle i beredskapssituasjonar kan vere uklår, noko vi har teke opp i brev til DSB datert 20.02.2013, sjå og pkt. 2.6.

## **Utkantproblem i vekstfylket**

Utkantkommunar med fall i folketalet og aldrande befolkning kjem ofte i «oljeskuggen» av vekst-krafta langs kysten og slit med merksemd rundt sine utfordringar samanlikna med meir typiske distriktsfylke. Fylket er meir enn dei fleste andre fylker differensiert i vekst - og stagnasjons-/ fråflyttingsområde. Mellom anna kampen om arbeidskrafta driv flyttestraumen mot kysten. Generasjonsskiftet i Nordsjøen forsterkar dette. Demografisk ubalanse og forvitring av næringsliv og sysselsetjing i dagens tempo vil innebere kraftig utarming av desse samfunna. I Hordaland gjeld dette landbrukskommunar i indre delar av fylket og industrikommunen Odda med sine særlege ut-fordringar.

Vi har tidlegare peika på at arealpolitikken i fylket i liten grad har vore underlagt regional styring. Det same kan i same grad seiast om den regionale politikken for å skapa ei balansert geografisk utvikling av fylket. Det manglar ein klår politikk for å styra noko av vekstkrafta og folketilveksten mot indre delar av fylket, der det er betre tilgang på areal. Det er i den regionale politikken få spor og verke-middel for byggje opp større regionsentra som kan tene som motor for næringsliv og tenestetilbod i ein stor, felles arbeidsregion i indre strøk. Med Hardangerbrua kan Voss utviklast i denne retninga ved oppgradering og modernisering av jernbanetilbodet Bergen – Voss. Slike resonnement bør også nyttast ved planlegging av nye samferdsletiltak i fylket – slik at fylket vert kopla saman.

## **1.1.2 OM EMBETET**

Fylkesmannen i Hordaland er organisert med seks fagavdelingar, jf. lenkje til organisasjonskartet:  
<http://www.fylkesmannen.no/enkel.aspx?m=18847>

### **Organisasjonsutvikling og «embetsfornyning»**

Dei siste åra har embetet hatt stor fokus på organisasjonsutvikling og embetsfornyning. Det har vore naudsynt å gjennomføre fleire tiltak for å få ein meir ressurseffektiv og samordna organisasjon. Embetet har ein utfordrande ressursituasjon. Det er ikkje samsvar mellom tildelte midlar og opp-gåver vi er sette til å løyse. På fleire fagområde har vi dei siste åra hatt ein markant auke i saks-mengda utan at embetet er tilført fleire ressursar. I tillegg har vi ikkje hatt økonomiske midlar til å oppretthalde eit konkurrerande lønsnivå i embetet. For å imøtekomme m.a. desse utfordringane har vi dei de siste gjennomført ein betydeleg organisasjonsutviklingsprosess med tre hovudformål:

#### **a) Omorganisering og betre oppgåveløysing**

Med ei omfattande omorganisering har formålet vore å få ein meir effektiv og samordna organisasjon, og slik sikre betre oppgåveløysinga. Det var i særleg grad behov for å sjå på ein meir heilskapleg og samordna organisering av beredskapsoppgåver/ planområde/ plansaker og helse-/ sosial-/ barnevernsområde. Omorganiseringa har vist seg å ha hatt forventta effekt. Vi har innanfor fleire fagområde hatt ein markant nedgang i sakshandsamingstid. Trass i knappe ressursar og ein krevjande bemanningssituasjon har medarbeidarane våre gjennom innsatsen sin på alle område klart å innfri krava til sakshandsamingstider og andre leveringsfristar i 2012.

#### **b) Budsjetttilpasning og lønnsløft**

Ei anna måte har vore å gjere embetet meir konkurransedyktig. Embetet har gjennom fleire år slete med eit lågt lønsnivå. Det har gitt seg utslag i m.a. høg turnover og problem med rekruttering. For å frigjere midlar til å heve lønnsnivået, har embetet nedbemanna med ti stillingar i løpet av dei to siste åra. Det har vore ein krevjande prosess som parallellt med effektiviseringstiltak i avdelingane og stram prioritering av "må" og "bør-oppgåver". Innsparingane har vi lagt inn som midlar i dei lokale lønsforhandlingane. Det er til saman lagt inn omlag kr. 3,3 mill. i lokale midlar i 2011 og 2012. Resultatet av dette viser at lønsnivået for alle stillingsgrupper er heva. Vi har i dag eit betre utgangspunkt for å konkurrere lønsmessig med andre offentlege verksemder. Vi har og hatt ei positiv ut-vikling på turnoveren. Embetet hadde i 2012 ein turnover på omlag fem prosent. Dette er ein stor nedgang frå 2010 då vi var godt over ti prosent. «Lønsløftprosjektet» vart avslutta i 2012.

#### **c) Heilskapleg og strategisk leiing**

Embetsleiinga og leiargruppa har arbeidd med å styrkje den heilskaplege og strategiske leiinga ved embetet. Fleire tiltak er sett i verk, mellom anna skal alle strategiske og prinsipielle saker opp til drøftingar i leiargruppa. For å få til ein heilskapleg leiing har det vore viktig å inkludere seksjons-leiarane tettare til leiargruppa. Vi har etablert fire faste leiarmøte i året for den "store" leiargruppa. Møta er lagt inn i styringshjulet. Seksjonsleiarane har vidare etablert eit eige møteforum som mellom anna har fokus på erfaringsutveksling, kunnskapsdeling og læring på tvers av avdelingane. I 2011 fekk vi midlar frå Difi til å etablere eit leiarutviklingsprogram for leiargruppa og mellomleiarane. Pro-grammet skal gå ut 2013. Formålet med leiarprogrammet er å utvikle ei lokal leiarplattform som bl.a. byggjer på plattform for leiing i staten. Det er vidare eit mål å skape ei omforeint og myndiggjort leiargruppe som saman emnar å styre embetet mot god måloppnåing både fagleg, økonomisk og personalmessig. Meir om det står omtalt i resultatområde 98.0.

### **Visjon - verdiar - leiarprinsipp**

Fylkesmannen har definert eit verdsett som ligg til grunn for all aktivitet i verksemda.

#### **Visjon:**

Fylkesmannen skal utføre godt styresett og møte urett med rett

#### **Verdigrunnlag:**

**Demokratisk.** Vi skal arbeida for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer blir følgde opp og gjera konsekvensane av dei i Hordaland kjende for dei nasjonale styresmaktene.

**Rettferdig.** Vi skal hegna om rettstryggleiken både i avgjerdene og i avgjerdsprosessane. Vi har eit særleg ansvar

for rettstryggleiken til dei som ikkje sjølve kan fremja interessene sine.

**Open.** Vi skal vera opne for innsyn, leggja til rette for deltaking frå innbyggjarane og sikra eigne tilsette medverknad.

**Påliteleg.** Vi skal vera uhilda og grunnkje vedtaka våre fagleg og gje kunnskapsbaserte råd ut frå vårt beste faglege skjønn.

**Effektiv.** Vi skal bruka ressursane våre slik det er politisk bestemt, og vi skal nå dei politiske måla på den mest berekraftige måten.

### **Leiarprinsipp:**

- Ver tydleg
- Vis lojalitet til eigen organisasjon
- Vis tillit og støtt dine medarbeidarar
- Respekter andre sin kunnskap
- Avklar mål og følg opp resultatansvaret
- Ver kreativ
- Spreie humør og trivsel
- Gå føre og ver gode eksemplar

### **Risikostyring**

Embetet har i 2012 arbeidd vidare med å innarbeide risikostyring i det ordinære styringssystemet vårt. Utgangspunktet har vore å gjere dette enkelt og praktisk. Arbeidet har vore forankra i leiar-gruppa. Vi har hatt ei målsetjing for 2012 om å integrere risikostyring som ein naturleg del av verk-semdplanarbeidet og i styringshjulet. Frå 2013 skal avdelingane i samband med verksemdplan-arbeidet gjennomføre risikovurderingar av kritiske faktorar knytte til å nå hovudmåla i oppdraga. Risiko på dei ulike områda blir vurdert i samband med gjennomgang av verksemdplanen jf. styrings-hjulet. Leiargruppa skal gjennomføre ein overordna, samla risikoanalyse på verksemdkritiske område.

Vi har utarbeidd eigne retningsliner for risikostyring som klargjer roller, ansvar og metodikk for risiko-vurdering. Retningslinene skal ligge til grunn for arbeidet med verksemdplanen i avdelingane og i embetet. Risikovurderingar skal generelt vere eit element i kvalitetssikring av alle arbeidsprosessar med sikte på å unngå feil, og sikre god ressursutnytting. Embetet har nytta ei metodisk tilnærming med utgangspunkt i DFØ sin rettleier for risikostyring.

Utfordringa vidare blir å få på plass ei felles forståing av risikobegrepet internt i embetet, og finne rette omfang for gjennomføring av risikovurdering på avdelingsnivå. Meir om dette står omtalt i resultatområde 98.2.

### **Finansiering av stillingar utanfor kap. 1510**

Det er ei betydeleg utfordring for styringa av embetet at ikkje alle midlar vert tildelte i kap. 1510. Skal fylkesmannen ha fullt handlingsrom, må alle stillingar inn i kap. 1510 og dei må vere fullfinansierte når dei vert lagt inn. Vi har fleire døme dei seinare åra der stillingar vert overført til kap. 1510 utan å vere fullfinansierte. Embetet har i dag omlag 25 stillingar som er finanisert av prosjektmidlar, særleg frå Miljøverndepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet med underleggjande direktorat. Det er krevjande å ha så mange tilsette finaniserte gjennom prosjektmidlar. Midlane kjem ofte så seint på året at det er vanskelege å planleggje aktivitetar og ha rett kompetanse tilgjengeleg. Ordninga er m.a.o. ikkje optimal ressursforvaltning. Det er og fleire personalmessige utfordringar knytte til mellombelse tilsetjingar.

### **Rapportering**

Det er sterkt ønskeleg at det gjennomgåande blir større samsvar mellom mål – resultat og rapporteringskrav. På enkelte område er det særskilte rapporteringskrav utanom årsrapport. Det er etter vår oppfatning unødvendig dobbeltarbeid både å rapportere særskilt og gjenta, eventuelt i forkorta versjon, i årsrapport til FAD. Målet må vera at det den einaste rapportingsmåten skal vera gjennom årsrapporten.

### **Vidareutvikling av fylkesmannsembeta**

#### **Auka spesialisering/ressurembete**

Det bør vurderast auka spesialisering av dagens oppgåver mellom embeta, særleg der det er "stor-driftsfordelar"

eller "fagleg kritisk masse". Eksempel på det fyrste kan vere førarkortsaker, fri retts-hjelp og separasjon/skilsmisssaker. Eksempel på "kritiske massesaker" kan vere tilsyn med spesialisthelsetenesta

## Ei meir samordna regional statsmakt

Det er på fleire måtar eit betydelig problem det svært fragmenterte regionale statsapparatet. Eit slikt system kan neppe vera ressurreffektivt med spreidd kompetanse, med forvaltningseiningar med ulike administrative grenser, med til dels overlappende oppgåver. Det ligg her ei klår utfordring i å sjå på eit meir samordna og heilskapleg system. Eit anna problem med denne strukturen er det demokratiske. For kommunar og andre blir systemet uoversiktleg og det kan vera vanskeleg å finna den rette eigar til eit problem. Vi viser og til omtalen nedanfor under avsnitt 2.1. *Generelle samordningsoppgåver. Fornyning av offentleg sektor.*

Vi vil gjere framlegg om to måtar å styrkja samordning av staten sine oppgåver ovanfor t.d. kommunar og borgarar.

### *Fleire regionale statlege oppgåver til Fylkesmannsembete*

Det bør vere ei kontinuerleg vurdering om fleire av dei sjølvstendige regionale statlege oppgåvene kan leggjast til Fylkesmannsembeta. Det vil gi ei betre samordning og ein meir einskapleg regional stat, jfr. det som er målet i Fylkesmennes samordningsinstruks og det som kjem frå i stortings-meldinga om tilhøvet mellom staten og kommunane. Utifrå erfaringar i Hordaland gir det rasjonaliseringsgevinstar og synergjar som til dømes gjer at ein kan få meir gjort for same ressursinnsats. Eit eksempel kan vere IMDI som manglar den sterke kontakten med kommunane som Fylkesmannsembetet har, og som er nødvendig for busetjing av flyktningar. Noko kan oppnås med samarbeid, men vi meiner at innlemming av oppgåvene hos Fylkesmennes vil gi betre føresetnader til å løysa oppgåvene, med Fylkesmannen nære kontakt med kommunane, kunnskap om økonomi, nærleik til det kommunale politisk system, kunnskap om organisatoriske tilhøve i kommunane. Eit anna eksempel kan vere NVE med openbare synergjar med beredskapsarbeidet og miljø/klima oppgåvene. Sidan mange av dei regionale statlege oppgåvene utanfor fylkesmannsembete dekker fleire fylke, kan oppgåvene eigne seg for spesialisering mellom fylkesmannsembeta.

Vi ser derfor svært positivt og med spaning på den invitasjon som er sendt frå Miljøverndepartementet om samordning av statlige motsegner til kommunale planer, jf. MDs brev av 28.02.2013.

### *Direktorat/nasjonale oppgåver lagt til embeta*

Fylkesmannen i Hordaland har god røynsle med direktorat/nasjonale oppgåver lagt til embete ved opplæring i Kriminalomsorga. Oppgåvene vert utført på eit høgt fagleg nivå med lav ressursinnsats (tre årsverk). Det er fleire føremoner å flytte oppgåver frå sentrale direktorat til fylkesmannsembeta rundt i landet. Rekruttering av fagfolk frå universitet/høgskular frå fylkeshovedstadar gir fagleg dyktige medarbeidarar. Til dømes er juristar "billigare" i Bergen enn i Oslo på grunn av arbeids-marknaden for juristar. Statleg desentralisering "innanfor" etatane vil vere vesentleg meir smertefritt enn flytting av heile institusjonar (med rot). Prinsippet bør og vurderast utanfor FM-systemet. Skatteetaten kan desentralisere vesentleg innanfor eigen etat.

Vi vil her gjere framlegg om at slik regionalisering vert vurdert t.d. som prøveprosjekt for m.a. desse oppgåvene innan velferd, helse og tenesteyting:

- førerkortsaker
- tilskot til etter- og vidareutdanning
- behandling av pasientrettsklager på utvalde område der talet på saker i kvart fylke er lågt og lokalkunnskap ikkje er avgjerande for behandling av sakene
- tilsyn med spesialisthelsetenesta.

## Innsyn

Embetet legg til rette for at informasjon skal vere offentleg tilgjengeleg. Etter innføringa av Offentleg elektronisk postjournal (OEP) i 2011 har vi hatt ein stor auke i krav om innsyn.

Innsynskrav via OEP	2012	2011	2010
	5584	2565	344 (manglar tall for hele året)



I tillegg kjem krav om innsyn meldt inn gjennom e-post/postmottak og ved brev som vi ikkje har talfesta. Embetet bruker store ressursar til handtering av innsyn.

Samla sett går det minst ein stilling med til dette arbeidet. Eit system for fulltekstpublisering vil redusere ein del av innsynskrava. Vi ser fram til at dette vert implementert i embeta. Fylkesmannen har laga ein prosedyre for å sikre rett handsaming av innsynskrav som er gjort kjent for avdelingane. Desse skal sikre at ein alltid vurderer meiroffentlegheit samstundes som ein må hindre at ein sender ut personopplysningar eller annan sensitiv informasjon.

### **Journalførte dokument inn/ut i 2012**

Tal på inngåande dokument: 38446. Tal på utgåande dokument: 24232.

## **1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold**

### **Merknad til kap. 1510:**

**MD** viser ein auke på omlag 3,5 mill kroner. Dette skuldast omorganiseringa der planstillingane (4 frå LA og 5 frå MVA) vart overført til KSA. Ca. 5 mill kroner under MD ligg på KSA. MVA har ein stilling på kap. 1510 post 21 som ikkje kjem med her. **KD** viser ein auke på ca. 2 mill kroner. Dette skuldast rammeoverførte midlar. Endringane på dei øvrige fagdepartement skuldast m.a. foreldre- og sjukepengrefusjonar samt lønnsauke. Under **Andre** viser denne ein reduksjon på ca. 2 mill kroner. Dette skuldast m.a. at diverse inntekter er teke med i år og at administrativ kostnadsdekning var høgare, tilsaman utgjør dette ca. 1,8 mill kroner. Rekneskapen på kap. 1510 post 01 for 2012 viser eit meirforbruk på kr. 46 145.

### **Merknad til Fagdep:**

På **KD** utgjør kr. 11 927 467 godtgjersle til sensorar. Auken på JD skuldast Vergemålsprosjektet. For **HOD** utgjør kr. 4 214 315 godtgjersle til kontrollkommisjonane, denne er omlag 2 mill kroner høgare enn i 2011.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
Miljøverndepartementet	kr 17 221 694,55	kr 2 954 118,66
Landbruks- og matdepartementet	kr 12 830 937,01	kr 0,00
Kunnskapsdepartementet	kr 9 618 108,65	kr 12 481 633,27
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 4 179 723,48	kr 0,00
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 4 133 861,27	kr 1 137 974,62
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 6 517 698,06	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr 2 041 468,23	kr 911 191,27
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 15 981 025,95	kr 8 355 283,44
Andre	kr 29 592 891,51	kr 0,00
Sum:	kr 102 117 408,00	kr 25 840 201,00

## **1.3 Andre forhold**

### **Miljøtiltak**

Fylkesmannen følgjer opp handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Vi har inngått kontrollmedlemskap i Grønt Punkt Norge AS. Med dette stiller vi krav til leverandørane våre om at dei er medlem av ei returordning for emballasje, eller oppfyller vilkåra ved eiga handsaming av emballasje på ein miljøvenleg måte.

I Statens Hus har vi inngått samarbeid med huseigar Entra Eigendom AS om miljøeiings-system. Hausten 2012 starta vi arbeidet med sertifisering som Miljøfyrtårn. Målsetjinga er å bli miljøfyrtårnsertifisert våren 2013. Vi har saman med huseigar signert "Grøn fordelsavtale" som inneber ein energireduksjon på omlag 250 000 kWh i året for Statens hus. Det svarer til 15 prosent av energiforbruket i bygget. Fordelsavtalen inkluderer alle aspekt ved forvaltning, drift og bruk av egedomen. Det er sett i verk tiltak for energisparing knytte til varme og lys, miljøvenleg avfallshandtering og val av miljøvenlege byggjematerialar. Fylkesmannen skal saman med Entra prioritere miljøaspektet og alltid ha miljømessige belastningar med i vurderinga når det gjeld bruk av lokala. Minst ein gong kvart år skal vi saman gå gjennom miljøstatus og oppfølging av tiltak.

Embetet har ei målsetning om å redusere tenestereisane. Ein skal alltid grunngje om det er naudsynt å reise eller om ein i staden kan gjere nytte av telefonmøte og videokonferanse. Alle tenestereiser skal gjennomførast på billegaste og snaraste måte, og mest mogleg trygt og miljøvenleg. I 2012 gjekk embetet inn på leasingavtale av ein Volvo C50 som eit tiltak for å redusere reiseutgiftene i embetet.

### **Innkjøp**

Vi har utarbeidd tenlege rutinar og støttesystem i eigen organisasjon som sikrar at risikoen er låg for brot på regelverket for innkjøp. Vi har eigen innkjøpskoordinator som kvalitetsikrar og rådgjer i innkjøpsprosessar. Vi har inngått innkjøpsavtale med Bergen kommune om reiser, kontorrekvisita, kontormøblar og hotell/konferanseavtale.

### **Informasjonstryggleik**

Fylkesmannen har utarbeidd eit opplegg for trygg handtering av informasjon basert på malen frå Informasjonstryggleiksprosjektet. Det er ein del av embetet sitt interkontrollsystem. Arbeidet med ROSanalyse og vidareutvikling av systemet for informasjonstryggleik er lagt til embetet sitt tryggleiksutval som vil halde fram i 2013. Alle tilsette har underteikna instruks for trygg handtering av informasjon.

### **Lærlingar**

Embetet har ikkje hatt ressursar til å prioritere inntak av lærlingar i 2012.

### **Internkontroll**

Det er utarbeidd ei lang rekkje internkontrollrutinar for embetet. Desse er no under ajour-føring. Dei vil bli publiserte internt på ein slik måte at dei er lett tilgjengelege for dei tilsette.

### **Etikk**

Det er halde allmøte om generelle forvaltningsetiske spørsmål. Det skal vurderast om det dei interne etiske retningsliner våre frå 2002 skal endrast. Det er òg eit mål at arbeidet med etiske spørsmål skal vidareførast i avdelingane i embetet.

### **Avlevering av arkivmateriale til Statsarkivet**

Embetet avleverte hausten 2013 nær 1800 hyllemeter med arkivmateriale til Statsarkivet.

## Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

### 2.1 Generelle samordningsoppgaver. Fornyning av offentlig sektor

Samordning av statleg politikk overfor kommunane er vanskeleg ikkje mist på grunn av den fragmenterte statsmakta på regionalt nivå. Oppdraget er omfattande, og vanskeleg å konkretisere. Fylkesmannen manglar også maktmiddel på dei fleste områda som kan settast bak ein slik sam-ordning av statleg politikk overfor kommunane.

Hos Fylkesmannen i Hordaland er samordninga søkt ivaretatt både internt og eksternt.

Internt har diverse formelle møteplassar som leiarmøte, planmøte, nettedaksjon og tilsynsgrupper meint å sjå til at samordninga vert god nok. I tillegg kjem ein del meir uformelle, men viktige, kontaktpunkt i det daglege. Det er også verd å nemne at det vert arbeida med ein informasjons-database om kommunane, som skal beskriva stoda i alle kommunane i fylket, kva vi gjer på dei forskjellige felta.

Eksternt er samordninga særleg konkretisert gjennom planforum, tilsynsforum og Fylkesberedskaps-rådet, men også ved møter og sakshandsaming med og mot andre statlege etatar ovanfor kommunane.

Det vert også lagt mykje innsats i kurs og konferansar med deltaking frå kommunar og andre stats-etatar, samt ein årleg samling for alle statsetats- og kommuneleiing.

Eit konkret døme på korleis ein kan samordne statleg politikk overfor kommunane er busetting av flyktningar, der Fylkesmannen, IMDI, Husbanken og KS møtes for å sjå på løysingar i ein svært pressa situasjon. Dette dømet er ikkje eineståande.

Gjennom kursverksemd, møter og dagleg sakshandsaming og rettleiing vert oppdraget med å rettleie kommunar i bruk og forståing av lovar og deira sakshandsaming løyst.

Fylkesmannen stiller opp i alle fora der kommunal fornying er drøfta. Vidare vert det sett av ein stor del av skjønnsmidlane til prosjekt som kan fornye kommunesektoren.

Fylkesmannen er nøgd med både oppdraget og korleis vi løyser vår plikt om rettleiing, informasjon og sakshandsaming kva gjeld kommuneøkonomi. Vi er også aktive kva gjeld bruk av KOSTRA og rettleiing på området.

Vi viser også til omtalen ovanfor om *Vidareutvikling av fylkesmannsembeta*.

### 2.2 Velferd, helse og personlig tjenesteyting

Fylkesmannen i Hordaland har utført oppdrag i embetsoppdrag 2012 frå Barne- og likestillings-departementet, Arbeids- og velferdsdirektoratet, Helsedirektoratet og Helsetilsynet. Vi har så langt som råd søkt å samordne tiltak og sjå dei ulike oppdraga i samanheng. Detaljerte resultat- og rapporteringskrav gjer at vi ikkje i stor nok grad får frigjort ressursar til oppgåver som burde fått større merksemd. Tiltak for å skaffe rett fag- og leiarkompetanse er ei særskilt aktuell problemstilling i alle sektorar av velferdstenestene.

Vi meiner det frametter bør leggjast større vekt på at det store behovet for fleire bustader til grupper som ikkje har stor kjøpekraft, fleire utleigebustader og tilrettelagte bustader for personar med psykisk sjukdom og rusmiddelavhengige.

Iverksetting av samhandlingsreforma har medført stor merksemd på utskrivingsklare pasientar og kommunal medfinansiering. Satsting på folkehelse, som sentralt verkemiddel for å sikre berekraft, har hittil ikkje fått nødvendig merksemd og prioritering. Informasjonsutveksling er avgjerande i sam-handling mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta. Elektronisk meldingsutveksling er lite utbreidd og det trengst tiltak for å få fortgang i arbeidet med utbreiing av meldeordningar og tenlege elektroniske pasientjournalssystem.

Vi meiner at det er grunn til å vurdere om fleire av oppgåvene fylkesmennene utfører kan delfinansierast ved gebyrordningar, til dømes førarkort.

## 2.3 Oppvekst, barnehager, utdanning og likestilling

Embetet er einig med Udir i at tilsyn med barnehage og skole må vere ein viktig del av ein strategi for å sikre at lov og føresegner vert følgt i kommunane. I 2012 har embetet prioritert å nå omfangskravet for tilsyn på både skole- og barnehageområdet.

Udir har formulert at tilsyn skal ha som mål å auke kunnskap om regelverket og bidra til at praksis er i tråd med regelverket. Etter vår vurdering vil denne målsettinga krevje at gjennomføring av tilsyn vert følgt opp med godt informasjon- og rettleiingsarbeid frå embetet si side. Dette har vi ikkje hatt til-strekkeleg kapasitet til i 2012. Vår vurdering er at vi kunne tatt ut eit større læringspotensiale om rettleiing hadde vært prioritert høgare. Hordaland har mange kommunar, fleire av dei med små fagmiljø. Dette har ført til at mange kommunar har etablert tett samarbeid og at dei prioriterer erfaringsdeling på skole- og barnehageområdet høgt. Om vi prioriterer oppfølginga etter tilsyn høgare enn vi har klart i 2012, og opererer med eit noko utvida tilsynsomgrep som legg vekt på rettleiing og arbeidsprosessar i for- og etterkant av tilsyna, trur vi at vi vil vere med å styrke Udir sitt mål om betre oppfølging av lov og regelverk på ein god måte.

Konklusjonen vår på tilsynsområdet er at embetet si ressursprioriteringa i 2012 knytt til tilsynsarbeid er fornuftig, men at innrettinga i embetsoppdraget bør endrast. Etter vår vurdering er det fornuftig å redusere kravet til talet på tilsyn. På den måten får embetet eit større ansvar for å vurdere korleis rettleiing, arbeidsprosessar i forkant og etterkant av tilsyn, og ikkje minst korleis ein kan involvere fleire kommunar i såne prosessar, best kan støtte opp om målsettinga.

Både på barnehage- og skoleområdet er det stort behov for rettleiing. Dette gjeld lov og regelverk, men embetet har registrert at mange kommunar har ei noko uklår forståing av korleis nasjonale satsingar er organisert, kva kommunane er forplikta på, og kva satsingar kommunane kan nytte seg av. Eit døme her er organiseringa av GNIST-partnerskapet og oppfølginga av Meld. St. 22 «Ungdoms-trinnsmeldinga». Embetet har brukt mykje tid på å orientere kommunane om korleis ulike satsingar er organisert, korleis ansvarlinene er lagt, og på kva måtar kommunane, nettverk, partnerskap, prosjekt og fylkesmannen deler mål og ansvar.

Vår vurdering er, særleg i dei mindre kommunane med få kommuneadministrative fagstillingar, at det er avgjerande at embetet, men og nasjonalt nivå, bidrar til å avklare for kommunane korleis sentrale satsingar er kopla til førande grunnlagsdokument og målsettingar.

Talet på klager etter forskrifta om likeverdig behandling har auka dramatisk i 2012. Embetet har ikkje klart å handsame alle klagen innanfor frist. Dette til tross for at embetet har høg kompetanse på området, og at det er prioritert store ressursar til arbeidet. Vi har tru på at sakshandsaminga skal gå noko lettare når vi har avslutta saker etter gamal forskrift. Vidare einer vi rettleiing og regelverks-amlingar for kommunane framleis må ha høg prioritet i 2013.

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med barnevernstenestene i samsvar med embetsoppdraget 2012. Samordning av tenester til utsette barn og unge er teke opp i fleire møte dei to siste åra og ved planlagde tilsyn med kommunale tenester. I 2012 utarbeidde vi informasjonsbrosjyre om tilsynet for barn i barnevernsinstitusjonar slik at dei har informasjon om korleis dei kan kontakte oss.

Det er stort behov og potensiale for av utvikling kommunal styring med barnevernstenestene, mellom anna slik at undersøkingar og evalueringar av hjelpetiltak sikrar at barn og unge får medverke og at dei får rett hjelp til rett tid.

## 2.4 Arealdisponering, byggesaker og universell utforming

Oppdraget er fornuftig, men svært omfattande og krev stram prioritering. Vi bruker det meste av ressursane til fokus på overordna og heilskapleg planlegging, altså kommuneplanar og andre større planar. Det andre hovudfokuset vi brukar ein del tid på, er å medvirke til at kommunen skal følgje planene sine og unngå dispensasjonar.

Vi fekk nokre år midlar til eit prosjekt knytt til ulovleg bygging. Det kunne vore tenleg med vidare oppfølging av temaet, då Hordaland har mykje ulovlege tiltak, til dømes i strandsona. Slik det er no, har det ikkje vore mogleg å prioritere dette attåt det øvrige arbeidet knytt til plansituasjonen i fylket.

Arealdisponering, byggesaker og universell utforming er frå april 2011 samla i Kommunal- og

samfunnsplanavdelinga. Frå same tid har ein samla plankompetanse frå andre fagavdelingar i den same avdelinga, i lag med beredskapskompetansen. Vi freistar med denne organiseringa, med kunnskap «på tvers», å få til ein heilskapleg tolking og praksis etter plan- og bygningslova og ein medvete beredskapskultur hjå Fylkesmannen og i kommunane. Vi opplever at denne organiseringa har vore eit godt grep.

På plansida bruker vi det meste av ressursane på saker som gjeld overordna planlegging i kommunane. Det andre hovudfokuset vi brukar ein del tid på, er å medverke til at kommunen skal følgje planane sine og unngå dispensasjonar. Vi legg vinn på tidleg kontakt med kommunane i planprosessane for råd og rettleiing i høve til nasjonal politikk og føringar for god og berekraftig samfunnsutvikling. Vi legg i desse prosessane til dømes særleg stor vekt på strandsonerforvaltninga, vern av dyrkbar jord og dei nasjonale måla for utvikling/fortetting av bustadområde med gode kvalitetar.

Vi ser at talet på dispensasjonar i kommunane har gått klart ned i 2012.

Vi var ved utgangen av 2012 nede på 12 veker sakshandsamingstid i klagesaker etter plan- og bygningslova. For å greie dette, har vi vore nøydde til å skjere ned på andre oppgåver i periodar. Vi er svært sårbare i høve til at saksmengda på byggjesaksklager varierer mykje frå månad til månad.

## 2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Forvaltningskontroll av kommunane er den viktigaste del av kontrollarbeidet til Fylkesmannen på landbruksområdet og ei prioritert oppgåve for fylkesmannen. Etter kontrollane som blei gjennomført i 2012, er det no gjennomført forvaltningskontroll av alle kommunane i fylket i løpet av fire år. Forvaltningskontrollane omhandlar alle tilskotsordningane innan jord og skog samt kontroll ift jord- og konsesjonslov. Det er vert ei viktig oppgåve for oss å bygge opp tilstrekkeleg økonomisk/juridisk kompetanse for å handtere dette krevjande saksfeltet.

I 2012 blei det utarbeidd nytt *Regionalt bygdeutviklingsprogram* i samsvar med Landbruksmeldinga (St.meld. 9 2011-2012), her under *Regionalt næringsprogram* for landbruket i Hordaland, gjeldande frå 2013-2017, *Regionalt miljøprogram* og *Regionalt skog- og klimaprogram*. I næringsprogrammet er det valt å konsentrere innsatsen om dei viktigaste produksjonane i Hordalandslandbruket: mjølk/ kjøtt, sau, frukt og skog. Regionalt er det eit grunnleggjande skilje mellom ytre del av fylket som er knytt til olje/gass/tenstesektoren og indre strøk – der landbruket har eit viktig næringsmessig rolle. Det er ei stor utfordring å legge til rette for utviklinga i den delen av fylket som ligg i ”oljeskuggen”. Det faktum at fylket har Bergen kommune og kringliggjande vekstkommunar innanfor sine grenser, bør ikkje medføre avkorting av landbrukspolitiske verkemiddel.

Det er på plass eit tettare tverrfagleg samarbeid mellom helse, utdanning og landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen på området Inn på TUNET og det er beslutta å lage eigen handlingsplan for aktiviteten på dette området når den nasjonale handlingsplanen er ferdig.

Fylkesmannen har utvikla gode kontaktar til dei ulike forskingsmiljøa i Bergen. Eit samarbeid er på plass med UiB og HIB for i større grad å nytte mastergradstudentar til å ta masteroppgåver innanfor ulike saksområde på embetet. Det er også initiert møteplass mellom FoU-miljøa, Samarbeidsutvalet for landbruk i Hordaland og Sogn & Fjordane, og det offentlege for å styrke samarbeidet innan forskning og utvikling.

Vi held god kontakt med kommunesektoren både i form av dialogmøter og kursaktivitet. Det er viktig å formidle behovet for kapasitet og kompetanse på landbruksområdet i kommunane og vi oppmodar til interkommunalt samarbeid der det ligg til rette for det. Vi må slå fast at det er tungt for enkelte kommunar å oppretthalde god bemanning og kompetanse på dette feltet, enten det gjeld forvaltningskapasitet eller utviklingsressursar. Denne utviklinga er nok felles for fleire fylke, og tida er moden for at LMD ser på tiltak for å ta fatt i denne store utfordringa. Kommuneleddet er ein sentral aktør i gjennomføringa av den nasjonale landbrukspolitikken.

Det er tett kontakt med fylkeskommunen og Innovasjon Norge ift lokalsamfunnsutvikling og felles innsats for å utvikle nye bygdenæringar i fylket. Utviklinga av lokal matproduksjon har fortsatt høg aktivitet i fylket og Matfestivalen i Bergen er eit sentralt tiltak for å synleggjere det store matmangfaldet. Det er sett i gang eit arbeid for felles matstrategi mellom blå- og grøn matsektor som vert ferdig innan utgangen av 2013.

Etter moderniseringa av Granvin Bruk i 2011/2012, er det no etablert ei komplett verdikjede på skog. Skogplantinga på femtitalet er i hovudsak vellukka og no leverer dette sagbruket trelast til husbygging over heile fylket. Den store utfordringa no er at av 10.000 skogeigarar som er i fylket, er det berre årleg bevegelse på

500 skogkontoar dvs. 2 % av eigedomane. Skogsektoren har ein svær ut-fordring ift struktur og storleik på eigedomssida.

Etter stor innsats i frå m.a. vårt embete, er det omsider laga eit utviklingsprogram for regional og lokale parkar i regi av KR D. Konseptet landskapsparke r er interessant for bygdeutvikling og det er viktig oppgåve nasjonalt å bidra til å vidareutvikle dette programmet.

Mange eigedomar vert lagt ned i vårt område samstundes som det er etterspørsel etter landbrukseigedomar og bustader i bygdene. Mange drivande bønder har behov for tilleggsareal i rimeleg nær-leik både for å utvide drifta og sikre seg beite. Vårt fylke har i utgangspunktet eit strukturproblem ved at eigedomane er små, innretninga av landbrukspolitikken forsterkar dette. Forslag til endringar i jordlova kan vere eit tiltak for å løyse opp i dette strukturproblemet, men med utgangspunkt i eigedomsstrukturen langs kysten og nordover, bør det gjennomførast ei grundig analyse av dagens til-stand. Med utgangspunkt i SLF sin statistikk og Skog og landsskap sine overvakingar/kartdata, burde det kunne vere muleg å utvikle eit system og tilhøyrande verktøy for å fange opp utvikling og status – også på dei nedlagde bruka

#### Naturressursforvaltning og miljøvern

Avdelinga har i hovudsak gjennomført dei prioriterte oppgåvene i 2012. Summen av oppdraga i embetsoppdraget frå miljødirektorata ligg godt over kapasiteten slik vi er dimensjonert etter tildelte ressursar.

#### Sårbar forvaltning av naturmangfaldet

Reduksjon i faste årsverk på kapittel 1510 og overgang til prosjektstillingar innan naturforvaltning har redusert handlingsrommet. Prosjektstillingar er sårbart og krev opplæring av nytt fagpersonell som vert tilsett på kortvarige kontraktar frå fagkapittel. Samstundes er oppgåvene varige. Dette har med-verka til at dei sentrale krava til forvaltningsplanar ikkje vart nådd i 2012. Samstundes har vi prioritert arbeid med å følgje opp tiltak i allereie vedtekne forvaltningsplanar. Det er og mykje arbeid med nye faggrunnlag for utvalde naturtypar og prioriterte artar. Eitt av fleire område som er skadelidande er forvaltninga av Hardangervidda nasjonalpark.

#### Stor aktivitet innan vass- og energiforvaltning

Fornybardirektivet har ført til mange søknader om kraftutbygging i Hordaland dei siste åra. Horda-land ligg på landstoppen i talet på utbyggingssøknadar for nye småkraftverk. Det er og høg aktivitet knytt til arbeidet med vassforskrifta. Vårt arbeid med revisjonar av eldre vassdragskonsesjonar er så vidt starta opp, men vert viktigare i åra som kjem. Det same gjeld oppfølging av naturforvaltnings-vilkår i eksisterande kraftkonsesjonar. Samla er desse oppgåvene å sjå på som varige utan at det dei seinare åra er tilført ressursar til å løyse dei utover prosjektmidlar til 2/3 årsverk til vassforskrifta fram til 2014. Samstundes aukar direktorata kapasiteten. Behovet for å løyse desse oppgåvene aukar i åra som kjem.

#### Miljøgifter i grunnen og på sjøbotn

Det statleg prioriterte fagområdet forureina grunn og sediment er også eit område som ligg etter planane. Forureina grunn ligg etter med bakgrunn i kapasiteten på avdelinga. Når det gjeld sjø-sediment er derimot avdelinga ajour. Tiltak på lokalitetane trekk ut i tid på grunn av finansierings-problem mellom partane i oppryddingsarbeidet. Dessutan har forundersøkingar både i Sørfjorden og i Bergen hamn trekt ut i tid, men er no ferdige.

#### Aukande aktivitet innan forureiningstilsyn

Forureiningstilsynet nådde målkravet i 2012 for planlagde tilsyn og gebyrinntekter. Ein omfattande innsats og 3,2 gebyrfinansierte stillingar gjorde at måla i tilsynsplanen vart nådd. Gebyrinntektene er på 2,5 millionar kroner. Val av tilsynsobjekt vert gjort i tilsynsplanen med bakgrunn i ei risiko-vurdering.

Gebyrsystemet er likevel sårbart, ved for eksempel permisjonar og langtidssjukemeldte. Inntektene i form av gebyr ved tilsyn står ikkje i forhold til arbeidsmengda ved tilsynsaktiviteten. Ein bør differensiere gebyra meir og utjamne inntekter over fleire år.

#### Utfordringar med ny nettportal

Omlegginga til ny nettside for fylkesmannen.no har vært utfordrande på grunn av lite opplæring, tekniske problem og manglande felles forståing for korleis vi skal tenke informasjon i den nye strukturen. Dette har mellom anna ført til at sida om fiskereglar, vår mest besøkte nettside med fast informasjon, enda ikkje er overført til den nye nettsida, og færre miljønyheiter.

#### Opplæring i naturmangfaldlova

Fylkesmannen har gjennomført eit omfattande opplæringsprogram retta mot kommunane i Hordaland, med om lag 250 deltakarar. Lova er relevant for alle sektorar som har aktivitet som kan påverke naturmangfaldet. Det er framleis trong for opplæring.

### Sterkere nasjonale krav i klimaarbeidet

Vi har lenge etterlyst klarere oppdrag for å få ned norske klimagassutslepp per capita. Det vert i dag ikkje nytte gode oppdaterte statistiske data på utviklinga i klimagassutslepp for å styre samfunns-utviklinga lokalt og regionalt. Data som vert nytta er fleire år gamle.

### Regionalt miljøvern 30 år

1. september 2012 var det 30 år sidan miljøvernavdelinga vart oppretta som ein del av fylkes-mannsembeta. Dette vart feira med jubileumskonferanse på Bergen kino 26. oktober 2012 med nærare 180 påmeldte.

## **2.6 Samfunnssikkerhet og beredskap**

Fylkesmannen freistar innanfor dei rammene vi har, å samordne samfunnstryggleiks- og beredskaps-arbeidet i fylket så godt som råd. Vi følgjer opp kommunane med systematiske tilsyn og øvingar. Samstundes freistar vi å vere pådrivar og gje best mogleg og tilpassa opplæring og rettleiing av kommunane innan feltet. I samband med planarbeidet legg vi stor vekt på at kommunane gjennomfører ein heilskapleg ROS-analyse.

Embetsoppdraget femner for vidt sett i høve til tildelte ressursar. Difor er det naudsynt å prioritere hardt mellom oppgåvene. I tillegg er Fylkesmannen si rolle med omsyn til krisesituasjonar uklår. Det er, slik vi ser det, m.a. ikkje samsvar mellom lovmessige føringar og forventningar i embetsoppdraget. I tillegg er det òg for mange og urealistiske forventningar i samfunnet til kva rolle Fylkesmannen skal ha i krisesituasjonar. Vi har difor i arbeidet med revisjon av eigen kriseplan sett behov for å definere vår rolle i beredskapssituasjonar.

*Fylkesmannen si primæroppgåve er å vere bindeledd, dvs. å koordinere <sup>[1]</sup> informasjonsflyt, mellom sentrale og lokal aktørar. Utover dette har Fylkesmannen ei tilbaketrekt rolle der hovudoppgåva er å overvake situasjonen og sjå til at dei aktuelle aktørane ("krise-eigarane") gjer det dei skal gjere og tek det ansvar dei faktisk har for å handtere situasjonen på ein adekvat måte. Om naudsynt kan Fylkesmannen gripe inn og rettleie aktørar som ikkje agerer i samsvar med forventningane. Berre unntaksvis vil det vere aktuelt for Fylkesmannen å ty til samordning med referanse til samordningsinstruksen.*

FMHO har m.a. vald å prioritere ned arbeidet med dam-tryggleik og det som gjeld oppfølging av eigarar og redningsapparat nedstrøms.

Skuleskyting inngår i JBDs embetsoppdrag, medan vi ikkje ser tilsvarende i KUFs embetsoppdrag. Det finn vi uheldig når vi skal koordinere innsatsen om denne oppgåva.

Å øve åtte- ni kommunar årleg på ein til ein basis er sær sressurskrevjande dersom vi skal lage gode øvingar, noko vi bør gjere for ikkje å miste truverd. Vi vil vanskeleg klare å nå dette målet, og må fortsatt i nokon grad basere oss på fellesøvingar.

Å overta tilsynsansvaret for brannvesena er ei oppgåve som, viss den skal gjennomførast, må følgjast av ressursar og tilstrekkeleg kompetanse.

[1] For å unngå mistydingar, har vi konsekvent nytta omgrepet koordinering i staden for samordning i vår plan for handtering av beredskapssituasjonar med mindre vi faktisk refererer til samordning jf. samordningsinstruksen.

## **Kapittel 3 - Resultatområder**

### **Kongehuset**

#### **00.1 Kongelige besøk**

I 2012 bistod Fylkesmannen i Hordaland ved seks besøk over åtte dager:

H.M. Kongen til Ski-NM på Voss 25. og 26. januar

DD.MM.Kongen og Dronningen og DD.KK.HH. Prinsen av Wales og Hertuginnen av Cornwall på offisielt besøk 21. mars

H.K.H. Kronprins Haakon til Stend Videregående skule (GD) 2. mai

DD.MM. Kongen og Dronningen til Bergen 23. og 24. mai for åpningsseremonien for Festspillene i Bergen, kommunal festlunsj, møte med befolkning og korpsbevegelsen, åpningsforestilling, utstillingen "Gavebordet" og åpning av Festspillutstillingen.

H.K.H Kronprinsesse Mette-Marit til Bergen 6. juni. Utdeling av Holbergprisen og besøk på senter for krisepsykriatri.

H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marit til Bergen for skipsdåp

Det går med en del ressurser ved besøk fra Kongehuset, men det varierer veldig. I år var det offisielt besøk fra Storbritannia som krevde mest arbeid, fulgt av Ski NM på Voss (grunnet avstand). Festspillene er, til tross for sin kompleksitet, et besøk det ligger en god del rutine i også fra vertskapene sin side.

#### **00.2 Tildeling av ordener og medaljer**

I 2012 kom det inn 42 søknadar om Kongeleg påskjøning. Av desse var 3 søknadar om St. Olavs orden.

### **Miljøverndepartementet**

#### **Resultatområde 01 - 06 Naturmanfold, vannforvaltning og forurensning**

##### **Positiv utvikling innan frivillig skogvern**

Hordaland heng framleis noko etter når det gjeld frivillig skogvern, i hovedsak forårsaka av forhold som ligg utenfor fylkesmannsembetet og som vi heller ikkje kan styre. Det gir imidlertid liten grunn til uro, ettersom samspelet og felles forståelse om utfordringane mellom involverte aktørar aldri har vore betre. Verdifulle biologiske kvaliteter går difor ikkje tapt som følge av mangelfull framdrift.

Ånuglo statsskog vart kjøpt av Direktoratet for naturforvaltning i 2012. Dette gir ein heilt unik mulighet til å reetablere store skogfaglege verdiar i dette rike området, og arbeidet med å utforme ein verneplan etter naturmangfaldlova er sett iverk. Reetableringsprosjektet har imidlertid ein lang tidshorisont, ettersom desse øyane i Sunnhordland i dag er sterkt prega av tidligare tiders skogplanting med ikkje-stadeigne artar.

Dei kandidatområda til frivillig vern som ligg først i løypa er Heltveit/Bjørge i Lindås og Skarvatun i Kvinnherad.



Vi ventar at desse vert slutthandsama og verna i 2013. Det samme gjeld prestegardsskogen i Lofthus i Ullensvang som tilhøyrrer Opplysningvesenets Fond. Dette skuldast pågåande arbeid i 2012. I tillegg er det iverksatt initiativ for å inkludere ein ny og så langt ukjent lokalitet på lista. Det dreier seg om eit større skogområde i Ullensvang kor vi kan ha fylkets eldste furuskog.

### **Forvaltning av verneområder**

Skjøtsel av etablerte verneområda har vore høgt prioritert, også i 2012. Omfattande innsats er lagt ned i Herdla naturreservat på Askøy. Her er det gjenskapt to våtmarker på areal som tidligare var drenert heilt ut, og området har vorte vesentleg betre skjerna mot turgåarar og hunder. Dei samla effektane av dei ulike skjøtselstiltaka i dette området begynner nå å bli tydelege, og dei er fullt i samsvar med forventningane og faktisk noko i overkant av det. Hekkebestanden av vipe er på kraftig retur over heile Europa, men på Herdla er utviklinga stikk motsett. Myrsnipa gjekk heilt ut som hekkefugl her i 1975 som følgje av dreneringstiltak. I 2012 hadde 2-3 par etablert seg i området, for første gong på 37 år og med større bestand enn den gongen. Dette er eineste lavlandsforekomst av arten på Vestlandet nord for Jæren.

Hordaland er ein internasjonal *stormakt* når det gjeld forekomst av treslaget barlind, med tilhøyrende forvaltningsutfordringar. Derfor prioriterer vi skjøtsel og forvaltning av våre 10 barlind-/kristtornreservat høgt. I 2012 vart eit omfattande skjøtselstiltak i Barlindflaten naturreservat ved Ålvik i Kvam slutført. Her vart omlag 800 m<sup>3</sup> med innplanta gran fjerna for å sikre naturleg vaksande barlind tilstrekkeleg lys og rom. Sjølve gjennomføringa av tiltaket vart organisert og gjennomført i regi av Statens Naturoppsyn. Resultatet vart vellukka, men dessverre vesenteig meir kostbart enn prosjektert, på grunn av sammenfall av fleire uheldige omstende.

Det er ein grunnleggjande visjon at norske verneområde skal vere minst mogleg prega av frammande artar, herunder utenlandske treslag. Mange verneområde i Hordaland har store utfordringar i så måte, særleg relatert til sitkagran og bergfuru. Hjartholmen naturreservat i Austevoll har ikkje denne utfordringa lenger. I dette sjøfuglreservatet vart 28 sitkagran fjerna i april 2012. Slikt er alltid krevjande på ein fjerntliggjande holme, og i eit sjøfuglreservat må virket fjernast og kvist og pas anten brennast eller kuttast til flis, ellers skaper vi eit bol for mink. Ei tilsynelatende overkommelig oppgåve — like fullt gikk 15-16 dagsverk med. Det set skjøtelsarbeid av dette slaget i perspektiv.

I 2012 vart det slutført forvaltningsplanar for Berge landskapsvernområde i Kvam, Otterstadstølen naturreservat i Modalen og Skogafjellet naturreservat i Bømlo. Desse er no til høyring. Vi har imidlertid restansar på nokon andre forvaltningsplanar, som vert slutført i 2013.

### **Nasjonalparkene — oppsving for Folgefonna, fortsatt krevande for Hardangervidda**

Norske nasjonalparker har generelt fått eit oppsving dei siste åra, ved at kommunar som har areal i ein nasjonalpark har fått tilbud om å overta forvaltninga i regi av (inter)kommunale forvaltningsstyrer. Kommunane rundt Folgefonna har tatt imot dette tilbudet, og dette har utløst ikkje ubetydelege økonomiske ressurser både til daglig forvaltning og tiltak. Blant annet er det oppretta ei stilling som sekretær for forvaltningsstyret. Nasjonalparkforvaltaren hadde sitt første heile virkeår i 2012. Stillinga er statleg finansiert og arbeidsgjevaransvaret er lagt til Fylkesmannen. Mesteparten av arbeidet vert utført med utgangspunkt i kontoret i Rosendal.

Om Folgefonna har fått eit administrativt oppsving, er situasjonen ein annen for vår andre nasjonalpark på Hardangervidda. Her har kommunane ikkje makta å samle seg om eit nasjonalparkstyre. Følgjeleg held den gamle ordninga fram utan at det er tilført ekstra ressursar til den daglege forvaltninga eller frie tiltaksmidlar. Dei tre involverte fylkesmannsembeta opplever situasjonen som vanskeleg, ikkje minst for Fylkesmannen i Hordaland, som har ein koordineringsfunksjon for den statlege forvaltninga. Den påkrevde saksbehandling vert utført løpande, men kapasiteten tillet ikkje å setje iverk eigne initiativ, og forvaltninga av eit av Noregs aller viktigste verneområde går på mange måter på *sparebluss*.

### **Utvalde naturtypar og prioriterte artar**

Dette er ein *vekstnæring* i norsk naturforvaltning, med stadig aukande engasjement og involvering frå norske fylkesmenn, ikkje minst i Hordaland. Mye arbeid er lagt ned ved embeta i 2012 i samband med utarbeiding av faggrunnlag for nasjonale handlingsplanar for naturtypane rik sumpskog og kystfuruskog, og likeledes for arten irsk hannelav. Rik sumpskog er ein utbredt naturtype i Noreg, men førekomstane er nesten utan unntak små og flekkvise. Vår innsats i 2012 har vore fokusert på administrasjon av eit omfattande arbeid med å kvalitetssikre data om dei ulike førekomstar på landsbasis som er lagt inn i Naturbase. Det er også investert stor innsats i metodeutvikling for ny kartlegging av denne naturtypen. Metodeutvikling og ny kartlegging har også vore sentralt i vårt arbeid med kystfuruskogen. Dette er ein særnorsk naturtype med hovedutbreiing på Vestlandet, og mest av alt i Hordaland. Vi har såleis eit ubetinga internasjonalt forvaltningsansvar for denne naturtypen.

I tillegg har vi videreført arbeidet med å følge opp nasjonal handlingsplan for arten dvergålegras, på landsbasis. I 2012 ble ein reinventering av alle norske forekomster slutført, i tråd med innhaldet i handlingsplanen.

Det har i 2012 blitt arbeidet særleg mykje med oppfølging av nasjonale handlingsplanar for trua artar som vert administrert frå andre fylkesmenn. Dette gjeld i særleg grad handlingsplanane for elvemusling og hubro. Begge desse artane har no omfattande oppfølging i Hordaland. Det er eksempelvis samla inn elvemusling frå alle våre vassdrag som enno har bestand av arten. Desse er satt i «avl» i eit mottaksanlegg på Austevoll, der individer som er avla fram under kontrollerte forhold skal vert sett tilbake til det opprinnelege vassdrag om 4-5 år. I mellomtiden skal vasskvaliteten i desse vassdraga betrast i tilstrekkeleg grad ved hjelp av målretta tiltak. Dette er krevjande, men nødvendige tiltak, aktualisert ved at kun 1 av våre 10 attverande bestandar av elvemusling i naturen er genuint livskraftig i dag.

### **Stor innsats for kulturlandskapet**

Vårt engasjement innan kulturlandskap krev nært samarbeid mellom landbruksavdelinga og miljøvern- og klimaavdelinga, eit samarbeid som heldigvis er godt utvikla og som stadig vert tettare. Dette er heilt nødvendig, for krava til oppfølging vert stadig meir omfattande i begge avdelingane sitt embetsoppdrag.

Drift av eit levande kulturlandskap skal blant anna ivareta det biologiske mangfaldet som er knytta til dei aktuelle naturtypene, noko som fordrar riktig — og ofte omfattande — skjøtsel. Dette er gjerne driftsformar som i dag har gått ut av bruk fordi dei ikkje er rekningsssvarande. Dermed krev utvalde lokalitetar omfattande oppfølging frå mellom anna offentlege instansar, inkludert Fylkesmannen, med store krav til samarbeid mellom involverte aktørar og riktig bruk av tilskotssmidlar. Saksfeltet legg derfor beslag på betydelig kapasitet hos begge avdelingane ved embetet.

I Hordaland er vi særleg engasjert i effektivering av nasjonale handlingsplanar for naturtypene kystlynghei og slåttemark, men og naturtypen haustingsskog seiler no opp og vil kreve innsats i dei kommande år. For tida følger vi 6 lokalitetar med kystlynghei opp aktivt med tilskot og skjøtelsrådgjeving i Hordaland, og tilsvarende 20 lokaliteter med slåttemark. Antallet er aukande.

### **Rovviltforvaltning**

Vi har det siste hundreåret hatt særst lite omfang av rovviltskade i Hordaland, og budsjetta som har vært tilgjengeleg for å kompensere for slike tap har vært svært små. De er fortsatt små, men innrapporterte og dokumenterte tap av villsau tatt av kongeørn auka vesentleg i 2012. Dette skriver seg utelukkende fra ett område i en del av Fitjarøyane. Her foregår det aktiv drift og landskapspleie ved hjelp av en småvokst og gammel villsaurase som en del av oppfølgingen av den nasjonale handlingsplanen for kystlynghei, samtidig som et par kongeørn har etablert seg sentralt i det samme området. Det har generert ikke ubetydelig tapstall av sau, med dertil hørende erstatningsutbetalinger, men ut over dette er konfliktnivået håndterbart. Det er lenge siden vi har hatt en slik situasjon i vårt fylke, men vi kan kanskje vente større omfang av slike tema framover ved videre oppfølging av handlingsplanen for kystlynghei.

### **Naturen er best naturlig**

Kampen for å motvirke spredning av fremmede arter i naturen intensiveres, selv om budsjетtrammene Fylkesmannen får tildelt til slikt arbeid har vært på samme lave nivå i flere år nå. Utfordringen er massiv i Hordaland som den er på hele Vestlandet, og den blir større og større for kvart år som går uten at vi kommer i gang med effektive, tverrsektorielle tiltak for å motvirke en eskalerende utvikling.

Utfordringa relaterer seg i stor grad til spredning av framande treslag. Det kom i 2012 en ny forskrift som stiller strenge krav til ny utsetting av utenlandske treslag i norsk natur. Nye søknader i Hordaland er så langt utelukkende forbundet med juletreplantasjer, og dette blir godt og konstruktivt håndtert at landbruks- og miljøvern- og klimaavdelingen i fellesskap. Hovedproblemet i dag er seineffekter av tidligere tiders massive utplanting av utenlandske treslag i vestlandsnaturen, og som i dag sprer seg ukontrollert i stor grad inn i en rekke viktige naturtyper. Mange av spredningsfeltene vil aldri bli økonomisk drivverdige, men det er særdeles krevende og kostbart å fjerne kildene til spredning. Problematikken blir så godt som råd forsøkt håndtert innenfor etablerte verneområder, men i forsvinnende liten grad utanfor desse områda.

De avgrensa økonomiske ressursane Fylkesmannen disponerer til å motvirke spreieing av framande arter i naturen, ble i 2012 – som tidligere år – prioritert på følgjande artar:

- Boersvineblom i Moster-området og ellers i søndre Bømlo
- Kjempespringfrø i Vosso-vassdraget
- Vestamerikansk hemlokk på Bergenshalvøya, og i noen grad også andre steder i fylket
- Vasspest og smal vasspest i Vigdarvassdraget, Sveio og Ådlandsvatnet, Stord

Tematikken rundt spredning av vasspest er en relativt ny og svært høyt prioritert utfordring i vårt fylke. All erfaring tilsier at vasspest er bortimot umulig å bli kvitt når den først har etablert seg i et vassdrag. Vi må uansett prøve på dette i de to vassdragene vi nå har fått påvist vasspest, men realismen tilsier at vi i alle fall må gjøre det som er mulig for å motvirke ytterligere sprenging fra disse to kildeområda.

### **Arbeidet med å berga Vossolaksen held fram**

114 000 smolt vart i 2012 slept ut og sluppen ulike stader i fjordsystemet, av desse stamma 24 000 frå Voss klekkeri og resten frå merdanlegget i Evangervatn. Tilsaman 54 000 smolt var merka med Coded Wire Tag (CWT), desse var ein del av merkeforsøket. All smolt utan CWT merke var behandla med Slice mot lakselus, blant smolt med CWT var det behandla og ubehandla grupper. Ny produksjon av smolt for slep i 2013 vart satt i gang. 2013 er siste år med slep av smolt frå Evangeranlegget. Frå 2014 vert det berre produsert smolt ved Voss klekkeri. Noko smolt vart merka med akustiske merker, samt sjøaure frå vassdrag i Osterfjorden.

Eit filmprosjekt om Redningsaksjonen vart satt i gang, har avtale med NRK om visning. Avhenging av støtte frå MD og DN. Laks som vart avliva i forsøksnøtene i sjøen vart solgt til oppskjøperar, og midlane frå salet satt inn på ein konto ved Voss klekkeri. Forvaltningsgruppa forvaltar midlane frå salet. Det vart for første gong tatt ut pengar frå BKK/Vossofondet til Vossorapporten. Uni Miljø er redaktør og DN oppdragsgjevar. Rapporten blir klar tidleg i 2013.

Det vart gjennomført forskingsfiske i vassdraget to helgar i juli/august. All fisk med CWT vart avliva, all anna villfisk sett ut att. Målet var å samle inn merker og å teste ut metodikk for mogleg fiske i vassdraget 2013.

Samanlikna med innsiget til vassdraget i 2011 var det nedgong i mengde mellomlaks som kom tilbake i 2012. Gytebestandsmålet vart nådd med god margin. Stamfisk frå sjø og elv vart tatt inn i klekkeriet. Rogn frå stamfisket skal etter planen plantast ut våren 2013.

Forskarmøtet på Fleichers Hotell på Voss vart gjennomført 6. -7. desember, med ope folkemøte om kvelden 6. desember med stort oppmøte.

### **Annan fiskeforvaltning**

Sakshandsaming etter laks og innlandsfiskelova. Gav 40 løyver til fiske etter anadromfisk, i hovudsak fiske etter rømt oppdrettsfisk, men og ulike prøvefiskeløyve og innhenting av anadrom fisk med elvemusling.

Vi har hatt overvaking med ruser i tjørnar ovanfor sperrene og registrerte for første gong ørekyt over sperrene i 2009. Overvakinga vart utvida i 2012, det vart lagt ut ruser opp til jordvollen ved Stigsuv. Vart ikkje registert ørekyt der. Etter synfaring meldte vi inn behov for reparasjon av sperrer ved Stigstuv og trong for å bygge to nye ved Hætjørn. Bygging av sperrer ved Hætjørn var planlagt gjennomført hausten 2012, men grunna forholda vart dette utsatt til 2013.

Fylkesmannen i Hordaland sit i styret for fiskefella i Etne, ein del av pilotprosjekt Hardangerfjorden. Mykje arbeid med dette mot slutten av året. Felletype vart valt og kjøpt frå California, kjem til Bergen i mars 2013. Oppdrettsnæringa har betalt store deler av fella.

### **Rotenonoppdrag i mai**

I mai fekk vi i oppdrag fra Direktoratet for naturforvaltning å iverksette tiltak mot ørekyt i Hardangervidda nasjonalpark. Søknad om bruk av rotenon vart sendt Klima- og forureiningsdirektoratet i slutten av juni med høyringsfrist 27. august 2012.

Dette er ein stor og krevande oppgåve ikkje berre i 2012, med gjennomføring i 2013 og 2014. Målet er å hindre at vassdrag på vestsiden av vassskillet blir infisert av ørekyte fra aust. Tiltak frå 1999-2000 har vore effektive fram til dei aller siste åra, men fiskesperrene frå den tida er ikkje lenger fullt funksjonelle. Det krev oppgradering av sperrene (påbegynt 2012) og ny rotenon-aksjon (2013 og 2014). Vestlandsvassdraga har frå naturens si side få fiskeslag, og vert dermed ekstra sårbare når nye artar kjem inn ved direkte eller indirekte menneskeleg påverknad, slik tilfellet er med ørekyt.

Vi er avhengig av teknisk bistand med planlegging og gjennomføring frå Veterinærinstituttet. Som følge av store aksjoner i Vefsna og Lærdal hadde dei ikke kapasitet til å bistå oss i 2012 og aksjonen er utstt til 2013. Tiltak i form av bygging av to nye oppgangshindre nær Halne vart forsøkt sett i verk i september, men lot seg ikkje gjennomføre på grunn av vertilhøva. Overvakinga i området er utvida. Vi planlegg no med sikte på å gjennomføre sjølverotenonaksjonen i 2013 og 2014.

### **Kalking i både nasjonale og lokale prosjekt**

Kalking skjer i samsvar med planar både når det gjeld lokale og nasjonale kalkingsprosjekt. I samsvar med

instruks er talet på lokale prosjekt redusert i 2012.

Flytting av kalkdosereren i Yndesdalsvassdraget vart fullført hausten 2012. Etter avtale med Fylkesmannen er det Masfjorden kommune som har hatt prosjektansvaret for denne flyttinga. Det har vore kostnadsoverskriddingar i prosjektet, og det er nødvendig at Direktoratet for naturforvaltning tilfører meir midlar til prosjektet. En endelig avregning av prosjektet vert gjort i forbindelse med bevilgningene til kalking for 2013.

### **1800 vassforekomstar har fått helsetilstand**

Det er lagt ned ein stor innsats i å karakterisere ferskvatn og kystvatn etter regelverket i vassforskrifta. Innhenting av data fra kvar kommune har vore nødvendig. Mykje data er lagt i databasene Vann-Nett og Vannmiljø. Kvar vassforekomst er risikovurdert. I tillegg er mange overvakingsrapportar lagt inn som PDF-fil i Vann-Nett.

I 2012 starta vi opp arbeidet med overvakingsprogram for vassregion Hordaland. Det er sannsynlig at vi oppretter ei gruppe slik at dei ulike sektorane kan bidra direkte til oss i dette arbeidet. I tillegg til å utarbeide sjølve programmet vil det også bli arbeidd med å leggje til rette for å iverksette auka overvaking av vasskvaliteten.

### **Opplæring i naturmangfoldlova samla over 250 deltakere frå kommunane**

Fylkesmannen gjennomførte 3 regionale kurs for kommunane, eitt kurs spesielt for Bergen kommune og eit internseminar for tilsette ved embetet. Dei regionale kursa gikk over to dagar og vart halden i Ulvik, Stord og Lindås. Kursa var planlagt av miljøvern- og klimaavdelinga, med tilsette ved landbruksavdelinga og kommunal- og samfunnsplanavdelinga bidro med innlegg. I tillegg til folk frå Miljøverndepartementet, Direktoratet for naturforvaltning og fleire regionale etatar og organisasjonar.

Evalueringa viste at deltakerne var særleg nøgde med kursa, både fagleg innhald og gjennomføring. Det er eit kontinuerleg opplæringsbehov om naturmangfoldlova i kommunane, inkludert kurs retta mot spesielle målgrupper, som politikarar. Det er og behov for sektorvis opplæring på regionalt nivå.

### **Mange akvakultursøknadar og meir tilsyn**

Sakshandsaminga skjer innanfor forskriftsregulerte fristar. Vi har fortsatt tilsynsaksjonen fra 2011 også i 2012 med særleg søkelys på setjefiskanlegg. Det er handsama 39 konsesjonssøknader og 17 klagesaker. Det vart gjennomført 8 tilsyn. Det er lagt ned innsats i mange foredrag på kurs og seminar.

## **Resultatområde 07 Godt bymiljø**

### **RPR for samordnet areal- og transportplanlegging**

Fylkesmannen har arbeidd aktivt for å følge opp RPR for samordna areal- og transportplanlegging gjennom planprosessane, og da spesielt gjennom overordna planlegging og regionale planprosessar. Fylkesmannen har fulgt opp regional plan for senterstruktur og senterutvikling, ATP for Bergensregionen og Regional transportplan. Den regionale klimaplanen har vore ein viktig reidskap i dette arbeidet.

### **Born og unge sine interesser i planlegginga**

Gjennom løpande sakshandsaming av planar følger vi opp born og unge sine interesseer i planlegginga. Det er ei utfordring å få til gode løysingar for born og unge i sentrale strøk med stor press på areala.

### **By- og stedsutviklingsprosessar**

Fylkesmannen følger opp by- og stedsutviklingsprosessane gjennom sakshandsaming av kommunale planar. Vi har etablert ei plangruppe på embetet med fagfolk frå alle fagavdelingene, som bidreg inn i prosessane intern og i forhold til regionalt planforum og andre relevante fora. Vi har hatt spesiell fokus på førebyggjande helse, naturmangfald og grøntstruktur/jordvern.

### **07SO 1: Framtidas byer**

Fylkesmannen har i 2012 delteke på samlingane til Framtidas byer og bidrege aktivt i fht Bergen kommune og prosessane dei kjører, mellom anna den kommunale planstrategien og kommuneplanen, og større områdeplanar/reguleringsplanar

Fylkesmannen har delteke på eit møte med fylkesmenn som har store byer (Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger) for å danne eit fagnettverk mellom fylkesmennene og dermed styrke det faglege arbeidet med Framtidas byer.

## Resultatområde 08 Aktivt friluftsliv

### Viktig å ta godt vare på attraktive friluftsområde

Fleire kommunar har mottek skjønsmidlar til verdsetting og kartlegging av friluftsområde. Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune har arrangert eit møte med erfaringsutveksling med deltaking frå aktuelle kommunar og friluftsråd. Kunnskap om friluftsområda er viktig grunnlag og føresetnad for oppfølging av nasjonale mål innen folkehelse og oppvekstvilkår for barn og unge.

## Resultatområde 09 Giftfritt miljø

### Kvantifisering av tungmetaltilførsler i indre del av Sørfjorden i Odda er gjennomført

Rapporten frå granskinga viser betydelege tilførsler av framleis og støttar konklusjonen frå den fylkesvise tiltaksplanen at det per i dag ikkje er tilstrekkeleg kjeldekontroll for å starte med sedimenttiltak. Vi foreslår overfor Klima- og forureiningsdirektoratet at det vert arbeid vidare med tilrådingane i rapporten i 2013.

### Opprydding rundt skipsverft tar tid

Det er gjennomført tiltak ved to skipsverft i 2012. Vi ventar på søknad om tiltak frå eit skipsverft. Arbeidet går tregt særlig mot mindre skipsverft.

### Grunnforureiningsdatabasen er oppdatert

Feilene mellom grunnforureiningsdatabasen og matrikkelen er retta opp. Status for fleire grunnforureiningssaker er endra.

### Meir søkelys på spreiiing av miljøgifter frå avfall

Innsatsen på dette området er dreid mot tilsyn med selskap som driv mottak og sortering av bygg- og anleggsavfall, og dialog med bransjen og kommunane i eit regionalt forum for bygnings- og anleggsavfall om korleis vi kan betre handtering av dette avfallet i Hordaland. Forumet har mellom arrangert seminar om miljøgifter i avfallet.

Det er og gjennomført tilsyn på fleire massetippar med varierende resultat. Målet med tilsyna er å få avfallsfraksjonane til riktig anlegg. Tilsyna viser at regelverket for massetippar er uklart og delt mellom forureiningslova og plan- og bygningslova, fylkesmannen og kommunen, og at det er lite kunnskap om regelverket og faren for spreiiing av miljøgifter på anlegga. Førebelse resultat frå undersøking ved ein del massetippar viser at mange inneheld forureina massar og/eller avfall, og at mange har avrenning som må følgjast opp.

Eitt av dei 6 deponia har høggradig rensing av sigevatnet. 2 anlegg har gjennomført utprøving av sigevassreinsing i 2012, og 2 har arbeidd med avklaring av arealtilhøve for å leggje til rette for reinsing. Dette arbeidet må følgjast opp i 2013.

Store mengder brennbart treavfall frå den ulovlege avfallsfyllinga på Vorland i Sund kommune er kjørt vekk og levert med båt til fleire forbrenningsanlegg. Pålegget frå 2010 vert justert med mål om å få undersøkt det som ligg igjen og avslutta saka i løpet av 2013. Saka er politianmeldt og er under etterforskning.

Klagen på vårt vedtak om vidareføring av deponiet på Mjelstad på Osterøy ligg framleis til handsaming i Klima- og forureiningsdirektoratet. Den vart sendt dit hausten 2009.

## Resultatområde 10 Rein luft

### Giftlokket over Bergen

Den milde vinteren på starten av 2012 ga få målingar over grenseverdiane. Årsmiddelverdien for NO<sub>x</sub> låg godt over grensen på 40 mikrogram/Nm<sup>3</sup> i 2010, og like under i 2011. Rapporten for 2012 er så langt ikkje klar. Dette viser at mengden eksosutslepp i Bergensdalen er større enn det luftrommet over klarar å fortynne og det gjev i tillegg eit kraftig giftlokk på dagar med kaldt ver og lite vind. Miljøregelverket som Bergen kommune forvaltar set krav om både langsiktige og kortsiktige tiltak. Etter luftforureiningssituasjonen i januar 2010 har

vegtrafikklova fått heimel til ulike trafikkregulerande strakstiltak. Usemje så langt mellom Bergen kommune og Samferdselsdepartementet gjør at strakstiltak som har effekt ikkje vert sett i verk. Aukande vedfyring på kalde dagar viser igjen på målingane ved høge partikkelverdier etter at rushtrafikken har avtatt om kvelden.

### **Ny støykartlegging gjennomført i 2012**

Vi har motteke oppdaterte kartleggingsrapportar frå Statens vegvesen, Jernbaneverket og Avinor. Vi manglar frå Bergen hamn. Her er kartlegginga i gang med rapportering våren 2013. Bergen kommune har fått utsett frist til hausten 2013 med å levere ein strategisk støykartlegging av støytilhøva utendørs i kommunen.

Det er gjennomført to møter i Forum for lokal luftforureining og støy

## **Resultatområde 11 Stabilt klima**

### **Følger opp handlingsprogrammet i Klimaplan for Hordaland**

Hordaland fylkeskommune har starta revisjon av to kapittel i klimaplanen. Det gjeld klimatilpassing og energi. Planprogrammet vert sendt på høyring tidleg i 2013. Vi har følgd opp handlingsprogrammet på dei tiltaka vi har ansvaret for. Eit av desse er korleis klimaendringar påverkar naturmangfaldet i fylket.

I 2012 vart det etablert eit klimaforum internt på Statens hus på tvers av avdelingane for å orientere og samordne klimaarbeidet. Resultatmåla på området er lite konkrete og retta inn mot langsiktige endringar gjennom samfunnsplanlegging.

## **Resultatområde 12 Resultatkrav knyttet til Tverrgående virkemidler**

### **Stort press på vassdragsnaturen**

Presset på utbygging av småkraftverk har auka mykje dei sista åra, og Hordaland topper landsstatistikken i talet på konsesjonsøknader. 2012 ga Fylkesmannen fråsegn i 27 saker om småkraftverk og 7 søknader om konsesjonsfritak.

Utbygginga fører og til auka press på bygging og oppgradering av overføringsliner. Fylkesmannen har fremja motsegn i 15 vassdrags- og energisaker i 2012. Motsegnene er grunngjeve med negative verknader på landskap, friluftsliv og opplevingsverdi, tilhøvet til biologisk mangfald, anadrom fisk, villreinområde, tap av inngrepsfri naturområde og samla belastning på naturmangfaldet.

Fylkesmannen har god dialog med overordna styresmakter, og bidrar aktivt i strategiutvikling innan feltet, spesielt korleis vektleggje regionale og nasjonale miljøomsyn i energisaker. Miljøvern- og klimaavdelinga har ansvar for saksfeltet, medan landbruks- og kommunal- og samordningsavdelinga deltek i faggruppa for vassdrag.

### **Fylkesmannen leiar geodatutvalet i Hordaland**

Vi leiarer geodatautvalget i Hordaland der både landbruks- og miljøvern- og klimaavdelinga er med. Aktiviteten på våre felt er konsentert om geovekstprosjekt og produksjon og tilrettelegging av temadata, særlig kommunale plandata. Kart i beredskapsarbeidet var tema på siste geodatasamling i Sogndal. Det er nytta skjønsmidlar til fire kommunar i fylket for å få ned talet på eigedomar utan adresse.

## **12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling**

### **Arealpolitikk og samfunnsutvikling**

**12.1SO1:** Kommunal- og samfunnsplanavdelinga har hatt fokus på overordna planlegging i 2012. Spesielt gjennom kommuneplanprosessar og dei kommunale planstrategiane. De fleste kommunane i fylket har lagd og vedteke kommunal planstrategi innan 31.12.12. Fylkesmannen har formidla dei nasjonale forventningene og nasjonal politikk i regional og kommunal planlegging gjennom overordna planprosessar, planforum, konferanser og kommunedialog.

Sammen med miljø- og klimaavdelinga har vi bidrege i regionale samlinger for kommunane der vi har satt fokus

på plan i forhold til naturmangfaldslova.

### **Kommunale planprosessar**

Fylkesmannen har i 2012 delteke aktivt i arbeidet med kommunale planstrategier og den regionale planstrategien. Vi har hatt fokus på kommunedialog og synfaringer i kommuneplanprosessane.

Vi har og delteke i arbeidet med interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Bustadprosjektet i Hardanger. Vi har i tillegg satt fokus på ROS i plan og lagt opp til ei grundig opplæring for kommunane og konsultentselskap i april 2013.

### **12.1SO2**

#### **Regional planstrategi:**

Fylkesmannen har delteke aktivt i utarbeiding av regional planstrategi for Hordaland. Fylkesmannen har sjølv sitta i styringsgruppa. Vår viktigste rolle har vært å formidle dei nasjonale forventningene til regional og kommunal planlegging.

#### **Kommunal planstrategi:**

Fylkesmannen har gjeve individuell tilbakemelding og spelt inn dei nasjonale forventningane til kommunene i deira arbeid med kommunal planstrategi i 2012. Dei fleste kommunane er no i havn med dette arbeidet.

### **12.1SO3**

Fylkesmannen har fulgt opp arbeidet med eit bærekraftig utbyggingsmønster med vekt på en samordnet areal- og transportplanlegging og omsyn til klima ved å sørge for at dei kommunale og regionale planprosessane tek i vare desse omsyna. Vi har bidrege aktivt i ATP for Bergensregionen, som legg premiss for ATP og klima for heile fylket. Vi har og sørga for at RPB for kjøpesentre blir fulgt opp gjennom planarbeid og ein regional planprosess for senterutvikling i Hordaland, som no er i slutfasen. Vi har og saman med Bergen kommune og Avinor satt flystøy på dagsorden.

Samen med miljø- og klimaavdelinga og landbruksavdelinga har vi fulgt opp den regionale planen for klima og den har mellom anna lagt premissar for vår uttale til regional transportplan.

### **12.1SO4**

Fylkesmannen har fulgt opp de statlige planretningslinjene for strandsonen ved 12.1SO5 bruke og synleggjøre naturmangfoldlovens forvaltningsmål og prinsipper og i all saksbehandling som berører naturmangfold. Vi deltek og i pilotprosjektet for interkommunal plan for Sunnhordland, både i styringsgruppa og i arbeidsgruppa

### **12.1SO5**

I 2012 samarbeidde fylkesmannen med fylkeskommunen om å gjennomføre regionale samlinger for dei kommunale planutvala (for å følge opp nye planutval etter kommunevalet i 2012). Vi gjennomførte 4 samlinger med ca 70 deltakarar på kvar samling. I vår kommunedialog ser vi behov for kompetanseheving, både til fagfolka og politikarane i kommunene. Vi bidrar derfor og aktivt i regionalt planforum, i dei regionale plannettverka og samarbeider om ein årleg regional plankonferanse. Konferansen i 2012 "Planlegging flytter grenser" vart arrangert og i samarbeid med BOBY (Bolig og byplanforeningen)

Fylkesmannen har også i 2011 deleke aktivt saman med fylkeskommunen om vidare opplæring/formidling av plan og bygningslova (pbl) 2008, spesielt gjennom planforum, den årlege kommuneplankonferansen og gjennom undervisning på UiB i forbindelse med nyoppretta, kompetansegevande kurs i planrett.

### **12.1SO6**

Fylkesmannen har utviklet ei planliste der alle plansaker som kjem inn til fylkesmannen blir registrert og fulgt opp i fht motsegn osv. Lista er til intern bruk og for å skaffe oss oversikt og data til å lage statestikker, mellom anna knytt til tal dispensasjonar i fylket.

### **12.1RA1**

Tal klagesaker etter pbl:

Vi fekk inn 1373 dispensasjonssaker til klagevurdering, og klagde på 59 av desse. 33 av desse gjalt strandsone.

### **12.1RA2**

FMHO har i 2011 hatt 209 reguleringsplanar til offentlig ettersyn og 261 til oppstart. Vi hadde motsegn til 56 av planane og 9 av desse gjelder strandsone.

Vi har hatt 29 kommune- eller kommunedelplanar til handsaming og 17 planstrategier.

Motsegn i plansaker: 56 (trukket 55) – 33 gjeld strandsone, 17 gjeld ”annet”, 16 gjeld landskap, 12 naturmangfold, 11 atp/klima, 7 ROS, 6 barn og unge, 6 beredskap, 5 landbruk. Nokre motsegner går på fleire tema. Strandsona er hovudgrunn og går att i 33 motsegner.

Settefylkesmann har oppheva 84 kommunale vedtak og stadfesta 5

Fylkesmannen i Hordaland har avvikla fem meklingsmøter i 2012, tre for kommuneplan og to for reguleringsplan. Partane blei samde i fire av desse og delvis samde i ei sak.

Ei motsegnsak vart sendt til Miljøverndepartementet.

Vi har ikkje handsama nokon sak etter kjøpesenterforskriften i 2012

KSA har gjennom heile 2012 hatt vakanser på planfeltet. Ressurssituasjonen har vore krevjande. Pr. 31.12.12 hadde avdelinga 12 stillinger på plan og beredskap.

### **Prosjekt ulovlege byggjetiltak**

Prosjekt ulovlege byggjetiltak vart endeleg avslutta i 2012. Vi har i 2012 publisert nettsaker på [www.fmho.no/ulovleg](http://www.fmho.no/ulovleg) i eit omfang som forutsatt. I tillegg har det vore arbeid i samband med medieoppslag. Det har mellom anna vore fleire innslag på NRK/TV2 der vi har gjeve informasjon om utfordringar knytt til ulovleg bygging. Vi har og hatt alle landet sine fylkesmenn på vitjing, og la då til rette for ein guida båttur der ulovleg bygging var eit sentralt tema. Vidare har vi drive råd og rettleiing på telefon både i høve til kommunar i og utanfor Hordaland. Vi meiner at vi på ein god måte har bidrege til å auke fokuset på ulovleg bygging, og viser elles til sluttrapporten frå 2011. I tillegg meiner vi å ha gjeve god informasjon til kommunane slik at dei er i betre stand til å følgje opp brot på plan- og bygningslova. Vi har overført noko statiske informasjonen fra [www.fmho.no/ulovleg.no](http://www.fmho.no/ulovleg.no) til Fylkesmannen sin nye nettportal.

## **12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling**

### **Høg tilsynsaktivitet**

33 konsesjonssaker etter forureiningslova er handsama og det vart gjennomført 86 tilsyn. 6 av desse var revisjonar. Inntjeningskravet på 2,5 millionar kroner vart nådd. Alle egenrapporter frå industriverksemder er godkjent og kommentert. Det er lagt ned stor innsats i å oppdatere databasen Forurensing

### **Tilsyn fører til fleire gode miljøtiltak**

Vi har avdekka fleire brot på miljøkrava ved tilsyn ved 86 verksemder og systemrevisjon ved 5 verksemder i 2012. Ingen verksemder vart varsla tvangsmulkt eller melde til politiet. Tema i dei fleste tilsyna var prioriterte miljøgifter, handtering av farleg avfall og kjemikal, forureining og internkontroll.

### **Forureingstilsyn med mange**

Fylkesmannen gjennomfører tilsyn med private, kommunale og statlege verksemder som forureinar. Dei fleste tilsyna inngår i aksjoner, enten landsdekkjande eller regionale. Aksjonane vert gjennomførte i samarbeid med Klima- og forureiningsdirektoratet

Tilsyna er risikobaserte. Vi kontrollerar der det er mest truleg at det er brot på regelverket, og der dette har størst verknad på miljøet. I tillegg kontrollerar vi verksemder der det er avdekt eller mistanke om alvorlege avvik. Etter gjennomført kontroll skal det rapporterast om eventuelle avvik og merknader, og v gjev tidsfrist for å rette avvika. Vi skal reagere raskt og strengt på alvorlege brot på regelverket. Om naudsynt kan vi kan nytte tvangsmulkt og melde til politiet.

### **Aksjonar i 2012**

Følgjande aksjonar er gjennomført i 2012;

### **Fiskeforedling**

Kontroll av miljøtilstanden ved åtte fiskeforedlingsverksemder viste at avfallshandteringa var god, men dei fleste må forbetre internkontrollen. Nokre mangla reinseanlegg på utslepp til sjø. Målet med aksjonen var å kontrollere at krav i lov, forskrift og utsleppsløyve vert halde. Verksemdene er kontrollert tidlegare, men framleis ser vi mange brot på regelverket for internkontroll, miljørisikovurderingar og utsleppskontroll.

### **Pukkverk**



Tilsyn med fem pukkverk synta at fleire anlegg ikkje kunne dokumentere støynivå og støvnedfall. Levering av farleg avfall var også mangelfull. Målet med tilsyna var å finne ut om pukkverka dreiv etter krava i ny forskrift som tok til å gjelde 1. januar 2010.

### **Avfall i hamner**

Tilsyn med hamner i Hordaland viste at småbåthamnene ikkje var flinke nok til å lagre og levere restar etter båt puss og anna farleg avfall. Dei kommunale hamnene hadde ikkje gode nok avfallsplanar. Det vart gjennomført tilsyn med 2 småbåthamner og 2 kommunale hamnedistrikt og ein forsvarshamn. Målet var å bidra til at avfall frå hamner ikkje skader miljøet, og å få gode ordningar for handtering av farleg avfall i hamnene.

### **Akvakultur**

Tilsynsaksjonen på matfiskeanlegga i 2011 blei i år fulgt opp med nye tilsyn. 16 av 200 anlegg vart besøkt. Vi prioriterte å besøke dei verksemdene som ikkje hadde tilsyn i 2011.

Målet med tilsyna er at oppdrettsanlegga ikkje skal føre til uakseptabel forureining av fjordane. Vi har sett på anlegga sin internkontroll og risikovurderingar, inkludert bruk av kjemikal og legemiddel. Kontrollane omfattar også leiinga sin oppfølging av miljøarbeidet, drift og vedlikehald av utslippsrelatert utstyr. Vi har også kontrollert om verksemdene har gode driftsrutinar i sin internkontroll for å sikre gode miljøtilhøve.

Vi ser at verksemdene som var kontrollert både i 2011 og i 2012 har gode forbetringar ved sin internkontroll. Nokre oppdretterar er gode på miljøarbeid.

### **Små verksteder – Risikoaksjonen**

Heile 22 små verksteder og bilpleieforma vart besøk. Kontrollane viste at verksemdene hadde liten oversikt over regelverket, og at faren for forureining er stor.

Kontroll av små verksteder var også ein del av den landsdekkjande risikoaksjonen. Dette var ein felles aksjon i samarbeid med Klima- og forureiningsdirektoratet, Strålevernet, DSB og Arbeidstilsynet. Fokus her var å sjekke om verksemdene hadde vurdert risiko og om dei har handlingsplanar for å redusere risiko. Risikovurderingane skal omfatte både brann, arbeidsmiljø og forureining.

I tillegg har vi gjennomført om lag 40 andre kontrollar med verksemder med miljørisiko, og verksemder der det er avdekt eller mistanke om alvorlege avvik. Fleire kontrollar er i 2012 gjennomført på bakgrunn av klage eller tips enn tidlegare år.

### **Oppfølging av tilsyna**

Tilsyna avdekkar brot på miljøkrava. Fleire verksemder har vesentleg manglar i sitt førebyggjande arbeid for å unngå forureining. Tilsyn syner at auka merksemd og informasjon førar til miljøtiltak. I tillegg kan vi følgje opp med strengare reaksjonar ved alvorlege brot. Vi følgjer opp alle tilsyna der vi har avdekka brot på regelverket. Vi gir ein tidsfrist for å rette opp avvika. Ved manglande tilbakemelding vert det varsla tvangsmulkt.

### **Nye utseppsløyve til industri og kommunar**

I 2012 har vi gjeve 23 nye utseppsløyve etter forureiningslova med forskrifter. I tillegg har vi gjort endringer på vilkåra i 10 eksisterande løyve.

Følgjande nye løyve er gjeve: 2 løyve til vaskeriverksemd, 1 løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatn for større tettstad, 11 løyve til anleggsverksemd som mudring/dumping i sjø, utfylling/tildekking av massar i sjø og til driving av tunnelar, 5 løyve til handtering av avfall/farleg avfall og slam, 1 løyve til asfaltverk og 1 til betongblandeverk, 2 løyve til anna landbasert industri; mottak og miljøsanering av kasserte kjøretøy og til næringsmiddelverksemd.

Vi har gjeve eit avslag på søknad om utandørs lagring av hushaldningsavfall og næringsavfall.

### **Kommuneundersøking innan grunnforureining og naturmangfoldlova**

To kommunar vart undersøkt, Bergen og Stord. Tema var bruken av delegert regelverk på forureina grunn i forureiningsforskrifta kapittel 2 og bruken av kapittel 2 i naturmangfoldlova i inngreppsaker. Undersøkinga viser at arbeidet i kommunane ikkje følgjer lovens krav. Særleg gjaldt dette vurderingane etter naturmangfoldlova. Opplæring i lova vert viktig i åra som kjem.

## **12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon**

## Miljøstatus er oppdatert på mange område

Arbeidet med oppdatering av miljøstatus er organisert som eit eige prosjekt der også andre avdelingar (landbruk og plan) og fylkeskommunen er med. Det vert rapportert til Klima- og forureiningsdirektoratet om dette arbeidet.

Vi har gjennomført ein regional samling om miljøstatus. Vi har oversendt plan for oppdatering til Klima- og forureiningsdirektoratet og deltatt på samling. Det har vore søkelys på lokal informasjon, innlegging av gode kart og bruk av bildekaruseller. Nettstaden miljøkommune.no er under utbygging, men vi har så langt ikkje informert aktivt om dette nye hjeldemiddelet.

Nytt av året er at det vart laga avtale med ein miljøjournalistiskule, Tanks videregående skule i Bergen. Dette har vi følgd opp og vi har god dialog med skulen.

## Informasjonsarbeid via fylkesmannen.no

Vi har informert om ei rekkje saker i 2012 og alle høyringssaker er lagt ut på digital høyring. Vi kunne nok ha informert om enda fleire saker om vi hadde hatt kapasitet, men arbeid med oppdatering av miljøstatus og overgang til ny nettside for fylkesmannen.no har tatt mykje tid og gjort at fokuset på nyhende har vært noke mindre deler av året. Omleggingen til ny nettside for fylkesmannen.no har vore utfordrande på grunn av lite opplæring, mange tekniske problem og manglande felles forståing for korleis vi skal tenke informasjon i den nye strukturen. Dette har mellom anna ført til at sida om fiskereglar, vår mest besøkte nettside med fast informasjon, enda ikkje er overført til den nye nettsida.

Avdelinga har ein redaksjon med 7 medlemmer fra ulike fagområde. Seksjons- og avdelingsleiar har delteke aktivt på mange av møtene, noke som har vore veldig positivt for arbeidet. Vi har stort sett hatt møter kvar 14. dag for å diskutere aktuelle saker, formidle informasjon frå redaksjonen på huset og evaluere tidlegere saker. Nettredaktør har siste halvår delteke på leiarmøter på avdelinga.

## Forløpande oppdatering av Naturbase

Vi har sendt inn 52 endrete og 109 nye objekter (naturtyper) for innlegging i Naturbase. Vi avventar framleis kva som skjer med ny versjon av Naturbase.

## 12.4 Internasjonalt samarbeid

Ingen av våre tilsette har vore engasjert i internasjonale miljøprosjekt i 2012.

## Ressursrapportering

Vi gjer merksam på at det er gjennomført omorganisering som har medført at m.a. fem planstillingar på MVA er flytta til KSA. Det fører til at ca. 5 mill kroner på resultatområde 121 gjeld KSA. Vi har vidare ein stilling lønna på kap. 1510 post 21 finansiert ved innbetaling frå DN som ikkje kjem med i årsrapporten.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning	kr 7 525 276,07	kr 1 761 030,24
09 Giftfritt miljø	kr 2 183 481,37	kr 174 728,03
Andre oppgaver under MD	kr 128 224,63	kr 0,00
11 Stabilt klima	kr 2 350,76	kr 0,00
12.1 Planlegging for bærekraftig utvikling	kr 5 215 009,94	kr 0,00
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 1 482 901,78	kr 1 018 360,39
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 684 450,00	kr 0,00
12.4 Internasjonalt samarbeid (Finnmark)	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 17 221 694,00	kr 2 954 118,00

## Landbruks- og matdepartementet

### Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

Næringsarbeidet og forvaltninga av bygdeutviklingsmidlar ved Fylkesmannens landbruksavdeling har i 2012 følgd gamal regional utviklingsstrategi, seinast rullert for 2010-11. Men det er i 2012 utarbeidd eit heilt nytt *Regionalt bygdeutviklingsprogram* i samsvar med Landbruksmeldinga (St.meld. 9 2011-2012), her under *Regionalt næringsprogram* for landbruket i Hordaland, gjeldande frå 2013-2017.

Det nye næringsprogrammet er utforma i samarbeid med landbruksnæringa og den regionale partnerskapen, og tar opp i seg utfordringane frå Landbruksmeldinga. I hovudtrekk vert det med bakgrunn i langsiktige mål om produksjonsauke (1 % per år) eit kraftig auka fokus på dei viktigaste, tradisjonelle produksjonane for Hordaland; mjølk, sau og frukt, samt fokus på tilrettelegging for skogbruket i samband med den kraftige produksjonsauken som er påbyrja med uttak av skogreisingssskogen.

## 21.1 Jordbruk

### Strukturendringar

Om lag 1/6-del av jordbruksarealet i Hordaland er utan drift. Av 498.000 daa jordbruksareal er berre 413.000 daa i drift med produksjonstilskot. Strukturendringane er sterke, med mykje leigejord, store avstandar og driftsopplegg som ikkje nyttar alle ressursane. I samband med dette går mykje areal ut av drift, noko som er ei utfordring i høve til mål om auka matproduksjon. Generelt er det meir nedlegging av landbruksføretak og areal i ytre strok, medan tilhøva for landbruket er meir stabil i indre strok. Storleiken på jordbruksføretaka i fylket har hatt om lag same prosentvise auke frå 2001 til 2011, som i resten av landet. Tal jordbruksføretak er i same periode redusert med 34 %, meir enn elles i landet. Leigeareal blir stadig viktigare i drifta. Grunna eit kupert og oppstykkka landskap, blir ikkje teigstørrelsen særleg mykje større sjølv om det blir meir leigejord. Naturgrunnlaget gjer rasjonell driftsutviding vanskeleg. Det er generelt lite nydyrking i fylket.

Særleg på kysten og i bynære strok er det lett tilgang til andre arbeidsplassar og landbruksnæringa utgjer lite av dei totale inntektene på bruket. Næringsinntekta frå jordbruket utgjer under halvparten av bruttoinntekta for 78 % av bruka i Hordaland. Dette går utover arbeidsinnsatsen ein kan legge i landbruksdrifta, og det blir behov for enkle løysingar. Det blir til dømes lite fornying av enga og dermed lågare avlingar - noko som òg har samanheng med hjort som beiter mykje på innmarka.

### Mjølkk

Dei siste åra har ein ikkje klart å fylle mjølkekvoten i Hordaland, og produksjonen er svekka i høve til resten av landet. Ein stor del av mjølkemengda kjem frå små og mellomstore bruk. Fjøs med mjølkerobot kan likevel om kort tid utgjere om lag en firedel av produksjonen i fylket. Det er framleis stort behov for opprusting av driftsbygningar. Enkeltbruk står for større del av investeringane enn samdrifter. Mange er i stor grad avhengig av fôrkjøp etter utbygging, ein ser på grøfting som eitt av tiltaka for å auke eige fôrgrunnlag.

I løpet av siste tiårsperiode er det særleg stor nedgang i mjølkeproduksjon og storfekjøtt i Bergen og nokre av dei bynære kommunane. I den samanheng har FM og faglaga saman med regionalt partnerskap, spelt inn behov for ei kraftigare satsing på investering og mobilisering ift auka mjølkeproduksjon i Hordaland.

Fagmiljøet for geitemjølkk er også sårbart med berre 31 produsentar igjen i Hordaland, og usikkerheit rundt vidare drift på nokre av bruka.

### Sau

Sauehaldet i fylket blir meir ekstensivt, med meir utegangardrift og meir bruk av ekstensive saueraser også ved vinterfôring. Færre vinterfôra sauer dei siste åra har blitt veid opp av fleire utegangarsau, slik at totalt sauetal i fylket har vore relativt stabilt sidan 2003, med 100-110.000 dyr. I 2011 var så mykje som 10 % av sauene i fylket utegangarsau. Denne ekstensiveringa gir dårlegare lønnsmda og lågare produksjonspotensiale. Det er behov for å motivere til auka produktivitet med meir høgtytande raser og/eller vinterfôring der tilhøva ligg til rette. Den ekstensive drita bør avgrensast til vinterbeiteareal med kystlynghei, og ein bør arbeide for at kvaliteten i desse produkta kan nyttast til å gi auka inntekt. Slik fungerer det ikkje i dag. Mange slutter å bruke fjellbeite. Med færre brukarar blir det eit aukande problem med organisering og sanking for dei som er att i eit område, dette har skapt utfordringar for dei organiserte beitelaga. Det er stort etterslep på modernisering av sauefjøs, med nedslitt bygningsmasse. For å få ein ny generasjon til å ta over drifta er det avgjerande å få til utbetringar og gode praktiske løysingar i drifta.

### Frukt og bær

Fruktdyrkarmiljøet i fylket er robust og med optimisme. Ein ser mange moglegheiter til vidare satsing. Ein har

stort potensiale for vekst både mellom anna for konsumeple og eple til press. Det blir gjort omfattande investeringar i fornying av frukthagar, men fornyingstakten er for liten og med stort etterslep. Det blir arbeid med at plantingane skal bli meir tilpassa marknaden og betre planlagt. Næringa har sjølv teke fatt i utfordringane, mellom anna med motiverings og tilretteleggings-prosjektet Dyrk Smart!

Fruktnæringa i Hardanger har hatt høg effektivitetsauke dei siste åra. Ein har høgt fokus på modernisering av dyrkingssystemet. Avlingane ser ut til å halde seg på same nivå til tross for mindre fruktareal og færre dyrkarar. Ein del areal har dårleg eller manglande drift. Ein grip no fatt i enklare formidling av leigejord med langvarige avtaler. Rekrutteringa er brukbar, men snittalderen blir høgare.

Ein ser etter kvart fleire gode døme på fruktproduksjon som grunnlag for reiselivssatsing med gardsutsal, foredda produkt og aktivitetstilbod med moglegheit for meirpris. Satsinga 'Frukt og bær rundt neste sving' har vore med å bidra til dette. Namnet Hardanger som beskytta merkevar er ikkje godt nok nytta, men det ser ut til å kunne bli betre tilhøve for dette via grossistane framover.

Bær dyrking utgjer eit stort potensiale i Hordaland, særleg nær Bergen og andre tettstader. I dag er produserte mengd ikkje større enn at det mesteparten blir seld lokalt frå gard eller torg. Bær dyrkarmiljøet i Hordaland er lite, men med gradvis meir aktivitet og betre fagmiljø. Ein får no nokre gode døme, som grunnlag for vidare utvikling av næringa.

### **Hovedutfordringer ved bruk av økonomiske og juridiske virkemidler og regelverksforvaltning**

- Ei utfordring at ein i produksjonstilskot kan tillate at vinterføra sau blir drevet med ekstensive rasar i ekstensiv driftsform med liten produksjon.

- Erstatningsordningane fungerer bra.

### **Beitesesongen 2012**

*Samandrag av beitesesongen 2012: gode slaktevekter – lågt tap – krevjande sanking*

For 2012 fekk vi inn registreringar frå 103 beitelag i organisert beitebruk (OBB). Av desse var det tre nye beitelag i ordninga. Det vart sleppt om lag 130.000 dyr på beite tilslutta ordninga i vårt fylke, av desse var 123.500 sau og lam. Totalt for landet vart det sleppt om lag 1,5 mill dyr i OBB.

Tapsprosenten på sau og lam i Hordaland hadde ein solid auke i 2011, men gjekk heldigvis kraftig ned i 2012. Tapet av sau og lam siste året er det lågaste vi har registrert dei siste tolv åra i OBB. Hordaland hadde lågast tapsprosent av alle fylka dette året både på sau og lam. Tapsprosenten for storfe og geit ligg meir på landssnittet. I tal dyr utgjer tapet 3.594 tapte storfe og småfe, mot 5.219 tapte i 2011. Alle mulege tapsårsaker vert nemnd i rapportane. Det kan nemnast at rev høgst sannsynleg står for ein del av det tidlege lammetapet og at mange skriv om observasjonar av ørn i beitesesongen. Likevel er nok flått og flugemakk hovudårsaken til tapa.

Sein vår og mykje snø i fjellet førte til at ein del beitelag sendte dyra til fjells seinare enn normalt. Sein snøsmelting har og gitt friske beiter utover sommaren og beitesesongen var jamt bra og gav god snittavdrått på lamma. I sankinga var det mange beitelag som fekk ein del nedbør og tåke, noko som førte til langdryg sanking.

Svært mange beitelag har positivt driv og skriv positive rapportar om godt samarbeid om tilsyn, sanking og felles investeringstiltak. Ein del beitelag rapporterer om at tal beitebrukarar går ned og fører til stadig meir krevjande tilsyn og sanking. Det vert diskutert om tal beitebrukarar begynner å bli så lågt at ein må velje bort enkelte beiteområder til fordel for andre, dette gjeld kanskje spesielt fjellområda i Nordhordland.

Snøfall før beitelag var ferdig å sanke førte til at fleire lag har nytta helikopter til å leite etter dyr. Det har vore spørsmål om tilskot til dette formålet, noko som vi per i dag ikkje har midlar til å løyve.

*Løyvde tilskott til organisert beitebruk i Hordaland 2012*

Driftstilskot for heimsanka dyr var i 2012 på kr 23 for sau/lam, kr 29 for geit/kje og kr 45 for storfe. Stipulert driftstilskot til utbetaling vert med dette om lag kr 3.022.000. I investeringstilskot fekk vi ein ramme på kr 550.000 for 2012. Med inndradde midlar for tidlegare år vart det totalt løyvd kr 600.000 til investeringstiltak i beitefelt fordelt på 24 beitelag.

### **Storfe prosjektet i Hordaland**

Storfe prosjektet i Hordaland er ei vidareføring av fleire tidlegare prosjekt der det har vore satsa ekstra på mjølk og storfe. Prosjekta har bidrege som rådgjevings- og motiveringsfaktor for mjølke- og storfekjøtbøndene i fylket. Storfe prosjektet i Hordaland er eit samarbeid finansiert av fleire aktørar i landbruket (Fylkesmannens Landbruksavdeling, TINE Meieriet Vest, Innovasjon Norge og Felleskjøpet Agri). TINE Meieriet Vest er

prosjekteigar og har prosjektleiar. Det har dei siste åra vore ein markert auke i interessa for, og gjennomføring av utbygging av mjølkebruk i fylket. I 2012 har hovudaktivitetane vore rådgjeving i planleggingsfasen før utbygging, studie av korleis det går økonomisk med utbyggingsbruk (ved Nilf) og arrangement med framsyning av ulike driftsbygg. Frå 2013 vert prosjektet vidareført i ny drakt, «Vi satsar på mjølk i Hordaland» og skal bidra til oppretthalding av fylkets mjølkeproduksjon. I den samanheng har FM og næringa saman med regionalt partnerskap, lagt fram ein søknad for LMD om ekstraordinære midlar til investering / fornying og mobilisering knytt til mjølkeproduksjonen i Hordaland.

### Beiteprosjektet i Hordaland

I 2011 vart Beiteprosjektet i Hordaland starta med midlar frå Nasjonalt Beiteprosjekt. Også i 2012 fekk prosjektet løyvd midlar frå Nasjonalt Beiteprosjekt. Hovudaktiviteten i 2012 har vore vidare utprøving av radiobjeller i ulike beitelag/områder i fylket med vekslande hell, bearbeiding og publisering av spørjeundersøking for beitesesongen 2011 og informasjonsmøter med beitelaga. I 2011 vart det innkjøpt om lag 100 radiobjeller med investeringsmidlar i OBB. Radiobjellene har blitt leigd ut til ulike beitelag for at beitebrukarar kan skaffe seg erfaringar med bruken av utstyret og at vi kan sjå kva områder det er aktuelt å nytte slikt utstyr. Etter beitesesongen 2011 svarte 90% av beitelaga på ein undersøking der vi kartlagde kva dei meiner om tapsårsaker og korleis beitelaga arbeider. Svara tyder på at mange beitelag fungerer godt, men at vi framleis har litt arbeid med å skape gode haldningar til tilsyn i beiteområder. I beiteprosjektet ynskjer vi å arbeide vidare med utprøving av elektronisk sporingsutstyr i 2013 med overførte midlar frå 2012.

### Prosjekt Geit i Vekst

Geitprosjektet dekkjer dei tre vestlandsfylka og har også i 2012 hatt stor aktivitet. Hovudaktiviteten har vore hjelp i sanerings- og byggeprosesser. Sommaren 2012 var siste frist for påmelding til Friskare Geiter for geitehaldarane, siste frist for oppstart av saneringsarbeid vert i 2013. Det betyr at dei som evt vil setje i gang med sanering på seinare tidspunkt, vil måtte dekkje alle kostnader sjølv. Prosjektleiar i Geit i Vekst har bidrege i planlegging og skissearbeid på mange kombinerte sanering og utbyggingssaker. Status for Hordaland er at alle geitehaldarar bortsett frå eit par anten er ferdig med saneringsarbeidet, eller har skrive kontrakt med Friskere Geiter. FMLA ser det som viktig å gjere tiltak for å behalde geitemjølksproduksjonen i fylket på minimum dagens nivå.

### Landskap i drift – ope landskap gjennom aktiv drift

Det gror att fleire plassar i fylket – samstundes aukar etterspurnaden etter godt beiteareal, spesielt vår og haustbeite og etter meir kjøt og eit levande landbruk.

Etter eit fyrste prosjektperiode på 4 år har me søkt om nye midlar for å kunne vidareføre prosjektet. Hordaland har fått ein klimaplan der det blant anna vert etterlyst ein meir klimavenleg kjøtproduksjon. Dette har me teke til etterretning og har retta inn prosjektarbeidet slik at ein hentar fleire føreiningar frå ugjødsla utmarksbeite, i staden for innmark. Difor vil verte sett fokus på større beiter, investering i gjerder og nye typar fôringsplassar som er tilpassa større nedbørsmengder.

Samstundes har me etablert eit samarbeid med UMB og Bioforsk på å dokumentere innsparingseffekten ved meir beiting versus fôr frå intensiv fôrproduksjon ved bruk av store mengder nitrogen. I løpet av 2012 blei 4 nye område rekruttert til prosjektet, område med eit areal totalt på 4300 daa.

### Rekruttering

Ut frå gode attendemeldingar frå prøveprosjektperioden i fadderprosjektet som vart starta i 2011, fekk me midlar i 2012 til vidareføring og arbeidet med dette prosjektet vart sett i gong i heile fylket. Nye brukarar vil få hjelp av erfarne naboar i ein oppstartsfase, både praktisk og fagleg. I tillegg vert det tilbode kurs innan ulike fagområde og nye, unge brukarane får både kompetanse og nye nettverk. Etterspurnaden har vist seg å vera stor. Meir info: [landskapidrift.no](http://landskapidrift.no)

#### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2011	2010
FMHO	48192	75382	60	1,86	3,52	4,1	3,4
<b>Sum</b>	<b>48192</b>	<b>75382</b>	<b>60</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

## 21.2 Skogbruk

Hordaland har store skogressursar som etterkvart er hogstmoden. Hogsten av denne nådde nye høgder i 2012 med om lag 167.800 kbm (146.000 kbm i 2011). Det vart planta om lag 1750 daa i 2012 (1300 daa i 2011). Ein reknar med at skogsplantinga vil auka i 2012 i samsvar med auka hogst av gran. Mangel på rette provinensar kan bli ein flaskehals der planteskulane ikkje har vore førebudde på den aukande aktiviteten. Ungskogpleie utgjorde i

2012 om lag 430 daa (635 daa i 2011). I 2010 vart nivået 450 daa. Me ventar aktivitetssauke i ungskogpeie dei neste åra i samsvar med auka hogst.

Hordaland fekk i 2012 tildelt Kr 1 250.000.- særskilde midlar til kystskogbruket. omlag ein tredel av summen gjekk til å medfinansiere fellesprosjekt i regi av kystskogbruket (prosjekt hovudplan veg for kystskfylka, taubaneprojektet, sekreteriat samt mindre fellesprosjekt). Fylkesmannen i Hordaland saman med fylkesmannen i Rogaland og Skogeigarlaget Vestskog BA oppretta i 2009 "Prosjekt hovudplan veg" for Hordaland. For Hordaland sin del er prosjektet no så godt som ferdig. Formålet med prosjektet er å få oversikt over alle eksisterande skogsveggar og forslag til nye skogsveggar i komande 20 års periode. Prosjektet Hovudplan veg har avdekka eit behov for ca 600 km nye tilkomstveggar i hogstmoden skog, skal desse vegane realiserast i løpet av dei komande 20 år betyr det at det årleg må byggjast 30 km nye veggar til ein kostnad på ca 35.000.000,- mill. kroner. Med dei tilskotsmidlar som Hordaland får tildelt i dag rekk det til knappe 5 km pr år.

Til saman 13378 meter skogsveg vart ferdiggodkjent i Hordaland 2012. Av desse var 8518 meter bilveggar nyanlegg, 3580 meter ombygging bilveg og 1280 meter traktorveggar nyanlegg. Desse vegane hadde ein samla kostnad på kr 11.600.140,-. Det vart utbetalt kr.5.827.682,- i tilskot til desse vegane, noko som utgjør 50,2 % av kostnaden. Fylkesmannen saman med skogeigarlaget Vestskog BA avslutta i 2012 prosjekt områdeplanlegging.

Fylkesmannen saman med skogansvarleg i kommunen gjennomførte i 2012 vedlikehaldskontroll på eldre skogsveggar, nybygde i 1997/98. Gjennomførte vedlikehaldskontroll på til saman 28 km skogsbilveg og 3,7 km traktorveg, dette fordelt på 21 veganlegg i 8 kommunar. Omfanget av taubanedrifter auka noko i 2012. Det vart gjeve tilskot til 17.500 kbm tømmer i 2012 mot 13.000 kbm i 2011. Tilskotssatsen for gran vart 80 kr/kbm i 2012 og utgjorde til saman 1 420 400 kr i tilskot.

Juletreproduksjonen i fylket auka noko i 2012 til om lag 18.000 tre i året. Tidlegare to år har nivået vore om lag 15.000 tre i året.

### 21.3 Bygde- og næringsutvikling

Arbeidet med lokalsamfunn og bygdenæringar er ivareteke og vil halde fram omtrent som i 2012, då ei viss justering mellom tradisjonelt landbruk og bygdenæringar allereie er gjort i 2012, med omprioritering av om lag 2 mill. frå bygdenæringar til tradisjonelle produksjonar i høve tidlegare år.

#### *Den regionale partnerskapen*

I Hordaland har vi i mange år hatt tett samarbeid og rollefordeling mellom dei regionale partane fylkeskommunen, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen, noko som særleg har gitt seg utslag i samarbeid og arbeidsdeling innan lokalsamfunnsutvikling, entreprenørskapsarbeid, reiseliv og matområdet.

Frå Landbruksavdelinga si side er dette også viktig for å engasjere det regionale (og lokale), politiske nivå og miljø mest mulig i utviklinga av landbruket i fylket. 55 % av UTM-delen av Bygdeutviklingsmidlane gjekk i 2012 til prosjekt samfinansiert med fylkeskommunen og/eller Innovasjon Noreg, og oftast forankra i fylket sitt Regionale Utviklingsprogram (RUP). Innanfor satsingsområda i RUP har fylkeskommunen eit spesielt ansvar for å drive lokalsamfunnsutviklinga, Innovasjon Noreg har ansvar for entreprenørskap og Fylkesmannen for matsatsinga. Kvar BU-krone løyvd til slike prosjekt utløyser 6 andre, regionale eller statlege kroner.

#### *Bygdeutviklingsmidlane*

Frå *utviklings- og tilretteleggingsmidlane* er det i 2012 løyvd 4,7 mill. i 41 saker. 55 % av midlane vart løyvd innanfor tradisjonelt landbruk, 46 % hadde relevans for nye næringar. Eit relativt lågt tal løyvingar skuldast særleg store satsingar innfor tradisjonelle produksjonar, med vidareføring av mjølkesatsing og store, nye satsingar på fruktdyrking og sauehald. Høvesvis 18 og 24 % hadde særskilt relevans for kvinner og ungdom.

Av disponible, *bedriftsretta midlar* har Innovasjon Norge løyvd 21,6 mill. i tilskot til 90 prosjekt innan tradisjonelt landbruk, medan nye næringar er løyvd 35 tilskot for til saman 4,4 mill. Dette i tillegg er det løyvd 0,9 mill. under *Verdiskapingsprogrammet for Mat*, 1,4 under *Trebasert innovasjonsprogram*, drygt 0,6 mill under *Bioenergiprogrammet* men berre 50.000 under *Grønt reiseliv*. Landbruket har vidare fått tilsegner om rentestøtte til lån på nesten 75 mill. kroner og samla lån frå Innovasjon Noreg på totalt kr. 58,5 mill. kroner i 2012.

#### *FOU*

Fylkesmannen har i dag utvikla gode kontaktar til dei ulike forskingsmiljøa i Bergen og på Vestlandet. Det er i 2012 satt igang eit samarbeids mellom næring, forskinga og forvaltninga i dei to vestlandsfylka med mål om eit tettare samarbeid og meir brukarmedvirkning. Det blei gjennomført eit " Grønt dialogmøte " - der oppslutninga var stor og der det blei

konkludert med ein fellessøknad om prosjektmidlar til å drive samarbeidet framover.

## **Mat**

FMLA og Kompetansenavet vest har eit nært samarbeid om utvikling og gjennomføring av kurs og kompetansehevande tiltak i Hordaland og Sogn og Fjordane. I tillegg til kurs og veiledning er besøksordninga ei god hjelp for nye etablerarar og dei som ynskjer å revitalisera eiga verksemd. I 2012 hadde FMLA og kompetansenavet fleire prosjekt saman i begge vestlandsfylka, Solundmat er etablert framstår som eit velukka og godt prosjekt med stor medverknad frå lokalbefolkningen i området.

Hordaland har eit stort nettverk av småskalaprodusentar, mange nye er kome til og nokre har valt å konsolidera stillinga si. ca 150 av desse er aktive og fordeler seg på alt frå enkel råvareforedling, slakteri til avansert osteproduksjon. Nytt av året 2012 var at det er mange som ynskjer å etablere verksemdar innan slakting og foredling av lokalt kjøt og vilt. Med den nye feltkontrollørordninga har dette utløyst nytt engasjement.

Matfestivalen i Bergen er den viktigaste marknadsplassen for mange lokale produsentar. Det ligg i korta at matfestivalen må over på andre ”styrings” hender, men FMLA vil syte for at den også i framtida vil være ein lågterskel marknadstilgang for nye og etablerte lokalmatprodusentar med eit rolle i det vidare arbeidet.

Ei viktig årsak til sterkt produsentmiljø i Hordaland er satsinga på lokale marknader og matfestivalar. Dette har gitt til marknadstilgang og bidrege til auka interesse for lokal matproduksjon og stoltheit over egne varer. Dette saman med dei rike mattradisjonane vi har i vårt fylke, er det no stor interesse for lokalmat innanfor storhusholdning og hjå daglegvaregrossistar og butikkar i fylket

FMLA vil framover arbeide for å sikra kompetansmiljøa i fylket, som Vestnorsk Kulturakademi og andre, som vil fremje den lokale matkulturen og matproduksjonen.

Det er også jobba godt for å styrkje samarbeide med mataktørar som Bama, lokalgrossistar og matvareleverandørar for å sikre distribusjonen av lokale matvarer fram til forbrukaren.

Lokalmatprogrammet vert videreført i 2013 og vil vere med å sikre etableringer framover. Som eit ledd i målsetting og trygging av eksisterande bedrifter, samt stimulera til nysatsing hjå dei som ynskjer å etablere nye lokalmatbedrifter, tok Fylkesmannen og IN i 2011 og 2012 initiativ til eit program for matbedriftene i regionane. Her vart det lagt tilrette for kurs, oppfølging og samarbeidstiltak for aktuelle bedrifter. I denne satsinga skipa IN og FMLA 2 regionale kurs med til saman 60 påmeldte.

I 2012 startet vi arbeidet med en Matstrategi for Hordaland. Når den er ferdig i første kvartal 2013 skal den bli del av næringsstrategien for Hordaland 2013 - 17.

## **Deltaking på Grüne Woche i Berlin**

Fylkesmannen deltok saman med Fjordnorgeregionen i januar 2012 på IGW i Berlin. Gunnar Nagel Dahl hadde ansvar for kokkane på standen frå vår region. Vi hadde med lokale produsentar med egne og andres produkt frå vårt fylke. Vi får god respons på dette arbeidet, frå media og frå lokamatprodusentane i fylket. Standen er eit godt samarbeid mellom Vestlandsfylkene og ein stor og vellukka presentasjon av Noreg. Til neste årets IGW ynskjer vi å arbeide for ein enda sterkare konseptpresentasjon av lokalmaten som ei viktig turistoppleving i destinasjonen Fjordnoreg.

## **Landskapsparkar**

Landskapsparkane har vore eit pilotprosjekt i Hordaland frå 2006 – 2011. Bygdefolket i parkane har gjennom desse åra utvikla strategier, idear og prosjekt som avlar ny giv i dei involverte bygdene og kommunane. Fokuset på næringsutvikling er framleis viktigst, men ivaretaking av landskapet som grunnleggjande ressurs har fått stor merksemd i arbeidet. Eit oppegåande næringsliv er ei viktig grunnlag for attraktive bygder. Gardsbasert turisme, spesielt tilbod på vandring, lokal mat og aktivitetsferie er viktige satsing for dei fleste parkane. [www.landskapspark.no](http://www.landskapspark.no). Sjå til dømes Fykkesund, [www.fykkesund.no](http://www.fykkesund.no) og Åkrafjorden [www.aakrafjorden.no](http://www.aakrafjorden.no). Framover vil vi leggje stor vekt på samarbeidsprosjekt mellom aktørar i parkane.

I 2012 har vi i det nye RMP for 2013 – 16 lagd inn Landskapsparke som eigen tiltaksklasse med midlar til beitedyr. For første gong gir dermed ein tilskuddsordning ei særskilt premiering av bøndene sitt landskapsarbeid i dei lokale landskapsparkane. Prøveordninga skal vidareutviklast i dei komande år.

KRD lanserte i 2012 eit verdiskapingsprogram for regionale og lokale parkar. Etter ein søknadsrunde fekk 2 LP i Hordaland midlar til sine prosjekt. I tillegg vert det no gjennom dette programmet etablert fleire parkar i landet. I mai 2011 vart foreininga Norske parkar etablert. Landskapsparkane er fast styremedlem. Foreininga vil no ta fatt i arbeidet med å lage kriterium for godkjenning av parkar i Noreg. For mer informasjon, se den nye profilen og



## LUK- lokal samfunnsutvikling i kommunane

Hordaland fylkeskommune saman med partnerskapen, fekk i 2012 støtte frå KRD sitt program Lokal samfunnsutvikling i kommunane. I Hordaland er LUK-satsinga retta mot å styrka og koordinera pågåande programsatsingar i regi av partnerskapen (LivOGLyst, kom-an og kommuneprojektet). I samarbeid med høgskulen for landbruk og bygdenæringar har partnerskapen bl.a utvikla studiepoenggevendende kurs i samfunnsentreprenørskap. 14 av 33 kommunar har no deltatt på kurset. I tillegg vart det i 2012 tilbudd høgskulekurs i regi av Høgskulen i Bergen i etablerarretteleing. Ca 30 kommunar har no teke dette kurset.

## Program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland - LivOGLyst

LivOGLyst - program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland, starta opp i 2008 og vert leia av Hordaland Fylkeskommune. I 2012 vart programmet utvida og styrka med "LivOGLyst til alle kommunane" basert på ekstrasfinansiering frå KRD sitt LUK-program. To kommunar fekk i 2012 tildeling frå denne ekstrasatsinga. Pr. dato får 15 treårige og 4 eittårige prosjekt finansiering frå programmet, og ca 40 lokalsamfunn/kommunar er registrert som aktive nettverksmedlemmar. I tillegg får to livOGLyst prosjekt finansiering frå KRD sitt bulystprogram. Alle programdeltakarane får tett oppfølging av FMLA, HFK og IN, og det vert jamleg arrangert konferansar, nettverksamlingar og lokalt tilpassa kurs. I samarbeid med Distriktssenteret og partnerskapen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har livOGLyst utvikla og etablert konferanse Vestlandsk Vidsyn. I 2012 vart arrangementet lagt til Nordfjordeid/Sogn og Fjordane. Konferansen skal vera eit årleg kompetansetilbod for utviklingsaktørar i vestlandsfylka. Som ledd i kompetansesatsinga vert det også utvikla eigne rettleiarar for lokalsamfunnsprosjekt. Pr dato er 3 rettleiarar tilgjengelege på nettsida [www.vestlandskvidsyn.no](http://www.vestlandskvidsyn.no)

## Kommuneprojektet

Kommuneprojektet hadde oppstart i 2008 og har vore utvikla og drive av partnerskapet i samråd med KS og regionråda. Ved utgangen av 2012 har 29 av 33 kommunar signert samarbeidsavtalen. I avtalen inngår tilbod om deltaking i ulike kompetansetilbod, konferansar, kurs, etableraropplæring osv, og kommunane forpliktar seg å avklare korleis dei vil arbeide med og synleggjera si rolle som næringsutviklar (inkludert landbruk). Kommunane skal sikre god integrering og samarbeid mellom landbruk og øvrig næringsutvikling. Kommuneprojektet er i prinsippet avslutta, men som ledd i LUK-satsinga er prosjektet forlenga til 2015.

## Kom-an.no

I 2010 opna partnerskapen i Hordaland nettportalen [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no). På nettportalen kan førstelinetenesta, entreprenørar og lokale utviklingsaktørar finna informasjon om lokal og regional rådgjeving, pågåande utviklingsprogram, finansieringsordningar, arrangement og kurs. Alle LivOGLyst-prosjekt får opplæring i og tilbod om å utvikle eige nettside på portalen. Det er satt i gong arbeid med revitalisering av nettstaden [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no). Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå fylkeskommunen, fylkesmannen og Inovasjon Norge har utarbeidd ei skisse for innhald, navigasjon og grafisk utforming i samarbeid med firma Netlife Research ([www.netliferesearch.com](http://www.netliferesearch.com)). [www.kom-an](http://www.kom-an) vart relansert i desember 2012. Programmering av løysinga er utført av konsulentfirmaet knowit ([www.knowit.no](http://www.knowit.no)).

## Ungdomssatsing

Hausten 2012 vart konferansen "No e' da min tur III! arrangert. Konferansen samla ca 90 engasjerte deltakarar, dei fleste under 35 år. Det har også vore arbeid med å setje i gang 2 nye utviklingsprosjekt i regi av "Unge, bygda og landbruket - prosjektet". Pr dato er ein kommune klar til prosjektoppstart.

## Inn på Tunet

I 2012 har det og vore eit tett samarbeidd med Fagforum IPT i Hordaland. Ny søknad frå dette tilbydar-nettverket vart godkjend i 2012. Det vart lagt vekt på at dei må arrangere tilbydarretta kurs og synleggjera i større grad kva for føremonn det er å vera medlem i nettverket - og verva fleire medlemmar. I tillegg fekk nettverket innvilga søknaden Fylkeskommunale RULL-midlar, slik at medlemmane deira kan få støtte til kurs.

Nettverket har laga ein treårig plan for aktivitetar for å støtte opp om tilbydarane sine utfordringar. Nytt av året er at dei har starta med tilbydar-kafear, rettleiar for bruk av sosiale medier i IPT-verksemnda, og i samarbeid med IPT-nettverket i Sogn og Fjordane arrangert nettverkssamling.

Landbruksavdelinga har lagt vekt på at nettverket i i auka grad må ta initiativ til korte kurs og tilbydar-aktivitetar som vil støtte Inn på tunet arbeidet på gardane i Hordaland. Leiaren av nettverket gjennomførde i 2012 etablerarkurs, denne innsikten har vore viktig for å få dei andre tilbydarane i nettverket til å sjå på Inn på tunet verkstemda som ein sjølvstendig bedrift. Men det er samstundes viktig at nye tilbydarar veit kva mogleheiter



som ligg i etableringsfasen av eit Inn på tunet tilbod. Det ynskjeleg å styrke samarbeidet med Innovasjon Norge i 2013 og skipe til informasjonsmøter for nye tilbydarar, samt ein felles vurdering av nye stipendsøknader om Inn på tunet frå nye gardbrukarar i fylket.

Høgskulen i Molde har halde fram arbeidet med å tilby etterutdanningsmodular for Inn på tunet tilbydarar. Fylkesmannen har spreidd informasjon om kursa i fylket og det er gjeve støtte frå HFK sine RULL-midlar. I framtida blir det viktig å ha eit etter-og vidareutdanningstilbod for tilbydarane, og FMLA etterlyser eit landsdekkande nettressurs for alle kurstillboda Inn på tunet tilbydarane kan delta på.

Det vert lagt ut informasjon om IPT på eigen nettside på den nye nettportalen til fylkesmannen.no/hordaland. Landbruksavdelinga ser det som spesielt viktig å halde informasjonsaktiviteten høg når [www.innpaaturnet.no](http://www.innpaaturnet.no) vert bygd om av Matmerk. Kopi av dei siste nyheitene vert jamleg sendt til leiaren av nettverket, for vidare distribusjon til sine medlemmar.

Det har jamleg vorte informert om KSL sitt arbeid med Inn på tunet og oppmoding til å få godkjenning for IPT-drifta gjennom Matmerk. Omlag 50 tilbydarar ynskjer godkjenning i Hordaland, og vil motta revisjon i 2013. Det vart halde to KSL-kurs gjennom LHMS på Statens Hus i 2012, med omlag 8 deltakarar på kvart kurs. I 2013 vil det tilbydarar som ikkje har meldt sin interesse for å bli godkjende, vert kontakta og oppmuntra til innmelding i Matmerk.

Det vart gjennomført eitt møte med IPT-løftkommunane våren 2012. Alle IPT-kommunane er no godt igang, og arbeider systematisk med å gjera IPT kjent og sikre gode kontraktar mellom kjøpargruppene og IPT-tilbydarane. Kvinnherad vart ny Inn på tunet-løft kommune i 2012, med satsing på dagtilbud for demente. Eit interkommunalt samarbeid mellom Ullensvang, Odda og Eidfjord kommune om tverretatlig samarbeid om å etablere Inn på tunet-tilbod i Indre Hardanger, fekk tildelt skjønnsmidlar frå fylkesmannen i November 2012. Dei har moglegheiter for å søke om dette også i 2013. Dette er ei viktig satsing framover, då FM ser eit stort føremon med interkommunalt samarbeid om Inn på tunet.

Ei hovudoppgåve for FM er å informera og stimulera kjøpar-gruppene som m.a. kommunane til å sjå fordelane ved Inn på tunet tilbod for deira verkstemd. Det er planlagt eit tettare tverrfagleg samarbeid mellom helse-utdanning-og landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen. Februar 2012 vart det difor gjennomført ein studietur til Sveio for å orientera helse-og utdanningsavdelinga om moglegheitene ved Inn på tunet arbeidet i kommunane. I etterkant vart det skriva ein felles nettartikkel og mandat til å gjennomføra arbeidet med ny handlingsplan for Inn på tunet i Hordaland. Arbeidet med handlingsplanen tek til når den nasjonale handlingsplanen er ferdig. Oppstartsmøte er planlagt i juni, med ferdigstilling i november 2013.

Ei tverrfagleg ressursgruppe med forskarar, studenter og forvaltning (ca 8-10 personar) som interesserer seg for Inn på tunet, møttast 3 gonger i 2012, på Statens Hus. Viktige faglege diskusjonar vert ført ut frå deira fagfelt som spenner seg frå ergoterapi, fysioterapi, pedagogikk, og helsefaglege spørsmål. I 2013 er det planlagt populærvitenskaplege artiklar om Inn på tunet, basert på deira faglege ståstad. Nokre av dei vil og bidra med innlegg på den nasjonale konferansen om Inn på tunet i Alta, som landbruksavdelinga i Hordaland har vore med å planlagt.

Eit viktig moment som har kome opp som eit problem for Inn på tunet tilbydarane i 2012, er at deira Inn på tunet verksemd ikkje vert godkjend som relevant inntekt inn under jordbruksfrådraget. Skatteetaten hadde eit spesielt fokus på jordbruksfrådraget i 2012, og fleire Inn på tunet tilbydarar har mista ein viktig del av inntekta, grunna auka skattelegging. I og med den nye definisjonen til Inn på tunet, som vektlegg Inn på tunet som ein gards-basert næring, bør det opnast opp for å inkludera inntekt frå Inn på tunet som ein del av jordbruksfrådraget.

### **Prosjekt Ny bruk av ledige landbruksbygg.**

Landbruket sine bygningar representerar store bruksressursar i Hordaland. Prosjektet Ledige landbruksbygg har i 2012 arbeidd med å gjere prosjektet kjent kring om i kommunane. Fylkesmannen i Hordaland saman med styringsgruppa for prosjektet fokusert sterkt på dei juridiske aspekta med restaurering, ombygging og bruksendring etc. Dette har vi gjennom kommunikasjon, motivering og haldningsskapande arbeid. Det er i 2012 halde fire regionale møter med Hordaland fylkeskommune og det nasjonale prosjektet har finansiert ei ordning for faglig og økonomisk støtte for bønder/eigarar av gardsbruk som har planar om å ta fatt på driftsbygningar/våningshus etc. Denne ordninga er administrert av kommunane i fylket.

I dette fylket er det i tillegg satt i gang to delprosjekt som tangerer dei same utfordringane. I fire kystkommunar er det iverksett prosjekt med fokus på nye næringer i fiskarbonden sine bygningar. Tilsvarande prosjekt er igangsett kommunalt på Voss med Vossaløer som tema. Dette prosjektet er knytt nært opp mot Voss kommune sin tunge status innanfor reiseliv og ekstremidportmiljøet. Det er i hovudsak finansiert gjennom kommunale og fylkeskommunale midlar. Fylkesmannen har saman med forfattar Eva Røyrane og fotograf Oddleiv Apneseth tatt

initiativ til å utarbeide et nasjonalt bokverk med arbeidstittel "Den norske låven - landsbygdas katedraler". Alle Fylkesmenn i landet er bedt om å spele inn forslag frå sine respektive fylker. Det er innvilga midlar til rådgiving for eigarar av ledige landbruksbygg. Prosessen med å gjøre ordninga kjent fortsett vidare gjennom møte og formidling av dei gode eksempla i media. Voss kommune har starta prosjektet "Ei løe i endring". Første del er ferdig, og det arbeidast vidare med utvikling av konsept og forretningsmodellar. Gjennom dette prosjektarbeidet har det regionale partnerskapet med faglag, fylkeskommune og Innovasjon Norge blitt styrka. Arbeidet har mellom anna resultert i prosjektet "Ny bruk av ledige sjøhus", som har fått egen løyving frå RUP.

Styringsgruppene for prosjekta samordnar satsinga vidare. Eit resultat er at det er skapt stoltheit blant eigarane, og ikkje minst har prosjektet frambrakt en betydeleg mobilisering frå mange personar og aktørar kring om i fylket. Prosjektet har ei eiga heimeside [www.ledigelandbruksbygg.no](http://www.ledigelandbruksbygg.no)

## Grønt reiseliv og utmarksnæring

### *Den Grøne Sløyfa*

Ein av landbruket i Hordaland sine største reiselivsklynger, Den Grøne Sløyfa, har i 2012, som året før, vore prøvd ut som rundreise-område for den kommersielle storsatsinga, "Inn i det Trolske" (Rødne Fjord Cruise og Turistbuss Bergen AS). Fylkesmannen har delteke aktivt i arbeidet med å avklare kva organisatoriske løysingar klynga skal velje. Ønsket om å byggje seg opp som ein nærmast sjølvstendig destinasjon vart ikkje stetta, men ein vil følge dette og andre nisjebaserte reiselivsinitiativ i fylket opp på ein god måte vidare (bedriftsnettverka til Innovasjon Norge).

### *Organisering av reiselivet*

Regjeringa har med bakgrunn i tilrådinga frå ulike bransjeorganisasjonar vedteke ein handlingsplan for å rasjonalisere strukturen og organiseringa av reiselivet i Noreg. Landbruksavdelinga har teke sterkt til orde for at denne prosessen ikkje må gå ut over det bygdebaserte reiselivet, som lett vert gløymd i prosessar som dete. Landbruksavdelinga har sett dette temaet på dagsorden i det regionale reiselivsforumet i Hordaland. Det vil i denne anledning mellom anna bli sett på om partnerskapen skal velje ein annan form for sin kompetanseoverførande regionale reiselivskonferanse. Lokale samlingar/work shops kan verte eit aktuelt alternativ. Reiselivsseksjonen hos Hordaland fylkeskommune har teke på seg ansvaret for å sikre framdrift i dette arbeidet.

### *Jaktturisme*

I arbeidet med å rulle ut storviltjakt (hjort) som eit ettertrakta tilbod innan det bygdebaserte reiselivet, vart den regionale konferansen, "Hjort i Vest", arrangert i Bergen i mars. Store deler av vinteren gjekk med til å førebu denne konferansen, der Fylkesmannen har teke på seg arrangøransvaret. Hordaland fylkeskommune er medfinansior.

### *"Møteplass Reiseliv"*

Kvart år vert reiselivskonferansen, "Møteplass Reiseliv" arrangert. Det er partnerskapen FMLA, HFK og IN som står bak konferansen. Denne reiselivskonferansen har mellom anna som mål å kople større og mindre aktørar i bransjen saman, men så langt har ein ikkje lukkast i å sjå kommersielle suksessar i kjølevatnet av dette arbeidet. Sett og i lys av den nye reiselivsstrategien til fylket gjer dette sitt til at partnerskapen no har til vurdering kor vidt ein slik regional konferanse er ein eigna metode å jobbe vidare med i tida framover. Det vert diskutert om ein ikkje i staden for skal leggje til rett og bidra til lokale samlingar/work-shops. Ein har valt å sjå dette i samheng med innspelet som har kome frå reiselivsaktørar i Odda kommune, "Perler i fossenes dal". Med eit utvida geografisk område (Sørfjorden og Skjeggedalen/Trolltunga) og med ein breid innbyding til deltaking kan dette området verte ein verdig kandidat som pilot på partnerskapen sin lokale tilnærming. HFK har teke på seg ansvaret med å bringe dette arbeidet vidare fram mot ei avklaring.

### *NCE Tourism Fjord Norge*

Landbruksavdelinga har gjennom dei åra prosjektet har vart meint at det har vore ein rett bruk av ressursane å vere ein integrert del av dette arbeidet. Dette har imidlertid ikkje vore til hinder for at avdelinga har gjeve klart uttrykk til prosjektleiinga om at ein har vore noke misnøgd med resultata prosjektet har å vise til når det gjeld det bygdebaserte reiselivet. Avdelinga vil kunne støtte prosjektet for eit år av gongen, men vil og vurdere om det kan vere andre måter å jobbe for å fremje det bygdebaserte reiselivet.

I 2013 startar NCE ein ny kontraktsperiode. Fylkesmannen vil vurdere om det er aktuelt å fortsette engasjementet. Mykje tydar på at integrasjon og konseptutvikling av landbruksbasert turisme kan bli ei viktig satsing i Fjordnoregionen.

### *Global Sustainable Tourism Criterias (GSTC)*

Sidan 2007 har landbruksavdelinga jobba sterkt for å overtyge partnerskapen om at vegen for ein veksande reiselivsnæring kun går via auka fokus på bærekraft. Det var difor ein "seier" da NCE Tourism Fjord Norge søkte om pilotstatus i det globale prosjektet, GSTC, der ein skulle utforme og tilpasse kriterier for å bygge bærekraftige

destinasjonar. Dette arbeidet har blitt fulgt opp av seminar og konferansar kor landbruksavdelinga har spelt ein viktig rolle i utforminga av dei ulike kriteriesetta.

### **Småkraftutbygging**

Landbruksavdelinga er no representert i den tverrfaglege arbeidsgruppa i vassdragsspørsmål på embetet og har hatt fleire saker til uttale; både einskildsaker og kommunedelplanar. Det har vore avdelinga sitt mål å syte for at saker kor ei utbygging sikrar fortsatt drift av garden/gardane skal verte vurdert mildare og meir fleksibelt enn saker kor dette ikkje er tilfelle.

## **Resultatområde 22 Klima- og miljøtiltak i landbruket**

Som ein del av det Regionale Bygdeutviklingsprogrammet, gjennomførte Fylkesmannen si landbruksavdeling saman med landbruket sine organisasjonar og regionalt partnerskap, i 2012 ei revidering av regionalt miljøprogram (RMP) for perioden 2013 – 2016. Den overordna målsettinga med det regionale miljøprogrammet er å medverke til auka målretting av miljøarbeidet i jordbruket og til betre synleggjering av landbruket sin samla miljøinnsats. Programmet skal også medverke til betre forankring av miljøarbeidet på fylkeskommunalt og kommunalt nivå.

### **22.3 Miljøprogram og miljøplan**

#### **Rullering av regionalt miljøprogram**

Fylkesmannen si landbruksavdeling reviderte i 2012 regionalt miljøprogram (RMP) for perioden 2013 – 2016. Den overordna målsettinga med det regionale miljøprogrammet er å medverke til auka målretting av miljøarbeidet i jordbruket og til betre synleggjering av landbruket sin samla miljøinnsats. Programmet skal også medverke til betre forankring av miljøarbeidet på fylkeskommunalt og kommunalt nivå.

Miljøutfordringane i jordbruket i Hordaland er knytt nært opp til strukturendringane i næringa. Frå førre programperiode har det mellom anna vore ein nedgang i sauetalet på heile 15% og 32% for geita. Heile 168 bruk er lagt ned frå 2011 – 2012. Den reduserte aktiviteten i landbruket fører til endring i bruken av arealet. Det beste arealet vert drive vidare, medan kantar og vanskelege teigar går ut av drift. Eng blir tatt til beite, mens beiteareal i inn- og utmark går ut av drift. Særleg gjeld dette i bygder der grovfôrbasert husdyrhald er sterkt redusert. Dette vil på sikt få negativ innverknad på busetnadsstruktur og næringsverksemd i fylket, og få negative konsekvensar for dei natur- og kulturhistoriske verdiane i jordbruket sitt kulturlandskap. Helsestilstanden i våre vassdrag er gode fordi vi ikkje dyrkar korn eller andre vekstar som har open åker som ein del av produksjonssyklusen. Utslipp av lystgass er likevel ei utfordring knytt til husdyrhald og handtering av husdyrgjødsel.

På bakgrunn av analysar av miljøutfordringane i jordbruket, er det utarbeidd eit regionalt miljøprogram som har som mål å styrke regionen sin eigenart, og fremje og utvikle dei natur- og kulturhistoriske verdiane i kulturlandskapet. Vidare skal programmet vere med å sikre og utvikle særprega landskapstypar, verdifulle kulturmarkstyper, kulturmiljø og prioriterte biotopar. Gjennom programmet skal også utslipp til luft og vatn prioriterast og forbetrast.

Det må leggjast til rette for at den tradisjonelle, landbruksbaserte matproduksjonen i Hordaland vert teken vare på, som grunnlag for næring, skjøtsel av landskap og styring av attgroinga. Strategiane elles andsynes attgroing vil vere å rette verkemidlane inn mot skjøtsel av kulturlandskap med prioriterte kvalitetar og stimulere til utvikling av kultur for samarbeid og nye driftsmessige løysingar på tvers av eigedomsgrensar. I Hordaland er det naturleg å prioritere stølslandskapet, kystlyngheiane, dei brattlendte bruka, utmarksressursane og Landskapsarkane.

Følgjande strategiar er vedtatt for perioden:

1. Samarbeid om beite og beitebruk
2. Sikre eit utval av kulturlandskap, biotopar, kulturmarkstypar og kulturmiljø

3. Kulturlandskap og næringsutvikling
4. Gjere kulturlandskap tilgjengelig
5. Klima og forureinig
6. Økologisk landbruk
7. Kompetanseheving
8. Tilskotsordningar

For perioden 2013-2016 er det tatt i bruk eit felles nasjonalt menysystem for tilskotsordningane. Det inneber at vi kan utforme tilskotsordningar innanfor ein forhandsdefinert meny. Desse menyane for tiltaka er igjen knytt opp mot eit nytt søknads- og sakshandsamingssystem som er under utvikling og som skal vere klart for søknadsomgangen august 2013. Desse endringane har fått konsekvensar for endringane i tilskotsordningane under strategi nr 8 Tilskotsordningar.

*Endringar i tilskotsordningane under strategi nr 8 er som følgjer:*

Kravet til dokumentasjon ved bruk av sjekklister fell bort og vert erstatta med krav om Miljøplan trinn 2.

*Desse ordningane vert vidareført, med mindre endringar:*

- Skjøtsel av bratt areal
- Skjøtsel av kystlynghei Ordninga med tilskot til Vestlandsk fjordfe og Vestlandsk raukolle vert endra til ei ordning for bevaringsverdige husdyrraser. Fjordhesten vert tatt inn i ordninga.
- Skjøtsel av styvingstre
- Automatisk freda kulturminne vert ei tre delt ordning: 1) Skjøtsel av gravminne 2) Skjøtsel av gravfelt 3) Skjøtsel av andre automatiske freda kulturminne.
- Støling

*Desse ordningane vert avvikla*

- Tilskot til landskapsskjøtsel med ammegeit
- Verdifullt innmarksbeite (delvis erstatta av ny ordning)
- Tilskot til gamal norsk sau
- Gamle, verdifulle frukthagar
- Freda bygg og kulturmiljø (delvis vidareført i ny ordning)
- Veglause kystgardar (vidareført i ny ordning)
- Tilskot til vedlikehald av turstiar
- Tilskot til friareal for grågås

*Nye ordningar:*

- Beite i utmark
- Regionalt prioriterte kulturlandskap (Landskapsarkar)
- Tilskot til kystlynghei beita med utgangarsau
- Skjøtsel av viktige kulturhistoriske område
- Miljøavtale - for lokalitetar med elvemusling
- Nedlegging av husdyrgjødsel

### **SMIL løyvinger i 2012**

Kommunane løyvde tils aman kr 7 875 789 i tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) på til saman 266 tiltak. Løyvinga til Hordaland var på kr 6,9 mill kr kor resterende er trekk inn av ubrukte midlar.

- Biologisk mangfald, 2 tiltak: kr 140 000
- Gamal kulturmark, 182 tiltak: kr 4 487 678
- Freda og verneverdige bygg, 55 tiltak: kr 2 337 456
- Kulturminne, 15 tiltak; kr 354 655
- Friluftsliv, 12 tiltak, kr 498 500,-

Utfordringen er å få kommunane til å prioritere tiltak innan tema kulturminne, friluftsliv og biologisk mangfald.

### **Informasjonsarbeid**

Vi har hatt stor aktivitet i fylket knytt til informasjonsarbeid, nytte av økonomiske verkemidlar knytt til SMIL, RMP og Handlingsplan for slåttemark og planlagt handlingsplan for kystlynghei. Gjennom prosjekt som

Landskap i drift og Landskapspark haustar vi erfaringar om korleis vi kan få til modellar for samarbeid om driftsformer og næringsutvikling, for å sikre og utvikle verdiane i kulturlandskapet. For 17 gang har vi delt ut den regionale kulturlandskapsprisen og fått stor merksemd i lokale og regionale aviser.

### **Kartlegging av stolar i aktiv drift**

I 2011 og 2012 har vitja alle stølane som mottok RMP tilskot for tradisjonell støling, slik at vi kan følgje dei opp og stimulere til vidare drift. Resultata frå prosjektet er presentert i eiga rapport frå prosjektet og resultata er også presentert i det regionale miljøprogrammet.

### **Kartlegging av kystlynghei i aktiv drift**

I 2012 har vi arbeidd med å digitalisere resultata frå kartlegging av kystlynghei og samanstillt resultata i ein eigen rapport. Rapporten og karta er eit svært nyttig verktøy både sett opp mot tilskotsforvaltninga av SMIL og RMP, oppdatering og kvalitetssikring når det gjeld kartlegging av biologisk mangfald og naturtypar, og i samband med arealsaker på ulike nivå. Kartlegginga vert nytta til oppfølging av Handlingsplan for kystlynghei som startar opp i 2011/2012. Kommunane vil også nytte resultata i arbeidet med kommuneplanar. Fitjar kommune har allereie nytta resultata i framlegg til kommunedelplan med omsynssoner kystlynghei/kystgarder.

Kartlegginga i Hordaland blir brukt som utgangspunkt for arbeid med utvald naturtype, i samarbeid med miljøvernavingdelinga: vidare naturvase-kartlegging og tilskot til skjøtsel til dei viktigaste områda. Landbruksavdelinga er aktiv i dette arbeidet. Ein samarbeider òg om forvaltning av artsrik slåttemark, og i aukande grad om artsrik beitemark / beitemarkssopp.

### **Informasjonsmidlane kulturlandskap og miljøvennlegdrift**

Midlane har vore prioritert opp mot arbeidet med å lage gode døme på Miljøplan trinn 1 og 2 for næringa og i kursa som er halde kring om i fylket.

### **Vassdirektivet**

Fylkesmannen har delteke aktivt i arbeidsgruppa for implementering av Vassforskrifta i Hordaland. I det vidare arbeidet med utvikling av handlingsprogram og tiltaksplanar vil landbruket få meir kunnskap om miljøtilstanden i våre vassdrag. Avrenning frå jordbruket til vassdrag i Hordaland er i dag minimal sidan det meste av jordbruksareala i Hordaland er grasdekt.

Landbruksavdelinga ble først i slutten på året kopla på eigen vassdragsgruppe ved embetet, men har no plikt og rett til å delta i høyringsprosessane knytt til vassdragsaker. I 2012 starta arbeide med tilstandsvurdering av vassdraga i vassregionane.

### **Klimatiltak**

Ein ser endringar og utfordringar knytt til intens nedbør og endra vekstsesong. Framover vil ein arbeide med aktuelle tiltak for at landbruket skal bli meir tilpassa eit endra klima.

### **Samarbeid om klimatilak gjennom Klimaplan for Hordaland**

Fylkesmannen tar aktivt del i ulike nettverk i klimaarbeidet på fylkesnivå. Vi har dialogmøter med Fylkeskommunen og landbrukets organisasjonar, samt Fylkeskommunens klimanettverk opp mot kommunane. I Hordaland har Fylkesmannen tett samarbeid med Fylkeskommunen om gjennomføring av tiltak i fylkets klimaplan og dertil høyrande handlingsprogram. På landbrukssida vert det arbeid med fleire tiltak.

Tre av tiltaka har som mål å redusere utslepp av lystgass. Prosjektet *Grovfôr i Pluss* ved Norsk landbruksrådgjeving arbeider med optimalisering av gjødslinga på gardsbruk gjennom systematisk rådgjeving og oppfølging, mellom anna med klimagassrekneskap. Prosjektet *Landskap i drift* ved Fylkesmannen arbeider med å auke andelen av fôrøpptaket frå beite/utmark slik at nitrogengjødselbehovet til haustingsfôr vert redusert. *Tilskot til grøfting i 2011* blei gjennomført som tiltak for å redusere utslepp av lystgass frå vassjukt areal. Med tilskotssats på 25 kr/meter er det løyvd kr 300.000 til 12.000 løpemeter grøft fordelt på 17 føretak. Pengane blei henta frå handlingsprogrammet v / Hordaland Fylkeskommune.

Det er vidare satt igang arbeid med ei utgreiing som skal kvantifisere klimaeffektar for landbruket i Hordaland. Utgreiinga skal og gje svar på kva områder vi bør fokusere på i klimaarbeidet i landbruket hjå oss. Det skal og takast fatt på eit arbeid med å utgreie aktuelle tiltak for tilpassing til endra klima for landbruket på Vestlandet. Dette arbeidet vert eit samarbeid mellom FMLA i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

**Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2012 etter søknadsomgang 2011 - kroner utbetalt til hovedområder**

Embeter	Kulturlandskap	Avrenning til vassdrag	Kulturmiljøer og kulturminner	Tilgjengelighet - friluftsliv	Biologisk mangfold	Plantevernmiddel	Avfall	Andre miljøtiltak
FMHO	13262620	0	2513803	296508	2513803			
<b>Sum</b>	<b>13262620</b>	<b>0</b>	<b>2513803</b>	<b>296508</b>	<b>2513803</b>	<b>0</b>		

## 22.4 Økologisk landbruk

Utfordringane for Hordaland i forhold til utviklinga av økologisk landbruk er framleis dei same og krev ein del stønad og stimulering for å auke tempoet av omlegginga til økologisk produksjon.

Dette gjeld for alle dei tre ulike produktgruppera som er prioritert i handlingsplanen: grovfôrbasert kjøttproduksjon, mjølk og frukt.

Informasjonsarbeid, kompetansebyggjande tiltak og samarbeid med fokus på de spesielle utfordringane på Vestlandet, har vært leiande for arbeidet vårt med handlingsplanen 2012.

Handlingsplanen vår rommar *Kunnskap og Nettverk, Produksjon og Foredling og Omsetning* med dei utvalde satsingsområde mjølk, grovfôrbasert kjøttproduksjon og frukt & bær. Handlingsplanen satte måla om at produksjonen skulle doblast frå 2009 til 2015. Medan vi hadde ein sterk oppgang i både dyretal og areal i starten, ser det ut som at det stabiliserte seg i 2012. Vi venter på ny rapporten frå Debio og at den nye databasen vil komme på nettet (slutten av februar) med for å kunne sjå nærmare på måloppningane våre.

**Økologisk areal Hordaland 2012:** Økologisk 10.630,9 dekar Karens: 317 dekar

Hordaland: Frukt – økologisk 308,5 dekar Bær – økologisk 9,4

### Tiltak ift handlingsplanen i 2012 var:

#### **Fruktproduksjon/ grønsaksproduksjon**

*Njøs*; Kvalitetskompost og aerob kompostkultur til bruk i frukt- og bærhagar (*vidareføring*)

*Norsk landbruksrådgiving Hordaland*; Økogrønt på lokale fat. Utviding av økologisk grønsaksareal i økolyftkommune Voss (*vidareføring*).

#### **Grovfôrbasert kjøtt produksjon/ mjølk;**

*Bioforsk Tjøtta/ Furenaset*; Proteinrikt grovfôr basert på nitrogen fikserande planer under ulike klimaforhold (flerårig prosjekt, siste år)

*Norsk landbruksrådgiving Hordaland*; Luserne som godt alternativ til tradisjonelle belgvekstar (*vidareføring*)

*Norsk landbruksrådgiving Hordaland*; Praktisk plantevern – økologisk grovfôrproduksjon (*vidareføring*)

#### **Kunnskap og nettverk**

*Fremtiden i våre hender*; Annonsebilag «Grønn mat bilag»

*Oikos Vest*; Informasjonsarbeid (VL), Økopris Vestlandet, Bergen matfestival

*RenMat*; Forbrukerguide/ Økoguide

*Farmhouse AS*; Økoaksjonsdag på matfestivalen

*FMLA*; Økologisk storkjøkkenseminar

*Oikos Vest + Bærekraftig liv på Landås*; Ideverkstad om parsellhager/ andelslandbruk i Bergen kommune

*Unge kokker*; «Kurs: 5 om dagen på nye måter»

#### **Foredling og omsetning**

*Farmhouse AS*; Infokampanje på facebook i regi av fylkesmannen



## **Føregangsfylke økologisk frukt og bær**

Det vart gjennomført 5 møter i styringsgruppa for Føregangsfylke økologisk frukt og bær.

Økologisk frukt-og bærareal i Hordaland og Sogn og Fjordane nådde i 2011 800 daa, noko som er 70 dekar frå måsetjinga som vart sett i søknaden i 2010. Det har vore ei auke i produksjonen av økologiske eple i klasse 1 i dei to føregangsfylka frå 30 til 34 tonn frå 2010-2012. På landsbasis har levering av økologisk eple auka frå 59 til 66 tonn i same periode. Økologiske plommeproduksjonen har generelt vore låg dei to siste åra, og held seg på omlag 12 tonn. Levering av økologisk frukt til industriell bearbeiding aukar, men er ikkje talfesta statistisk i offentleg system enno. Det er ynskjeleg med innsamling av statistikk for tonn økologisk frukt levert til industriell bearbeiding, i samband med det nye tilskotet for å levere frukt til fruktjusindustrien. Føregangsfylke økologisk frukt og bær ser det som positivt at SLF har etablert prisnotering på frukt-og grønt, og håpar ei tilrettelegg for å få ein betre statistikk over norsk økologisk produksjon av frukt-og grønt kan få ein høg prioritering i framtida.

Det er framleis eit mål å syte for relevante økologiske tema på ulike type kurs og møter kor konvensjonelle dyrkarar møtest. Hovudaktivitetane har vore utvikling av visningshagane for økologisk fruktdyrking på Njøs i Sogn og Ernes i Hardanger, med demonstrasjonar av maskinar og dyrkingstekniske løysingar for økologisk drift. Det har vorte utarbeidd nyplantingsmanual og sendt ut nyheitsbrev til alle frukt og bær dyrkarar i Noreg, samt vedlikehald av blogg og artiklar i Norsk frukt og bær. Det vert også gjennomført mindre FoU-arbeid på jordkvalitet i frukt-og bærhagar og kartlegging av arbeidsinnsats i økologisk fruktproduksjon. Resultat er venta i byrjinga av 2014.

2012 vart avslutta med ein studietur til landbruksmaskinmessa i Bologna i Italia, kominert med ein tur til to økologiske fruktdyrkarar i Syd-Tyrol. Det var ein vellukka tur kor ein fant fram til lettare utstyr for mekanisk ugrasresning og nedmodling av gjødsel i same operasjon. Den vart henta frå utstyrsleverandørar til vindyrkarane, tilpassa bratt terreng og små teigar. Heile fem dyrkarar har bestilt maskina ein fann mest optimal for norske tilhøve. Dette er maskinar som i framtida kan vera interessant dersom det vert større restriksjonar på bruk av kjemiske ugrasmiddel.

Det har og vorte arbeid med å få oversikt oversikt over økologisk andel i skulefruktordninga, som er på mindre enn 1 %, og korleis ein kan auke denne. Skulefruktordninga har ei kompleks organisering og er styrt av innkjøpsordningar og kvalitetskrav. Eit av dei største hindra for innkjøp av økologisk skulefrukt til ordninga er at kommunane får tilskot til skulefrukt som ei rammebevilgning. Hadde det vore øyremerkte midlar til skulefrukt og ein strategi for å minke svinn av frukt, ville ein ha kunna ha kjøpt inn økologisk skulefrukt ein dag i veka, utan meirkostnader.

Innan 1. mars vil Føregangsfylke økologisk frukt og bær rapportera i detaljar frå prosjektåret 2012 til SLF, og då vil også areal-statistikken frå Debio i 2012 verte inkludert. Det er likevel eitt punkt som me no ser klare tendensar til, spesielt i Sogn og Fjordane. I dette fylket er det mange eldre fruktteigar som har vorte lagt om til økologisk drift, for levering til industriell bearbeiding til økologisk jus hjå Balholm. Derimot er det berre ein produsent som leverer konsumfrukt til grossist gjennom Sognefrukt. I tillegg er det tre aktive produsentar som leverer til det sjølvstendige fruktlageret Fresvik kjølelager. Balholm tek i mot omlag 40 tonn økologisk frukt til press, frå høvesvis store areal med liten produksjon. Det betyr at det økologiske arealtilskotet vert gitt til areal som har uforsvarleg liten produksjon, i høve til normal økologisk drift.

Føregangsfylke har i 2012 gitt støtte til eit mindre prosjekt i Sogn, for å auke kvaliteten og mengda til dei som leverer til Balholm. Det er stor sprik i kor aktivt produsentane driv frukthagane. Prosjektet viser at nokre produsentar driv veldig ekstensivt, med lite stell av hagane, bortsett frå høsting. Debio har ikke heimel til å underkjenne bruk for ekstensiv drift, og det er difor kommunane som sit med kontrollansvaret. Offentlege reglar for aktiv landbruksdrift er vage, og Føregangsfylke økologisk frukt og bær etterlyser klårarare retningslinjer for aktiv landbruksdrift - eller eventuelt grense for ekstensiv drift. Ein ser tendensar til at økologisk fruktproduksjon har dårleg rykte i det konvensjonelle miljøet, grunna lite aktiv drift og høvesvis store tilskotssatsar.

Det har vorte gjort tiltak for å stimulera til fornying av gamle frukthagar. Med auka sats for økologisk drift, har det vore viktig for å stimulera til nyplanting i fleire eldre frukthagar. Likevel meiner styringsgruppa i Føregangsfylke økologisk frukt og bær at ein må bruka fleire stimulerande verkemiddel for å auke produksjonen av konsumfrukt (klasse 1). Styringsgruppa føreslår å legge til eit distrikt-og kvalitetstilskot til økologisk frukt-og bær, på 2 kroner per kilo økologisk frukt og bær som er godkjent for distrikts-og kvalitetstilskot. Då vil ein belønna dei som produserar til konsum og stimulera til auka produksjonen per dekar. Snittproduksjonen i dag på omlag 450 tonn per dekar for eple, men bør kunne koma opp i 1000 tonn per dekar eller meir på dei beste teigane.

[Sjå NILF-rapport.](#)

Føregangsfylke økologisk frukt og bær har saman med Føregangsfylke Grønt fremja forslag overfor SLF om å etablere ein marknadskoordinator innan økologisk frukt-og grønt. Med ein slik ressurs vil ein få ein betre samordning av behov og omsetjing av økologisk produksjon frå dei norske frukt-og grøntmiljøa. Marknadsarbeid må gjerast profesjonelt og med rett posisjonering i grossist og salsledda for frukt-og grønt, og vert vanskeleg frå ein forvaltningsposisjon. Med ein marknadskoordinator for økologisk frukt og grønt vil det vera mogleg å stimulera til auka omlegging med sikrere omsetjing av frukt-og grønt som økologisk vare heilt fram til forbrukar.

## 22.5 Tre og miljø

### Bioenergi

I 2012 har det vore lita ny interesse for bioenergi tufta på fast trebrensel i Hordaland. Dei etablerte anlegga driv fortsatt, men har fortsatt marginale overskot. Eit av anlegga vart råka av brann og er ikkje lenger i drift, medan eit nytt er nett starta i Kvinnherad. Landbruksavdelinga har jobba for å auke merksemda kring biogass, men grunna høge investeringskotnadar og noko umoden reaktorteknologi vart pilotstudien i Kvinnherad ikkje vidareført. Det er landbruksavdelinga si forventning at biogass og bioenergi basert på hestemøkk vil kunne styrke seg som næring

Landbruksavdelinga har støtta eit pilotprosjekt i regi av "Den Grøne Sløyfa", som har dokumentert kostnader, utfordringar og ikkje minst gevinsten av å rydde biomasse langs veg. Ein har von om at reiselivsaktørane i dette nettverket samt turoperatorane som trafikerar sløyfa vil søke samarbeid med dei tre berørte kommunane og etablere meir permanente løysingar for å auke trafikktryggleiken og kjøreopplevinga for dei reisande.

Hordaland har etablert eit "Klimanettverk" der Fylkesmannen er godt representert for å diskutere, utvikle og iverksetje klimarettatiltak. Nettverket har hatt fleire møte med lanseringa av ein programvare som set kommunane i stand til sjølve å rekne på effekten av klimatiltak, som ein viktig milepel. Skog og bioenergi er sentrale tema for dei landbruksrelaterte diskusjonane.

Hordaland fylkeskommune har evaluert den regionale klimaplanen og FMLA har vore sentral medspelar i dette arbeidet.

### Bruk av tre

Prosjektet «Tresatsinga i Hordaland» har overteke "Tre i sentrum" som vart avslutta i 2012. I dette prosjektet stiller Fylkesmannen ein 60% stilling til rådigheit og vil vidareføre saman med Innovasjon Noreg den tresatsinga som vart gjort i «Tre i Sentrum». Prosjektet har vore ein aktiv nettverksbygger og pådrivar for eit samarbeid mellom ulike aktørar. Spesielt vil ein trekkja fram «tregjengen» som er eit fora der utdanningsinstitusjonar (BAS, HiB, KHiB og HFK-Arna vidaregåande skule) møtast regelmessig og samarbeider på ulike nivå får å styrkja trekompetansen i sine skular. Fylkesmannen bidreg også i årets Bergen Wood internasjonale trefestival som vart denne gongen plassert i Vågsbunnen under Bergen Nattjassfestival og vekte stor åtgåum. To trekonferansar vart arrangert, ein for studentar (170 deltakarar) og ein «Framtida byggjast i Tre 2012» (100 deltakarar) i samarbeid med Kystskogbruket, Bergen Kommune, Fylkeskommunen, Innovasjon Noreg og Trefokus. Tredrivaren i Hordaland har arbeidet med nytt kai-konsept i tre saman med delprosjekt «Tre og Samfærdsel» i Innovasjon Noreg. Det ligg an til at to industrikaier, ein i Lindås kommune og ein i Kaupanger vert utreda som tre-prosjekt. Prosjektleiaren deltek aktivt i det nasjonale TREnettverket og i Nordic Wooden Cities nettverket med Bergen kommune. Ein kan konstatera at det er mykje interesse for trebygging i Bergen, Søreide skule er påbegynt og ein ventar byggjearbeid på verdas høgaste trehus (BOB blokken ved Damsgårdssundet) i 2013.

## Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Lovverket på dette området er omfattande og kommunen er førsteinstans ved handsaming av desse lovsakene. Fylkesmannen som kompetanseorgan på området er oppteken av at kommunane får god oppfølging i regelverket. Dette vert ivareteke ved dialog med kommunane. I 2012 var reglane i jordlov, konsesjonslov og odelslov tema på dagsamling for sakshandsamarar i kommunane arrangert av fylkesmannen med god deltaking. Fylkesmannen ser trongen for ytterlegare kompetanseoppbygging i kommunane på dette området.

Fylkesmannen er også tillagt ansvar for å føre kontroll med kommunane si praktisering av regelverket på



området. I 2012 har kontroll med dette regelverket vore gjennomført i 8 av kommunane i fylket i samband med den forvaltningskontrollen som fylkesmannen gjennomfører på tilskotsområdet. Slik kontroll vil vi også halde fram med i 2013.

Fylkesmannen har ikkje så langt nytta sin mynde etter jordlova § 3 til å innhente fortløpande vedtak frå kommunar etter jordlova og konsesjonslova, men har under fortløpande vurdering å nytte heimelen.

Fylkesmannen handsama i 2012 i alt 22 saker etter konsesjonslov og jordlov. Av desse var 5 førsteinstansvedtak og 17 klagesaker. I 4 av klagesakene vart klagar gjeve medhald heilt eller delvis i klagen.

## Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

### Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2012 - antall

#### Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
4	11	0	0	0	0

#### Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
55	0	6	0	0	0	9	0	3

### Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2012

#### 1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,0

Antall personer: 6

#### 2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	<b>Askøy kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot for januar 2011 og august 2011, RMP for 2010 og 2011, SMIL for 2010 og 2011, sjukeavløysing for 2010 og 2011, konsesjonssøknader for 2010 og 2011, delingssaker etter jordlova 12 for 2010 og 2011, omdisponeringssaker etter jordlova § 9 for 2010 og 2011, søknader om nybygging om ombygging av landbruksveggar for 2010 og 2011.
Registrerte avvik:	Ingen avvik, men følgjande merknader: - Fylkesmannen oppfordrar kommunen til å etterspørje dokumentasjon på sal av grovfôr ved manuelle utbetalingar. - Ei sak om frådelling av jord får kritikk fordi den i strid med jordlova sitt formål om å verne dyrka jord. Frådelinga er ikkje forsvarleg i høve til ressursane på eigedommen og frådellinga kan føre til auka press på landbruksareal i

	området. - Kommunen får kritikk for at den i fleire saker som gjeld jordlova, gir to innstillingar til vedtak til det politiske organiset.
Oppfølging av avvik:	Kommunen har tatt merknaden om dokumentasjon til etterretning. Utval for teknikk og miljølø er informert om merknadene om jordlova og kommunen har gått vekk frå praksisen med to innstillingar til utvalet.
Kommune:	<b>Austevoll kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot for januar 2011 og august 2011, RMP for 2010 og 2011, SMIL for 2010 og 2011, sjukeavløsning for 2010 og 2011, konsesjonssøknader for 2010 og 2011, delingssaker etter jordlova 12 for 2010 og 2011, omdisponeringssaker etter jordlova § 9 for 2010 og 2011, søknader om nybygging om ombygging av landbruksveggar for 2010 og 2011.
Registrerte avvik:	- Kommunen har tatt imot ein søknad om produksjonstilskot som var undertekna av søkjar to dagar før teljedato. - Kommunen har godkjent SMIL-søknader som manglar miljøplan trinn 2, sjølv om desse søkjarane har krav om miljøplan trinn 2 vedlagt. - Kommunen har gitt løyve til frådeling av ein bustadparsell med gran i hogstklasse 4 og 5. Det er ikkje vurdert vilkår for frådeling etter jordlova § 12. - Kommunen har handsama ein søknad om fritak frå buplikt, der det ikkje er lovbestemt buplikt ved overtaking av denne eigedommen. Saka skulle vore avvist. Merknader: - Eit kontrollskjema frå stikkprøvekontroll av produksjonstilskot manglar underskrift av føretaket. - SMIL-ordninga vert ikkje gjort kjent i lokalaviser eller på kommunen si heimeside. - Kommunen manglar skriftlege rutiner for oppfølging av buplikt og vilkår sett i saker etter jordlov og konsesjonslov.
Oppfølging av avvik:	Avvik og merknader er tatt til etterretning. Underskrift på kontrollskjema mangla, då innehavar i føretaket var på jobb på båt. Kommunen har ikkje kapasitet til å følgje opp buplikt og andre vilkår sett i saker etter jordlov og konsesjonslov slik dei ønskjer. Fylkesmannen følgjer saka.
Kommune:	<b>Fjell kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot for januar 2011 og august 2011, RMP for 2010 og 2011, SMIL for 2010 og 2011, sjukeavløsning for 2010 og 2011, konsesjonssøknader for 2010 og 2011, delingssaker etter jordlova 12 for 2010 og 2011, omdisponeringssaker etter jordlova § 9 for 2010 og 2011, søknader om nybygging om ombygging av landbruksveggar for 2010 og 2011.
	- Eit kontrollskjema frå stikkprøvekontroll av RMP manglar underskrift av føretaket. -

<p>Registrerte avvik:</p>	<p>Kommunen har godkjent ein RMP-søknad som er underteikna av ektefellen til innehavar i enkeltmannsføretaket. Ektefellen er ikkje registrert i føretaksregistret med fullmakt til å representere føretaket. - Kommunen har godkjent ein SMIL-søknad som mangla underskrift av søkjar. Saka mangla òg i arkivet. - Alle SMIL-søknader frå føretak som òg søker om produksjonstilskot, er godkjente, sjølv om samtlege mangla miljøplan trinn 2. - Kommunen har ikkje kontrollert næringsinntekta på nokon av søknadene om sjukeavløysing. - Kommunen har gjort feil i utrekninga på to søknader om sjukeavløysing frå det same føretaket, slik at føretaket har fått utbetalt for mykje. - Ei delingssak er ikkje handsama etter jordlova § 12. Ein sak gjeldande søknad om konsesjon, manglar søknadsskjema. - Arealet i ei konsesjonssak er regulert til utbygging og overdraginga er dermed konsesjonsfri. Merknader: - søknader om produksjonstilskot er registrert som "ikkje offentlege", men det er ikkje nødvendig. - Vedlegg til søknader om produksjonstilskot blir arkiverte, men ikkje journalførte. - Kommunen manglar skriftlege rutiner for oppfølging av buplikt og vilkår sett i landbrukssakene. Eind el delingssaker etter jordlova § 12 manglar opplysningar om arealklassifiseringa på det omsøkte arealet. Grunngevinga i nokre av sakene er for skjematisk og manglar konkrete vurderingar.</p>
<p>Oppfølging av avvik:</p>	<p>Stikkprøvekontrollskjemaet var ikkje underteikna av føretaket då innehavar var sjuk. Dette var eit eingongstilfelle. Kommunen informerer alle føretak om at ektefeller må registrerast med prokura der ektefelle tek seg av søknadene. Ein del av den manglande dokumentasjonen låg elektronisk i kommunen, men er no lagt på sakene. Manglande rutiner vert retta opp og innført.</p>
<p>Kommune:</p>	<p><b>Fusa kommune</b></p>
<p>Orninger/omfang:</p>	<p>Produksjonstilskot for januar 2011 og august 2011, RMP for 2010 og 2011, SMIL for 2010 og 2011, sjukeavløysing for 2010 og 2011, tilskot til skogkultur for 2010 og 2011, utbetaling frå skogfond for 2010 og 2011, rekneskap for skogsvegar for 2011, konsesjonssøknader for 2010 og 2011, delingssaker etter jordlova 12 for 2010 og 2011, omdisponeringssaker etter jordlova § 9 for 2010 og 2011.</p>
	<p>- Søkjar har ikkje blitt informert når kommunen har endra opplysningane i søknaden om produksjonstilskot og RMP. - Kommunen har godkjent ein RMP-søknad som er underteikna av ektefellen til innehavar i enkeltmannsføretaket. Ektefellen er ikkje registrert i føretaksregistret med fullmakt til å representere føretaket. - Ein søknad om</p>

Registrerte avvik:	RMP var avslått, men kommunen hadde ikkje sendt brev med vedtaket til søkjaren. Merknader: - Ved vurdering av søknader om bygging av landbruksvegar, har kommunen ikkje gjort ei konkret vurdering etter Naturmangfaldlova i saksutgreiinga. - Fylkesmannen tilrår at vedtak om delingsløyve ved landtidsleige av fallrettar er knytta til den konkrete tidsavgrensa leigeavtalen.
Oppfølging av avvik:	Kommunen har tatt avvik og merknader til etterretning. Dei tilsette har fått opplæring i naturmangfaldlova.

Kommune:	<b>Samnanger kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot for januar 2011 og august 2011, RMP for 2010 og 2011, SMIL for 2010 og 2011, sjukeavløysing for 2010 og 2011, tilskot til skogkultur for 2010 og 2011, utbetaling frå skogfond for 2010 og 2011, rekneskap for skogsvegar for 2011, konsesjonssøknader for 2010 og 2011, delingssaker etter jordlova 12 for 2010 og 2011, omdisponeringssaker etter jordlova § 9 for 2010 og 2011.
Registrerte avvik:	-Søklar har ikkje blitt informert når kommunen har endra opplysningane i søknaden om produksjonstilskot og RMP. - Kommunen har godkjent søknad om produksjonstilskot som er underteikna av ektefellen til innehavar i enkeltmannsføretaket. Dette skjedde i begge dei kontrollerte søknadsomgangene. Ektefellen er ikkje registrert i føretaksregisteret med fullmakt til å representere føretaket. Merknader gjeldande vilkår sett ved frådeling av tun ved sal av resteigedommen som tilleggsjord. - To delingssaker er innvilga av naturutvalet i kommunen, vedtaka går imot administrasjonen sin innstilling i sakene. Naturutvalet sin grunngjeving er svært ufullstendig og går ikkje inn på dei drifts- og miljømessige ulempene ved delingane.
Oppfølging av avvik:	Kommunen har tatt avvika til etterretning og informert naturutvalet om merknadene.

Kommune:	<b>Sund kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot for januar 2011 og august 2011, RMP for 2010 og 2011, SMIL for 2010 og 2011, sjukeavløysing for 2010 og 2011, konsesjonssøknader for 2010 og 2011, delingssaker etter jordlova 12 for 2010 og 2011, omdisponeringssaker etter jordlova § 9 for 2010 og 2011, søknader om nybygging om ombygging av landbruksvegar for 2010 og 2011.
	- Det har ikkje blitt utført stikkprøvekontroll av produksjonstilskot og RMP ved dei kontrollerte søknadsomgangene. - Kommunen har godkjent ein RMP-søknad som er underteikna av ektefellen til innehavar i

Registrerte avvik:	<p>enkeltmannsføretaket. Ektefellen er ikkje registrert i føretaksregisteret med fullmakt til å representere føretaket. - Kommunen har innvilga ein SMIL-søknad som manglar underskrift av søkjar. - Kommunen har innvilga SMIL-søknader frå føretak som søkje om produksjonstilskot, sjølv om miljøplan trinn 2 mangla. Dette gjeld alle søknader som mangla miljøplan trinn 2. Merknader: - Ved den eine søknadsomgangen av produksjonstilskot vart ikkje dei elektronisk leverte søknadene journalførte i kommunen. - Det manglar skriftlege rutiner for oppfølging av buplikt og vilkår sett i landbruksaker. Delingssaker etter jordlova § 12 hadde knappe faktaopplysningar og dei fleste sakene mangla vurdering av drifts- og miljømessige ulemper ved frådelling.</p>
Oppfølging av avvik:	<p>Kommunen hadde frist 15. november 2012 for å gje tilbakemelding på oppfølging av avvik og merknader. Kommunen har ikkje kome med tilbakemelding og Fylkesmannen følgjer opp saka.</p>

Kommune:	<b>Tysnes kommune</b>
Orninger/omfang:	<p>Produksjonstilskot for januar 2011 og august 2011, RMP for 2010 og 2011, SMIL for 2010 og 2011, sjukeavlysning for 2010 og 2011, tilskot til skogkultur for 2010 og 2011, utbetaling frå skogfond for 2010 og 2011, rekneskap for skogsvegar for 2011, konsesjonssøknader for 2010 og 2011, delingssaker etter jordlova 12 for 2010 og 2011, omdisponeringssaker etter jordlova § 9 for 2010 og 2011.</p>
Registrerte avvik:	<p>- Manglande journalføring av elektronisk leverte søknader om produksjonstilskot. - Søknader om sjukeavlysning er ikkje merka med "ikkje offentleg". - To søknader om RMP mangla underskrift frå søkjar, men var likevel godkjente av kommunen. Ein søknad om RMP var undertekna av ein person som ikkje plikta føretaket. - Søknader om tilskot til skogkultur mangla underskrift frå søkjar. - Sakene som gjaldt søknader om tilskot til skogkultur var ikkje journalførte. Merknader: Det var uvisst om søkjarane av produksjonstilskot og RMP hadde blitt underretta av kommunen når kommunen gjorde endringar i/retta søknadene deira under sakshandsaminga. Det var uvisst kven som hadde godkjent sakshandsamaren av produksjonstilskot sin eigen søknad om tilskot, og om dette eventuelt var gjort av han sjølv. Dei aller fleste sakene om sjukeavlysning inneheldt feil ved innsending til Fylkesmannen. Buplikt som vilkår i konsesjonsaker synes å vere noko ulikt handsama i fleire av sakene, utan at dette var grunngjeve i saksutgreiinga.</p>
Oppfølging av	Kommunen har tatt avvik og merknader til

avvik:	etterretning.
Kommune:	<b>Øygarden kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot for januar 2011 og august 2011, RMP for 2010 og 2011, SMIL for 2010 og 2011, sjukeavløysing for 2010 og 2011, konsesjonssøknader for 2010 og 2011, delingssaker etter jordlova 12 for 2010 og 2011, omdisponeringssaker etter jordlova § 9 for 2010 og 2011, søknader om nybygging om ombygging av landbruksveggar for 2010 og 2011.
Registrerte avvik:	- Elektronisk leverte søknader om produksjonstilskot har ikke blitt journalførte eller arkiverte i kommunen. - Kommunen har godkjent søknader om SMIL-tilskot som mangla miljøplan trinn 2 vedlagt, sjølv om det var krav om miljøplan trinn 2 for desse søkjarane. - Kommunen har innvilga fleire SMIL-søknader som manglar underskrift av søkjar. - Vedtaksbrev om SMIL-tilskot manglar krav til gjennomføring av tiltak. - Kommunen har i eit vedtak om SMIL løyvd tilskot til gjerding, medan det var omsøkt midlar til restaurering av potetkjellar. Merknader: - Ei sak om frådeling av bustadtomt har ei svært summarisk vurdering etter jordlova § 12, vurderinga gjev ikkje grunnlag for å sjå om saksvurderinga etter jordlova har vore forsvarleg. - Kommunen manglar skriftlege rutiner for oppfølging av buplikt og vilkår sett i saker etter jordlov og konsesjonslov.
Oppfølging av avvik:	Kommunen tek alle avvik og merknader til etterretning.

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

Foretak:	<b>A</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot: husdyrtilskot til sau
Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	Ikkje relevant

Foretak:	<b>B</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot: husdyrtilskot til sau
Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	Ikkje relevant

Foretak:	<b>C</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot: husdyrtilskot til sau
Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Ingen



Oppfølging av avvik:	Ikkje relevant
Foretak:	<b>D</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot: husdyrtilskot til sau
Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	Ikkje relevant
Foretak:	<b>E</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot: husdyrtilskot til sau
Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Noko små husdyrrom i høve til dyretalet. Svært enkle husdyrrom til å vere omsøkt som sau over 1 år.
Oppfølging av avvik:	Føretaket fekk frist innan 15. mai på å gje tilbakemelding, noko det ikkje har gitt. Fylkesmannen velde i mai å ikkje følgje opp saka, då regelverket på husdyrtilskot til sau er uklart og då det var venta ei avklaring og presisering frå SLF. Regelverket er enno så uklart at det er vanskeleg å følgje opp saka vidare.
Foretak:	<b>F</b>
Orninger/omfang:	RMP 2012
Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Det var søkt om fleire styvingstre enn dei som fyller krava til tilskot. Føretaket hadde ikkje fylt ut sjekkliste for RMP, heller ikkje sjekkliste i miljøplanen.
Oppfølging av avvik:	Føretaket sendte inn kopi av begge dei manglande sjekklistene innan fristen dei fekk.
Foretak:	<b>G</b>
Orninger/omfang:	RMP 2012
Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Føretaket hadde ikkje sendt inn kopi av karta med søknaden, noko som er eit vilkår i RMP. Karta var på plass i miljøplanen på garden. Eit hus som var omsøkt som freda, er ikkje freda etter kulturminnelova eller regulert som omsynssone eller spesialområde kulturmiljø etter plan- og bygningslova. Deler av ein omsøkt tursti går over utmark. Det er kun tursti over innmark som kan få tilskot.
Oppfølging av avvik:	Bygningen vert ikkje godkjent på søknaden. Antall meter tursti blir redusert til rett antall. Søknaden blir godkjent til tross for manglande innsendte kart, då Fylkesmannen ved ein glipp vart svært sein med tilbakemeldinga etter kontrollen, slik at føretaket ikkje fekk tid til å rette opp feilen før vedtak om tilskot vart fatta.
Foretak:	<b>H</b>

Orninger/omfang:	RMP 2012
Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Ingen
Oppfølging av avvik:	Ikkje relevant
Foretak:	<b>I</b>
Orninger/omfang:	RMP 2012
Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Føretaket mangla gjødselplan, sprøytejournal og sjekkliste for 2012. Noko av arealet som var omsøkt som verdifullt innmarksbeite, fylte ikkje krava. Berre delar av den omsøkte steingarden fylte krava til tilskot. Den omsøkte turstien går gjennom utmark.
Oppfølging av avvik:	Delar av det verdifulle innmarksbeitet og steingardane vart godkjent for tilskot. Turstien vart ikkje godkjent for tilskot. Føretaket skaffa seg fritak frå gjødselplan, sprøytejournal og sjekkliste for 2012 innan fristen for tilbakemelding.
Foretak:	<b>J</b>
Orninger/omfang:	RMP 2012
Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Føretaket mangla gjødselplan og fann ikkje sjekklista under kontrollen.
Oppfølging av avvik:	Føretaket sendte inn kopi av gjødselplan og sjekkliste innan fristen dei fekk av Fylkesmannen.
Foretak:	<b>K</b>
Orninger/omfang:	RMP 2012
Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Føretaket hadde ikkje sendt inn RMP-sjekklista saman med søknaden. Føretaket fann ikkje miljøplansjekklista og gjødselplanen under kontrollen. Føretaket hadde søkt om alt areal som vart brukt som beite, som verdifullt innmarksbeite. Mykje av dette arealet var overflatedyrka og fulldyrka eng. Det som er klassifisert som innmarksbeite, var så overgrodd av lyssiv at det ikkje tilfredsstillar krava til verdifulle innmarksbeiter.
Oppfølging av avvik:	Det omsøkte arealet til verdifullt innmarksbeite, vart ikkje godkjent. Føretaket har ikkje sendt inn RMP-sjekkliste og miljøplan for kontroll hjå kommunen, slik FYlkesmannen ba han om. Føretaket har dermed ikkje godkjent miljøplan og vil ikkje få tildelt RMP.
Foretak:	<b>L</b>
Orninger/omfang:	RMP 2012



Hjemmel for kontroll:	Kontroll på garden
Registrerte avvik:	Føretaket mangla gjødselplan og kunne ikkje vise fram sprøytejournalen. Deler av arealet som var omsøkt som verdifullt innmarksbeite, tilfredstilte ikkje krava i ordninga. Deler av dei omsøkte steingardane var i for dårleg stand.
Oppfølging av avvik:	Deler av innmarksbeitet og steingardane vart godkjent for tilskot. Føretaket sendte inn kopi av sprøytejournal og gjødselplan innan fristen det fekk.

#### 4. Andre kommentarer/ innspill:

Forvaltningskontrollane synleggjer landbruksforvaltninga for kommuneleiinga og er viktige for å setje landbruk på dagsorden. Kontrollen blir som regel tatt vel i mot av kommunen og dei set pris på å få ei tilbakemelding på kvaliteten på arbeidet dei utfører. Etter kontrollane i 2012, har vi no gjennomført forvaltningskontroll av alle kommunane i fylket i løpet av dei siste 4 åra. Fylkesmannen utfører òg føretakskontrollar, men vi har fått signal frå LMD/SLF om at desse bør vi overlata til kommunane. Vi meiner det er viktig at Fylkesmannen òg utfører føretakskontrollar. I nokre tilfeller er det vanskeleg for kommunen å kontrollere fordi dei har vore aktive i ei rådgjevarrolle. Fylkesmannen skal vere eit kompetanseorgan for kommunane, men utan eigen erfaring frå kontroll i praksis, er det vanskeleg å rettleie rettleie kommunane og å vinne tillit hjå kommunane som eit kompetansesenter. Kontroll er svært ressurskrevjande og vi har ikkje kapasitet til å følgje opp arbeidet i så stor grad som vi hadde ønska.

## Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

Fylkesmannen har ein sterk fokus på kommunane som førstelinjeteneste. Det blei i 2012 gjennomført fylgjane;

- Åreleg kommunekonferanse over 2 dager med fokus på utfordringer for landbruket i fylket og fagleg påfyll på dei viktigaste områda innan landbruk. På desse konferansane er vi opptatt av å vise breidde i partnarskapet sitt engasjement på miljøsida, men også kultur, næring og innovasjon.
- Det blei gjennomført regionale samlinger på skogområdet for å vere tettare på kommunane. Vi føler sterkt ei utvatning av skogkompetnassen i kommunane i fylket, og vi slit i enkelte kommunar med å få gjennomført nødvendig aktivitet.
- Vedlikehaldkontroll av skogsvegar vart gjennomført i 8 kommunar. Dette gir ekstra komeptansepåfyll for kommunane
- Det blei også gjennomført fagleg kurs/samling på arealområdet for alle kommunane, her var konsesjon- og odelslov hovudfokuset.
- Innanfor tilskotsforvaltning og RMP bli det gjennomført samling for alle kommunane
- Det blei gjennomført klasserfiseringskurs for R5 i fleire kommunar
- Saman med miljø blei det gjennomført regionale samlinga om naturmangfaldloven

Kommunane i Hordaland held eit bra nivå på sine fagfolk innan landbruk. FM prioritere å gjennomføre jamnleg dialogmøter med kommunane for å diskutere aktuelle saker, men også kvalitet på arbeidet som vert gjennomført. I 2012 blei det gjennomført dialogmøte i 5 kommunar. Kommunane er også hovudmålgruppa i satsinga LUK, prosjekt med støtte frå KRD om kommunane som førstelinjeteneste for næringsutvikling. Det blei i den samanheng gjennomført fleire møter med kommuner i samarbeid med det regionale partnerskapet .

Midlane til regionale og lokal tiltak i landbruket vart i 2012 brukt til:

Kr. 37.400 til Landbruksjuridisk studie for kommunane

Kr. 27.600 til Kommunesamling 2012

## Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging

Vi har arbeidd for å oppnå jordvernmålet i 2012 gjennom ei differensiert arealforvaltning og dialog med kommunane. Gjennom strategien for arealarbeidet (Arealstrategi for Hordaland, revidert 01.01.10) vel vi å ha større restriksjonar i pressområde og i område med særskilt verdfullt jordbruksareal/kulturlandskap. Embetet starta i 2012 arbeidet med ny startegi for det samla planarbeidet ved embetet.

Vi legg vinn på å vere tidlegare inne i prosessane med kommunane og har ein god dialog. Fleire kommunar har tilpassa planane i fht den politikken som fylkesmannen har fronta. Kommunane tar i større grand omsyn til dyrka mark og kulturlandskapet i si planlegging .

## 26.1 Jordvern og kulturlandskap

### Utviklingstrekk

Avgang av dyrka mark er framleis i ei negativ utvikling i fylket. Avgangen er mindre enn før, men framles gjer sterk vekst og utvikling i sentale strøk at dyrka areal vert nedbygd. Dette skuldast mellom anna at sentrumsoråde i kommunane ligg nær opptil dei beste dyrka areala i kommunane. vi legg difor stor vekt på kjerneområdekartlegging i kommuneplanprosessane for å hindre at dei mest verdifulle areala vert bygd ned

### Kjerneområde landbruk

Arbeidet med kjernekartlegging blei vidareført i 2012. Målet er at alle kommunar i Hordaland skal ha kartlagt kjerneareal landbruk. Kjernearealarbeidet er eit sentralt verktøy som vi har samarbeidd med kommunane om å gjennomføre. Pr.31.12.12 har 28 kommunar gjennomført eller er i prosess med kjernearealkartlegging i ein eller annan form. Bergen kommune har gjennomført ei kartlegging etter eit eige system. I nokre tilfelle er kartlegginga og politisk handsama i kommunen. Fylkesmannen og kommunane har hatt stor nytte av kartlegging i kommuneplanarbeidet og føl dette arbeidet vidare opp i den nye planavdelinga.

### KOSTRA

Hordaland ligg tradisjonelt dårleg til når det gjeld omdisponering av dyrka mark. Vi ser no tendens til at trenden snur, og det har vore ei nedgang i omdisponering av dyrka mark (tal frå 2011) i Hordaland.

### Utvalde kulturlandskap i jordbruket

I Gjuvslandslia utvald kulturlandskap har ein utført årleg skjøtsel i form av slått og beiting. Det er òg investert i noko rydding av gamal kulturmark og istandsetjing av ei utløy. Det er godt samarbeid med FMMV om skjøtelsarbeid i området. Samarbeid med kommunen, fylkeskommunen, Statens naturoppsyn og Universitetet i Bergen bør aukast.

Området er lite med få aktive gardbrukarar, og det er ei utfordring å få tilgang til tilstrekkeleg arbeidskraft.

Skjøtelsarbeidet kan i liten grad vere del av den vanlege gardsdrifta. Areala er særskilt krevjande å skjøtte. Det kunne ha vore bruk for eit halvt årsverk til praktisk skjøtsel og mobilisering i nokre få år framover. Vi er i gang med informasjons- og mobiliseringsarbeid med tanke på eventuell utviding av det utvalde kulturlandskapet. På den måten håper vi å få eit noko breiare engasjement. Ein kan òg få fleire verdiar innanfor det utvalde området, og fleire aktive gardbrukarar kan bli involvert.

## 26.2 Samfunnsplanlegging

FM har i 2012 prioritert å gje uttalar i dispensasjonssaker, mellom anna for å motverke tilfeldig nedbygging av dyrka/dyrkbar mark. Vi klagar på dispensasjonsvedtak i 13 slike saker. I plansamanhang har vi i samtaler og innspel til kommunane oppfordra til bruk av omsynssoener, til kartlegging av kjerneområde for landbruk og fastsetting av langsiktig grense mot utbygging(LNF-grense). Vi har hatt motsegn i tre kommuneplanar og ein reguleringsplan i høve landbrukstema.»

Fylkesmannen i Hordaland har ein aktiv rolle i organiseringa av Norge Digitalt i fylket. Fylkesmannen leiar Fylkesgeodatautvalet og er deltakar i utvalet for basis geodata. Geodataorganiseringa er nærmare beskrevet i Geodataplanen til Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen i Hordaland har også i 2012 vore representert i eit arbeidsutval i regi av FAD/Fagutvalet for kart som arbeider for felles løysingar for fylkene, som til dømes ein felles databaseløysing for alle fylkesmennene.

I Norge Digitalt samarbeidet i fylket har det i 2012 vore jobba aktivt med vidareføre ein god gjennomføring av sentralt vedtekne mål. Det seinaste året har det vore eit særleg fokus på plandata og å medverke til at kommunane

følgjer opp innføringa av digitalt planarkiv. Innan fagutvalet for basis geodata; Geovekst, har ein i Hordaland fått etablert ein god dekning av FKB-data og ortofoto med ein tilfredsstillande rullering av geodatagrunnlaget for dei aller fleste plassar i fylket.

Resultata av Geovekstsamarbeidet blir brukt mykje, spesielt ortofoto og AR5 (markslag), innan fagområde som landbruk, skogbruk, plan og forvaltning.

Internt på embetet har det også dette året vore mest bruk av kartdata og GIS innen landbruks- og miljøvernavingane men ein satsar på auka bruk også hos fleire andre store avdelingar fremover. For å oppnå dette er det særleg viktig å kunne vidareutvikle intern innsynsløysing og tilpasse denne til dei ulike avdelinganes spesielle fagfelt. Det vil også vere aktuelt å tilrettelegge innsynsløysing for kartdata på internett for å gjere tilgjengelig fylkesmannens eigne datasett på ein enklare måte.

### **Næringsutvikling i verna områder**

I 2012 har arbeidet med dei regionale forvaltningsplanane for viktige villreinområder fortsatt.

Landbruksavdelinga har vore representert i det administrative utvalet for planane for både Nordfjella og Hardangervidda. Det har vore viktig for avdelinga å kommunisere at landbruksnæringa og bygdesamfunna i dei berørte kommunane må takast særskilt omsyn til i utforminga av regelverket, slik at stadbundne tradisjonar og verksemder kan bestå, og likeins at planverket vert utforma slik at nye, bærekraftige tiltak skal kunne gjennomførast. Slik unngår ein å truge den rurale busettinga ytterlegare.

## **Resultatområde 27 Reindriftsforvaltning**

FM i Hordaland har ingen aktivitet knytt til dette området

## **Ressursrapportering**

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
21 Landbruksbasert næringsutvikling	kr 5 748 008,79	kr 0,00
22 Klima- og miljøpolitikk i landbruket	kr 1 737 584,59	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 528 499,79	kr 0,00
24 Forvaltning av inntekts- og velferdspol. tiltak	kr 1 544 005,19	kr 0,00
25 Effektiv forvaltning	kr 1 366 425,00	kr 0,00
26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging	kr 1 803 989,82	kr 0,00
27 Reindriftsforvaltning	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 102 423,83	kr 0,00
Sum:	kr 12 830 937,00	kr 0,00

## **Kunnskapsdepartementet**

### **Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgåver på utdanningsområde**

#### **31.1 Tilsyn**

Tilsynsveksemda var prioritert høgt i 2012. Tilsynsaktiviteten ved Utdanningsavdelinga er gjennomført i samsvar med aktivitetskrava som blei fastsett av Utdanningsdirektoratet. Avdelinga har auka omfanget med to skriftlege tilsyn på tema som var planlagt, vaksne sin rett til grunnopplæring og særskilt språkopplæring § 2-8. Dei samla erfaringane er at omfangskravet (sjå eigen rapportering med frist 28. februar 2013) legg så stort beslag på personalressursar at andre oppgåver vert prioritert ned. Dette gjeld mellom anna kontakt med regionar og kommunar, og møteaktiviteten har difor vore mindre enn det vi ønskjer. For 2013 vil vi leggje vekt på

kontaktmøter med regionar, fylkeskommune og enkeltkommunar, og vi vil prioritere å gjennomføre fleire hendingsbaserte tilsyn.

Avdelinga har erfaring og kompetanse til å gjennomføre tilsyn. Vi legg vekt på å møte kommunane godt budd, med fagleg kompetanse til å vurdere verksemda på skolane og i kommunene. I 2012 ga embetet v/ass. fylkesmann tilbakemelding til Tilsynsavdelinga – TAV – i Utdanningsdirektoratet, om usemje i lovtolking når det gjeld gjennomføring av tilsyn i høve slik det går fram av Metodehandboka til Udir, instruks for felles nasjonalt tilsyn og instruks for nasjonalt prioriterte tilsyn. Dette gjeld særleg tolking av opplæringslova § 14-1, jf. kommunalova § 60d. andre ledd: «Før pålegg benyttes, skal kommunen eller fylkeskommunen gis en rimelig frist til å rette forholdet.» Fylkesmannen i Hordaland legg til grunn at kommunen skal ha rimeleg tid til å rette tilhøva etter at endeleg tilsynsrapport ligg føre. I endeleg tilsynsrapport varslar vi om mogleg pålegg. Dersom tilhøva ikkje er retta opp til varsla dato, gir vi kommunen pålegg.

Tilsynsverksemda er basert på risiko- og vesentlighetsvurderingar, både i utval av kommunar og skolar og når det gjeld kva Fylkesmannen legg vekt på i kontrollen av praksis.

#### **FNT:**

- Felles nasjonalt tilsyn er gjennomført i så mange kommunar etterkvart, at vi i nokon grad har valt å ha tilsyn med kommunar som «sto for tur». Vi har vurdert at det er viktig at flest mogleg kommunar har hatt felles nasjonalt tilsyn, då tilbakemelding får kommuner som har hatt tilsyn på området er at tilsyn gir god rettleiing.
- Klagesaker og telefonar frå føresette knytt til elevar sitt psykososiale miljø. Vi har registrert opphoping av hendingar frå enkelte kommunar, og har nytta denne kunnskapen ved val av tilsynsobjekt.
- Ved val av kommune har vi nytta tal frå skoleporten og GSI.

#### **Oppfølgingstilsyn FNT:**

Avdelinga gjennomførte oppfølgingstilsyn med 2 skolar i 2 kommunar som hadde tilsyn hausten 2010. Erfaringar frå oppfølgingstilsyna var at det var naudsynt med eit fullt tilsyn, jf. kontrollspørsmåla for FNT. Dette er grunnleggjande melloma anna med ny leiing ved nokre av skolane. Vi erfarte og at oppfølgingstilsyna fungerte som repetisjon og overlæring for kommunane, og vi fann få lovbrudd.

#### **Nasjonalt prioriterte tilsyn:**

- Nasjonale prøver: Vi viser til eigen rapport til Utdanningsdirektoratet
- Vaksne sin rett til grunnopplæring. Resultata viser at kommunane i ulik grad har prioritert arbeidet med vaksenopplæring, dessutan fann fylkesmannen manglande regelverksforståing og svak forvaltningskunnskap. Tilsynsystema blir følgt opp i 2013.

#### **Eigeninitierte tilsyn:**

Et tema for eigeninitierte tilsyn har vore spesialundervisning. Vi har gjennomført eit skriftleg og to stadlege tilsyn med dette tema. Vi har i samarbeid med FM Sør-Trøndelag og FM Oppland førebudd metodikk og gjennomført tilsyn i ein kommune i alle fylka. Frå Hordaland var vi med på gjennomføring av eit tilsyn i Sør-Trøndelag, og Sør-Trøndelag var med på tilsyn i ein kommune i Hordaland. Funna avdekka brot på både opplæringslov og forvaltningslov. Vi opplevde at samarbeid over embetsgrensene var svært nyttig og meiner at slikt samarbeid sikrer lik tilnærming til og tolking av lov/forskrift. I Hordaland omfatta spesialundervisningstilsynet med Hordaland fylkeskommune også inntak. Tilsynet avdekka at regelverket er uklart og tvetydig og at fylkeskommunen har tolka regelverket feil på nokre område som gjeld både inntak og spesialundervisning.

Avdelinga har også gjennomført tilsyn med retten til særskilt språkopplæring, jf. oppl. § 2-8. Dette er følgt opp med informasjon og rettleiing til kommunane på eigne fagdagar. Resultata frå tilsyna viste at dei kontrollerte kommunane har mangelfull forståing av regelverket og manglande forvaltningskompetanse. Avdelinga har derfor valt å prioritere fleire tilsyn med dette tema i 2013.

## **31.2 Klagesaksbehandling**

Avdelinga har rett kompetanse til å sakshandsame klagesakene på ein god måte. Vi legg vekt på at klagene skal utformast på ein måte som gir god rettleiing, både til dei som er partar i sjølve saka, men og til kommunane ellers. Målet er å sakshandsame klagene innanfor ein frist på 6 veker, det konkluderer vi med er tilfellet i dei fleste sakene. I dei sakene der vi ikkje har avslutta innanfor frist har vi tett dialog med partane. Vi vurderer det slik at

avdelinga har god føresetnadar for å handsame klager i det omfanget vi oppsummerer i 2012.

Ser ein bort frå klagene etter sentralgitt skriftleg eksamen, har det samla omfanget av klager i 2012 gått ned frå 323 2011 til 263 i 2012. Årsaka er særleg at talet på klager på standpunktkarakterer i grunnskulen har gått ned.

Talet på klager på spesialundervisning i grunnskulen har gått ned frå 27 til 11. Dette er eit interessant resultat ut frå det forhold at omfanget av elevar med vedtak om spesialundervisning er auka.

Talet på skyssaker har auka frå 13 til 41.

Det er 9 klager på psykososialt skulemiljø, som er om lag på same nivå som i 2011. Med tanke på omfanget av tilsyn på området dei siste fire åra, med stort fokus på retten til einskildvedtak og klagerett, er det interessant at omfanget på klager er stabilt frå år til år. Media har og hatt stor merksemd på feltet dette året, men det ser ikkje ut til at et har konsekvensar for talet på klager som når fylkesmannen.

Elles merker vi oss at det er få klagesaker på vidaregåande opplæring, bortsett frå klager på sentralt gitt skriftleg eksamen, som har auka med om lag 300. her kan vi legge til at vi har handsama ei klage som gjeld fusk (fagprøve), men denne er ikkje lagt inn som eit alternativ i tabelldata.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Lokalt gitt muntlig eksamen	1	0	1	0	0	
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	3	0	2	0	1	
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	4	0	3	1	0	
Skoleplassering, § 8-1	8	0	4	3	1	
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	1	1	0	0	0	
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	163	3	24	136	0	
Spesialundervisning, § 5-1	10	3	1	2	4	
Skyss, § 7-1	41	14	25	1	1	
Særskilt språkopplæring, § 2-8	4	0	3	1	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	8	0	2	2	4	
Sum	243	21	65	146		

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialundervisning, § 5-1	1	0	0	0	1	
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	0	1	0	0	
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	2	0	0	0	2	Oversendt til fylkeskommunen
Sentralt gitt skriftlig eksamen	2412	592	1820	0	0	
Sum	2416	592	1821	0		

Klage i private grunnskoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
------------	-----	------------------------	--------------	----------	--------	-----------

Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	6	0	1	5	0
Spesialundervisning, § 3-6	1	1	0	0	0
Skyss, § 3-7	3	1	2	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 2-4, jf oppl § 9a-3	1	0	0	0	1
Sum	11	2	3	5	

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	7	5	1	1	0	
Sum	7	5	1	1		

### 31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

#### Resultatkrava er innfridde.

FMHO representerer Sør-Vest regionen i Udir si faggruppe for GSI. Fokus i arbeidet er å gje framlegg til skjema, tekstar til rettleiing, framlegg til rapportar, kontrollar mm. Det arrangerast eigne samlingar for Sør-Vest fylka. FMHO samanfatar erfaringar som er gjort og gjer innspel til direktoratet ut frå desse. Vår oppfatning er at tilbakemeldingane frå direktoratet når det gjeld arbeidsgruppa sitt arbeid, er gode. Vi deltek og på den nasjonale samlinga direktoratet arrangerer.

I september samla vi kommunane og private skular for informasjon, rettleiing og naudsyn avklaringar. Sjølv om responsen frå kommunane er positiv i den forstand at GSI er blitt betre, så ser vi at rettleiingsbehovet er forholdsvis stort då det har vore ein del utskifting av ansvarlege på kommunalt nivå i fylket. Kommunane sine tilbakemeldingar tyder på at GSI-grunnskule stadig vert oppfatta som meir brukarvennleg og relevant. Samstundes er vi dette året blitt kjent med at tala som rapporterast på vaksenopplæring ikkje er kvalitetssikra i same grad av kommunane. Dette vil vi leggje meir vekt på ved innsamling 2013.

Det er framleis krevjande med berre ein kontrollperiode, då det ikkje er mogeleg å vite kva andre saker som kjem inn i same periode og som må ha høg prioritet.

#### Ressurssituasjon og kompetanse - vurdering

Kontoret har høg kompetanse på GSI-området. I 2012 var det nytilsetting på kontoret, og vi er no to medarbeidarar med ansvar for oppgåvene på området. Sårbarheten det tidlegare er rapportert om, er derfor ikke lenger aktuell.

Fylkesmannen er bedt om å gjere greie for tiltak som vil betre måloppnåinga. Her vil vi vise til at vi i samarbeid med Sør-Vest vil utarbeide kontrollskjema til internt bruk, at direktoratet har gitt oss tilgang til merknadsfeltet også etter at innsamlinga er avslutta (viktig i tilsynsarbeidet) og at vi planlegg meir erfaringsdeling mellom kommunane på gode oppfølgingssystem av eigne data.

### 31.4 Informasjon og veiledning

Generelt vurderer embetet informasjon og rettleiingsbehovet i kommunane som stort. Dette konkluderer vi med ut frå omfanget av førespurnadar, men og ut frå kvaliteten i ein del av sakshandsaminga frå kommunane som vi får innsyn i. Det er viktig for embetet å vurdere nøye i kva former vi informerer, og korleis vi prioriterer å informere på ulike område. Vi legg vekt på at informasjon skal følgje eit naturleg årshjul for skole, på den måten meiner vi relevansen av informasjon og ikkje minst i kva grad informasjonen vert oppfatta, aukar. Vi vil og sjå nærmare på korleis vi kan kople informasjon om regelverk ut frå dagsaktuelle saker, til dømes oppslag i media.

#### Vidaregåande opplæring

Det er eit stort behov for informasjon og rettleiing om regelverket innan vidaregåande opplæring. Problemstillingane gjeld i særleg grad vurdering, dokumentasjon og vitnemål, og lov og reglar innan fagopplæringa. Mange skular vender seg direkte til Fylkesmannen med spørsmål, dette gjeld både offentlege og private skular. Fylkesmannen har god kompetanse på området, og vi opplever for det meste eit godt samarbeid med Utdanningsdirektoratet når det er behov for avklaringar. Ein viktig strategi er å auke kompetansen hos skuleeigar og skulane. Derfor er vi mellom anna med å arrangere samlingar om dokumentasjon og vitnemålsføring saman med fylkeskommunen.

## **Grunnskulen**

Tilsvarende som for den vidaregåande opplæringa er behovet for informasjon og rettleiing om regelverket stort i kommunane på grunnskulen sitt område. Dette konkluderer vi med ut frå omfanget av spørsmål som vert retta til avdelinga og den oppslutninga vi har på regelverksamlingar. Fylkesmannen har samla inn tilstandsrapportar frå kommunane for å få kunnskap om korleis kommunane presenterer tilstanden og i kva grad dei vurderer og analyserer resultatane. Etter vår vurdering er desse rapportane eit godt utgangspunkt for dialog og rettleiing mot kommunane.

Embetet har prioritert å gi informasjon til kommunane om lov og regelverk knytt til kap 4A og særskild språkopplæring.

## **Nettsidene**

Nettsidene til utdanningsavdelinga spelar ei viktig rolle i embetet sin strategi og i arbeidet med informasjon og rettleiing om lov og regelverk, både overfor skuleeigarane og andre. Avdelinga har til dømes egne meny punkt med informasjon om lov og regelverk for ulike typar klagebehandling, og avdelinga har mange oppslag på fagsidene som omhandlar spørsmål om lov og regelverk. I 2012 har fylkesmannen fått nye nettsider, og vi har brukt mykje tid på å førebu omlegginga.

## **31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver**

### **Ressursbruk, kompetanse og strategi**

Våren 2012 var det to sakshandsamarar på avdelinga med ansvar for eksamensarbeidet. Med god planlegging vart eksamensoppfølginga likevel gjennomført på ein forsvarleg måte. Frå og med mai 2012 har det vore tre personar på avdelinga som har delt ansvaret for eksamensgjennomføringa. Etter vår vurdering har Utdanningsavdelinga høg kompetanse og lang erfaring i høve til dei oppgåvene vi skal løyse på dette området. Totalt bruker vi om lag 1,5 årsverk. Saksbehandlarar på eksamen er også nytta til klagebehandling og tilsyn, og dette gjev føringar for tidsbruk.

Vår hovudstrategi er å følgje opp skuleeigarane. Vi hadde tilsyn med 2 kommunar i samband med gjennomføringa av nasjonale prøver 2011.

I vidaregåande opplæring har vi møte med fylkeskommunen og alle skulane to gonger i året om PAS og PGS og gjennomføring av eksamen. Dette har gitt god oppfølging og ansvarleggjering av skuleeigar, og har ført til at få skular vender seg direkte til oss for hjelp. Omfanget av etterpåmeldingar er redusert, men framleis noko stort, og det er eit klart mål både for Fylkesmannen og fylkeskommunen å få ytterlegare redusert dette.

I februar hadde vi ei samling for kommunar/skular som ikkje hadde nytta PGS-A for digital levering av elevsvar ved eksamen i grunnskulen.

### **PAS og PGS**

PAS/PGS har gjort arbeidet med eksamen meir effektivt, men det går framleis med mykje ressursar til brukarstøtte, og då særleg i høve til sensorar når det gjeld eksamen, og kommunar/skular når det gjeld nasjonale prøver. PAS-hjelpen til direktoratet fungerer bra. Men vi saknar framleis ein del rapportfunksjonar i PAS som ville vore til lette i Fylkesmannen sitt arbeid med oppnemning og kvalifisering av sensorar.

Fellessensuren i grunnskulen fungerte som den skulle, og vart gjennomført etter sentrale retningslinjer.

Fellessensuren i vidaregåande opplæring våren og hausten 2012 fungerte bra og blei gjennomført etter dei sentrale retningslinjene, men serverkapasiteten er framleis for dårleg, og PAS fungerer til tider treigt og forseinkar gjennomføring av sensuren.

## Nasjonale prøver

Nasjonale prøver vart gjennomført etter sentrale retningslinjer.

Ein del kommunar hadde elevar som var registrerte i Pas med "Fritatt" for nasjonale prøvar i 2012, og som i prosent av elevtalet på trinna låg godt over gjennomsnittleg fritak på nasjonalt nivå. På dette området har vi no tilsyn med to kommunar.

Når det gjeld registrering av fritak av elevar frå nasjonale prøver, vil vi visa til tidlegare rapportering. Med rolle i PAS som "Skoleadministrator" har rektor framleis ikkje tilgang slik at han/ho får sjå kva enkeltelevar som er registrerte med status "Fritatt" i PAS.

Det er framleis skular som ikkje fekk med seg frist for registrering av resultat frå leseprøvene. Trass i påminning frå direktortet og fylkesmannen. Men det vert færre av desse for kvart år.

## Elektroniske kartleggingsprøver

Elektroniske kartleggingsprøver vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. Utvidinga av prøvene - særleg i vidaregåande opplæring - har ført til meir arbeid med brukarstøtte og oppfølging av skuleeigar og skular.

## Sentralt gitt eksamen i grunnskulen

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. I Hordaland har vi ansvar for sentralt gitt eksamen i norsk, engelsk og matematikk. Det er god tilgang på sensorar til skriftleg eksamen i grunnskulen. Det var til saman 8116 påmelde kandidatar til sentralt gitt eksamen i vårt fylke, og vi hadde ansvar for 112 sensorar. I samband med grunnskuleeksamen i norsk og engelsk leverte 92% av elevane i Hordaland elektroniske elevsvar

Sensorskolering. Vi arrangerte fagsamlingar for alle sensorane 7. juni. Det var 100% frammøte og gode tilbakemeldingar frå deltakarane på desse kursopplegga. I tillegg arrangerte vi ei samling for alle faglærarane som hadde meldt interesse for å vera sensorar i matematikk i grunnskulen våren 2012. Denne samlinga fann stad i mars, med omlag 80 deltakarar, og vi fekk god tilbakemelding på opplegget. Vårt mål er at slike samlingar skal auka kunnskapen om vurdering i faget, og føra til at nye faglærarar melder interesse for å ta på seg sensoroppdrag.

## Lokalt gitt eksamen i grunnskulen

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføringa av lokalt gitt eksamen i fylket.

Vi fekk inn ei klage på gjennomføringa av munnleg eksamen i 2012. Denne klaga fekk ikkje medhald. Talet på klager etter lokalt gitt eksamen har gått ned dei siste åra. Gjennomsnittleg har talet på klager lege mellom 5 og 10 pr. år. Alle kommunane, i regi av kursregionar, i fylket har laga instruksar for lokalt gitt eksamen. Dette kan ha gjort sitt til at elevar og føresette er betre kjent med rammene for munnleg eksamen og at eksamen er gjennomført i tråd med dei utarbeidde instruksane.

## Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Hordaland har både eit regionalt og nasjonalt ansvar for å oppnemne sensorar og gjennomføre sensur etter sentralgitt eksamen haust og vår. I dei faga vi har ansvar for var det til våreksamen om lag 21 000 påmeldte kandidatar frå 300 skular, og vi oppnemnte 283 sensorar. Mellom anna på grunn av streik blei det om lag 4000 færre som gikk opp til eksamen enn som var påmeldt. Omfanget til hausteksamen er mykje mindre.

Tilgangen på sensorar er bra i dei fleste faga med unntak av norsk. Her klarte vi så vidt å dekkje behovet til våreksamen, men vi er svært sårbar og bekymra for om vi klarer å gjennomføre sensur i norsk hovud- og sidemål på ein forsvarleg måte i framtida.

Omfanget av sensorskulering var svært stort. Dette er positivt, og vi får gode tilbakemeldingar frå mange sensorar, men det er uheldig at nokre sensorar ikkje deltek på skulering.

## Lokal gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføring av lokal gitt eksamen i fylket.

## Bruk av resultat i tilsynsarbeidet



Fylkesmannen bruker aktivt resultatene fra eksamen og nasjonale prøver i analysearbeid og risikovurderinga i samband med tilsyn.

Karakterstatistikk etter sentralgitt eksamen i vidaregåande opplæring vert tatt ut frå PAS og bearbeidd og presentert på samlingar for fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane.

### Fylkesmannen i Hordaland

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?	X		

	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	I Hordaland vart 2,1% av elevane fritekne for nasjonale prøver i 2012. Landsgjennomsnittet ligg på 2,9%.	Det er variasjon i fritak frå kommune til kommune. 9 av dei 33 kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet. I 2011 var talet på kommunar som låg over landsgjennomsnittet på 16.	Nokre av dei kommunane som har høg fritaksprosent har lågt elevel og får dermed stor prosentvis uttelling på statistikken.	Fylkesmannen er i gang med skriftleg tilsyn ovanfor tre av kommunane som har avvik frå landsgjennomsnittet når det gjeld fritak av elever frå nasjonale prøver.

### 31.7 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen forvaltar to tilskotsordningar på grunnskoleområdet; kap 225 post 64 Grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak, og kap 225 post 66 Leirskoleopplæring.

I tillegg kommer kap 227 post 71 Tilskot til internatdriften ved Krokeide vidaregåande skole.

Fylkesmannen har også kontrolloppgåver til kap 253 post 70 Tilskott til folkehøgskular.

Fylkesmannen har gjort ein formalia- og rimelegkontroll av søknadene frå kommunane om tilskott til grunnskoleopplæring. Det er henta inn liste over bebuarar i mottak frå UDI og desse er forsøkt samanlikna med søknadene. Samanlikninga er vanskeleg av di listene frå UDI ikkje er lagt til rette for slik kontroll. Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll, men kontroll utført i samband med søknadene førte til korreksjonar for tildeling av tilskott.

Tilskot knytt til leirskoleopplæring er forvalta etter føresetnadane frå sentralt hald. Oppgåvene er utført i samsvar med oppdragsbrev. Det er eiga rapportering på desse tilskotsområda:

Del 1-økonomirapportering/del 2-tilskotsforvaltning. 3 tertialrapport er sendt jf. fullmaktsbrev.

FMHO har ingen indikasjonar på at tilskota ikkje vert nytta i tråd med regelverket. Kor mange stikkprøvekontrollar vi kan ha er eit ressurs spørsmål. Vi fører god kontroll gjennom den vanlege sakshandsaminga.

Fylkesmannen har mottatt årsoppgjeret for 2011 for dei åtte folkehøgskolane i Hordaland. Alle hadde levert rekneskapen, alle følgjer rekneskapslova, alle har eigen konto for statstilskott og eigen note for inntekter frå offentlege kjelder og alle har fått revidert årsrekneskapen av registrert eller statsautorisert revisor.

### Resultatområde 32 Oppgåver for økt kvalitet i grunnopplæringen

## **32.2 Kompetanseutvikling**

### **Statlige kompetanseutviklingstiltak**

Fylkesmannen har fulgt opp ansvar for informasjon om dei statlege tiltaka gjennom ulike kanalar, med ei hovudvekt på nettbasert informasjon. I tillegg har vi gitt informasjon på samlingar, samt direkte kontakt med kommunane ved å svare på henvendingar pr e-post og telefon. Det er vår vurdering at dei statlege tilboda er godt kjent i kommunane.

Fylket har noko færre deltakarar på vidareutdanning under strategien "Kompetanse for kvalitet" enn det ein skulle forventa ut frå at Hordaland har om lag 10 % av talet på elevar og lærarar i landet. Ei viktig årsak til dette er at fleire skuleeigarar, mellom andre nokre av dei store kommunane, har eigne opplegg utanom strategien, i tillegg til deltakarar innan "kompetanse for kvalitet".

Når det gjeld etterutdanning vert det søkt om meir midlar enn det som er til disposisjon innan dei statleg prioriterte områda. Rapportering frå skuleeigarane viser at dei brukar mykje midlar på dette området i tillegg til det som vert tildelt av statlege midlar.

Fylkesmannen har få felles arenaer der ein møter private skuleeigarar. Dei private skuleeigarane har vorte informerte ved hjelp av telefonsamtalar, e-post og Web. 9 av dei private skulane i fylket deltek på vidareutdanning i samsvar med strategien i 2012/2013. 5 av dei private skulane søkte og fekk tildelt midlar til etterutdanning i 2012. Etter Fylkesmannen si vurdering er strategien "Kompetanse for kvalitet" kjent blant dei private skuleeigarane i fylket.

Vår vurdering er at denne delen av oppdraget gjennomført i samsvar med dei føringane som er gitt.

### **Fordeling av midlar til etterutdanning**

Oppdraget er gjennomført i samsvar med dei føringane som er gitt.

### **Bistå i arbeidet med vidareutdanning**

Oppdraget er gjennomført i samsvar med dei føringane som er gitt.

### **Kontroll med og oppfølging av rapportering på midlar til etter- og vidareutdanning**

Oppdraget er gjennomført i samsvar med dei føringane som er gitt.

### **Bidra til regionalt samarbeid, koordinering mellom partane og deltaking i GNIST/ Bistå Utdanningsdirektoratet i oppfølging av Meld. St. 22**

Denne delen av oppdraget har for ein stor vore ivareteke gjennom Arbeidsutvalet i GNIST Hordaland. Det har vore samlingar der dei sentrale partnarane har vore samla. Det har også vore samlingar for skuleeigarane og UH-sektoren har vore samla kvar for seg der dette har vore tema.

I Hordaland er det ikkje høgskular, universitet eller skuleeigarar som deltek i piloteringa av den skulebaserte kompetanseutviklinga på ungdomstrinnet. Dette medfører at Fylkesmannen har hatt lite tilgjengeleg informasjon og ikkje hausta erfaring under piloteringa. Etter Fylkesmannen si vurdering har dette den konsekvens at vi ved utgangen av 2012 var i ein tidleg fase av planlegginga og samhandlinga mellom dei sentrale aktørane.

### **Vurdering for læring**

Hordaland tar del i pulje 3 i satsinga Vurdering for læring. Ni kommunar og fem private skular er med, og Fylkesmannen har oppsummert undervegsrapportane frå skuleeigarane og oversendt oppsummeringa. Når det gjeld erfaringsspreiing er det planlagt tiltak for dette i 2013.

## 32.3 Skoleporten

Vi konkluderer med at oppdraget i stor grad er innfridd sjølv om FMHO ikkje har hatt nevneverdig prioritet på å legge trykk på at Skoleporten vert nytta i kommunane sitt lokale utviklingsarbeid.

I 2012 har FMHO samla inn tilstandsrapportar frå kommunane for mellom anna å få eit oversyn over korleis kommunane nyttar Skoleporten og dei verktya som ligg der i tilstandsrapporteringa, og for å få kunnskap om korleis data vert vurdert og analysert på kommunenivå. Dette gir oss eit godt innblikk i bruken av Skoleporten i kommunane.

Informasjon frå Skoleporten vert systematisk nytta i samband med tilsynsarbeid og som del av og grunnlag for anna kvalitetsarbeid. Denne systematikken inngår som FMHO sin viktigaste strategi for å auke relevans i tilsyn- og kvalitetsarbeid.

FMHO har god kompetanse men har i 2012 ikkje kunne prioritere tilstrekkeleg ressurs til å utnytte det potensialet som ligg i Skoleporten til fulle. Dette gjeld både til intern bruk, men ikkje minst i arbeidet ut mot kommunane. Skoleporten er eit viktig verkty i FMHO si rolle som sektorovervåkar. Analysen og vurderingar av data er tidkrevjande og har altså ikkje fått den prioriteten vi ideelt sett kunne ønskt oss. Vi har planlagt konkrete tiltak for analyse og hypotesedanning på grunnlag av data i 2013.

## 32.4 Erfaring- og kunnskapsinnhenting

Embetet har følgd opp dei førespurnadane vi har fått, vedkommande erfaring- og kunnskapsinnhenting.

### Arbeidslivsfacet

Fylkesmannen har følgd opp forsøket med arbeidslivsfacet gjennom å arrangere samling for skulane og kommunane som er med i forsøket. Dete skjodde i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og forsøksskulane der. På samlinga blei det særleg sett fokus på vurdering og gjennomføring av eksamen våren 2012. Det er vår klare oppfatning at skulane arbeider svært godt med facet, og at det blir godt mottatt av lærarar, elevar og foreldre. Fylkesmannen har hatt jamleg kontakt med kommunane som er med i forsøket. Fylkesmannen arrangerete og ei samling i april med tema eksamen, for særleg å førebu dei skulane og faglærarne på 10. trinn som skulle ha elevar oppe til ekamen i facet.

Fylkesmannen har utbetalt midlar til kommunen som har delteke i forsøket med framandspråk på barnetrinnet og følgd opp rapporteringskravet til Utdanningsdirektoratet. Skulane som delteke i forsøket i er kombinerte skular og erfaringsspreiinga mellom barne- og ungdomstrinn på skulane har vore god. Det har vore lite erfaringsspriing til andre skular.

### Dronning Sonjas skolepris

Fylkesmannen har informert kommunane og fylkeskommunen om skoleprisen. Dette blei gjort på samlingar, det blei sendt brev og vi hadd oppslag på våre heimesider. I 2012 hadde vi dessverre berre ein interessent til prisen. Hordaland har omlag 400 grunn- og vidaregåande skolar, og det er ikkje mogleg for Fylkesmannen å ha god nok kjennskap til alle. Vi er derfor i nokon grad avhengig av at skoleeigarane engasjerer seg og melder aktuelle kandidatar til prisen.

Fylkesmannen vil informere om Dronning Sonjas skolepris våren 2013, og oppmode skolane og skoleeigarane til å løfte fram aktuelle kandidatar til prisen.

## 32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

For å oppfylle resultatkrava, har Utdanningsavdelinga lagt vekt på å bruke ulike metodar og tilnærmingar:

1. Ulike tema frå *Meld. St. 18. Læring og fellesskap* har vore regelmessig på dagsorden på dei faste møtearenaene som Utdanningsavdelinga har med kommunane og fylkeskommunen, og som Statped Vest har fast invitasjon til. I 2012 har vi med utgangspunkt i GSI-tal særleg lagt vekt på nasjonale mål om å redusere omfanget av spesialundervisning i dei øverste stega i grunnskolen, samstundes som vi har løfta fram «tidleg innsats» i høve både før skolestart og dei første åra i grunnskolen. Satsing på kompetanseoppbygging i og av PPT har også vore vektlagt. Disse arenaene er særleg viktige, då skolefaglege ansvarleg i kommunar og fylkeskommune er tilstades, og på nokre av møta har vi også invitert med leiarar av PPT.

2. Utdanningsavdelinga har hatt to tilsyn med spesialundervisning som tema, eit av desse var med Hordaland fylkeskommune der vi også kontrollerte rutinar for inntak av elevar til vidaregåande opplæring og oppfylling av deira rett til spesialundervisning. Tilsyn er ein sær god metode for informasjon og vegleiing om regelverket, og tilbakemeldingar frå kommunene og fylkeskommunen er at dette er ein god kontaktform som gir resultat i i endra rutinar og praksis.
3. Fylkesmannen har samhandla med Statped vest saman med Utdanningsavdelingane hos Fylkesmennene i Rogaland og Sogn og Fjordane, mellom anna for å tolka embetsoppdraget. Vi har tatt del i møte i samarbeidsrådet til StatpedVest, der brukarorganisasjonar og kommunar er representert, og vi har saman møtt regionar og kommunar der vi har hatt gjennomgang av regelverk og St M 18 Læring og fellesskap. Vi legg vekt på samhandling med Statped Vest, med gjensidig informasjonsutveksling og klargjering av oppgåvefordeling. Dette gjeld mellom anna når Statped vest inngår samarbeidsavtalar med kommunar /regionar.
4. Vi har tatt del i Samskipnaden for PPT i Hordaland sin årlege konferanse, der vi går igjennom nytt og aktuelle saker for området.
5. Vi har god kontakt med dei ulike aktørane, kommunar/fylkeskommune, PPT og Statped Vest, pr. telefon. Dagleg og i allefall vekentleg søker desse kontakt med Fylkesmannen, utdanningsavdelinga, for informasjon, vegleiing og drøfting kring ulike problemstillingar.
6. Vi har møter med BUF-etat om opplæringsssituasjonen til barn og unge i barnevernsinstitusjoner.
7. Vi har informert om regleverket knytt til spesialundervisning og vaksenopplæring for tilsette i fylkeskommunane som har ansvar for opplæring i kriminalomsorgen (fengsla).
8. Vi har informert om regelverk og stortingsmelding på høgskolar.
9. Vi har lagt vekt på vegleiing om regelverket ved handaming av klagesaker, særleg gjeld det for spesialpedagogisk hjelp.

Utdanningsavdelinga har medarbeidarar med høg kompetanse på området og som har brei erfaring med området tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi vurderer ut i frå oppdraget og ut i frå dei tiltaka vi har hatt, at måla for arbeidet er nådd, og grunnegeir dette med . Når det gjeld det siste kulepunktet i resultakrava, : «Ha sammenstilt og formidlet dokumentasjon om opplæringen til barn, unge og voksne med behov for særskilt hjelp og støtte i kommunene og fylkeskommunen.» er vi usikre på kva departementet meiner skal gjerest ut over å nytte den informasjonen som ligg føre i GSI.

## 32.7 Opplæring innanfor kriminalomsorgen

Fylkesmannen har det landsdekkjende ansvaret for opplæringa innanfor kriminalomsorga. Samarbeidet med kriminalomsorga, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, er avgjerande for vårt arbeid innan området. Fylkesmannen har følgd opp dei ulike oppgåvene som ligg i embetsoppdraget.

Det har i 2012 vore tilsett to seniorrådgjevarar og ein rådgjevar på området. Etter vår vurdering har dei tilsette høg fagleg kompetanse innan området.

### Oppfølging av stortingsmeldingane

Ein stor del av oppdraget er knytt til St.melding nr.27 (2004 - 2005) Om opplæringa innanfor kriminalomsorgen "Enda en vår". Her har Fylkesmannen også i 2012 følgd prosjekt og tiltak for å betre opplæringa til dei innsette i Noreg. Fylkesmannen har i 2012 mellom anna arbeidd med utfordringane knytt til dei innsettes moglegheit til å ta høgare utdanning. Utfordringane rundt IKT og ny løysing levert av kriminalomsorga for internett og digitale verkty for elevane i skolane i kriminalomsorga har i 2012 vore eit krevjande arbeid. Ei ny digital løysing for området har vært utprøvd og pilotert. Evalueringsarbeidet vart slutført i 2012. Oppfølging av konklusjonane frå evalueringa er arbeid som går vidare også i 2013.

Fylkesmannen har i 2012 fleire prosjekt innan nettstøtta læring. Desse prosjekta er viktige både for å utvikle fleksible opplæringsløp og for å kunne gje studentar på høgare utdanning tilgang til nødvendige læringsarenaer.

Også St.melding 37 (2207 - 2008) har blitt følgd opp i 2012 i samarbeid med Kriminalomsorgas sentrale forvaltning (KSF)/ Justisdepartementet. I 2012 oppretta kriminalomsorga eit eige fengsel for utenlandske innsette. Kriminalomsorga er oppteken av å gje denne gruppen innsette eit meningsfylt tilbod med blant anna opplæringstilbod. Denne gruppa elevar og innsette gjev nye utfordringar, og deira rett til opplæring blir av mange utfordra. Fylkesmannen er av den oppfatning av Noreg er bunden av internasjonale konvensjonar og rekommendasjonar som understrekar at ingen skal nektas retten til opplæring. Fylkesmannen har bistått fylke og region (kriminalomsorga) i etableringa av denne eininga.

### Informasjonsarbeid og nettverksbygging

Fylkesmannen driv utstrakt informasjonsarbeid mot skoleeigarane (fylkeskommunane) om dei innsettes rettar etter opplæringslova, og held årlege samlingar kor samarbeid og nettverksbygging mellom skoleleiarar, skoleeigarar, Kriminalomsorga og andre aktuelle etatar og organisasjonar står i fokus. Fylkesmannen driv også eit aktivt fagnettverk som bistår skoleeigarar. Dette nettverket deler erfaringer og fagkunnskap knytt til dei særmerkte utfordringane skolane bak murane har med å etablere god opplæring, i tråd med lover og regelverk.

Fylkesmannen er koordinator for det nordiske nettverket for fengselsundervisninga, og deltek i europeiske/ internasjonale nettverk innan området. Fylkesmannen var også prosjektdeltakar i eit Grundtvig prosjekt med fokus på tilbakeføringsarbeidet (Bridge prosjektet).

### **TAFU tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning.**

I 2012 har Fylkesmannen vidareført arbeidet med tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU). TAFU er operative begge stadene kor dette er planlagt (Stavanger/Sandnes og Tromsø). Fylkesmannen har som nasjonal prosjektleiar for TAFU arbeidd med å drive prosjektet fram i tråd med nasjonal prosjektplan. Det har også blitt lagd ned arbeid for ei etablering av TAFU utover prosjektslutt i 2013.

### **NDsentra**

Fylkesmannen har i 2012 vidareført tilskotsforvaltninga av opplæringsdelen i prosjekta Narkotikadom med domstolskontroll (NDsentra), knytt til NDSentra i Oslo og Bergen.

### **Tilskotsordninga**

Fylkesmannen har forvalta tilskotsordninga over kap.225, post 68 Tilskudd til opplæring i kriminalomsorgen, jfr.resultatområde 31.7 Tilskuddsforvaltning. Fylkesmannen har i 2012 kvalitetssikra det elektroniske rapporteringssystemet for alle fylka/skolane innan opplæring i kriminalomsorga. Ein eigen årsrapport for området blir ferdigstilt våren 2013.

Vi visar til denne årsrapporten for meir utdjuping av oppfølginga av oppdraget.

## **Resultatområde 33 Tilsyn og forvaltningsoppgåver på barnehageområdet**

### **33.1 Tilskuddsforvaltning**

Fylkesmannen i Hordaland har, i tråd med departementet sine retningslinjer forvalta dei statlige tilskotsordningane på barnehageområdet. Arbeidet med tilskotsforvaltning og stikkprøvekontroll er ikkje lett å skille frå kvarandre. Det er dagleg kontroll, telefon, e-post og kontroll av "rimelighet". Vi journalfører det som er arkiverdig utan at vi har ein eigen logg for det samla arbeidet.

Vår konklusjon er at vårt arbeid med tilskotsforvaltning vert følgt opp på ein nøyaktig og god måte, og innanfor dei fristar og krav som er stilt.

### **33.2 Klagesaksbehandling**

#### **Auke i talet på klagesaker etter barnehagelova**

Embetet har hatt ei vesentleg auke i talet å klagesaker i 2012. Det er, som nevnt over, særleg på området likeverdig behandling vi ser ei auke. Dette er klager det er grunn til å nemne spesielt. Klagene er normalt svært komplekse og krevjande å behandle. Embetet er av den oppfatning at vi har høg komptanse på området, ikkje minst fordi vi har handsama etter kvart mange og kompliserte saker, likevel ser vi at sakene er tidkrevjande og at dei stiller store krav til koordinering mellom kompetansegrupper på embetet. Utan unntak er det naudsynt å nytte både juridisk, økonomisk og barnehagefagleg kompetanse for å ta stilling til i sakene. Det kan og nemnast at det er svært ulikt kor godt sakene er framstilt og opplyst før dei kjem til fylkesmannen.

Ein viktig strategi for embetet er å publisere dei ulike klagesakene på nett, og på den måten bidra til at kommunane for auka kunnskap om korleis ulike klager vert vurdert, og kva forhold i saker som vert vektlagt.

Dette gjeld alle typer klagesaker.

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	1	0	1	0	2
Barnehageloven § 16	0	1	0	0	1
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	2	6	6	0	14
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	2	0	0	2
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0

**Merknad**

Vi har hatt ein sterk auke i talet på klagesaker på barnehageområdet i 2012. I 2011 fatta Fylkesmannen 6 vedtak i klager etter barnehagelova med forskrifter, medan tilsvarende tal for 2012 var 21. Det er særleg på området likeverdig behandling det er auke i talet på klager. Vi har brukt lang tid på nokre av desse klagenes, mellom anna fordi vi har venta på at Udir skal kome med avklaringar om korleis regelverket er å forstå. Vi har motteke to klager frå foreldre som meiner at kommunen ikkje oppfylte retten til barnehageplass etter § 12a. Desse foreldra mottok tilbod om plass, men meinte at avstanden frå heimen gjorde at den tildelte barnehageplassen ikkje kunne nyttast og difor ikkje var reell. Fylkesmannen er ikkje klageinstans i slike saker, og vi avviste difor klagenes.

### 33.3 Informasjon og veiledning

Fylkesmannen valgte tre i 2012 tre områder der vi meinte det var særskilt behov for informasjon og rettleiing. Dei tre områda vart vald på bakgrunn av oppdragsbrev, risikovurdering/lokale forhold og nasjonale barnehagepolitiske målsettingar.

#### 1. Informasjon og rettleiing om regelverket om likeverdig behandling ved tildeling av offentlig tilskot til ikkje-kommunale barnehager i forhold til offentlige tilskudd.

Vi har som nevnt hatt ei stor auke i talet på klagesaker på området. Sidan det stadig ligg føre nye presiseringar/lovtolkningar, informerar vi kommunane raskt om endringar og avklaringar. Vi har og prioritert å svare raskt på spørsmål frå kommunar som barnehagemynde og private barnehageeigare. I klagenes vi handsamar tar vi stilling til fleire prinsipielle spørsmål. Vi meiner difor at det er viktig at resultat frå klager blir lagt ut på heimesidane og dermed formidla til sektoren. Dette har vi ikkje hatt gode nok rutinar på i 2012. I 2013 skal alle gamle klagesaker legges ut på heimesidane, og nye sakar publiserast fortløpande.

I desember arrangerte vi ein dagsamling for kommunane der tema var likeverdig behandling. Vi tok her opp både juridiske, økonomiske og barnehagefaglege spørsmål. Tilbakemeldingar frå sektoren er at slike samlingar er nyttige, men at dei likevel sit igjen med mange uavklarte spørsmål.

Rettelinga på området har til tider vore vanskeleg fordi prinsipielle spørsmål tilavklaring hos Udir har hatt lang sakshandsamingstid. Kommunane har sett seg nødd til å fatte vedtak utan at dei har fått svar på spørsmål. Vi har seinere handsama klager som kunne vært unngått dersom kommunen hadde fått svar på spørsmåla sine før vedtaka vart fatta.

#### 2. Informasjon om "Til barnas beste" Ny lovgivning til barnehagene.

Tidleg i 2012 kom Øyeutvalget si utgreiing om ny barnehagelov. Vi prioriterte informasjonsarbeid om innhaldet i denne fram mot høringsfristen. Vi har utarbeidd ein 2 -3 timar lang presentasjon, og informerte mellom anna styrarar i fleire regionar, på kommunesamling for barnehagefagleg ansvarlege og studentar og tilsette ved høgskulen. Utvalsmedlem Oda Rein fjord presenterte utredninga for kommunane. Målet med dette informasjonsarbeidet var at barnehagesektoren i fylket skulle vere kjend med dei endringane som utvalet foreslår, og at så mange som moleleg skulle sende høringsuttale og på den måten påvirke den framtidige barnehagelova.

#### 3. Informasjon og rettleiing om tilsyn.

Vi har ved fleire høve informert kommunane om dei funn som er avdekka gjennom tilsyn. Det er eit mål at tilsyna skal føre til læring og auka kompetanse i alle kommunane. Tilsynrapportane blir publisert på heimesidene våre fortløpande. Vi hadde og ei dagsamling med kommunen som barnehagemynder der tilsyn var tema. Erfaringar frå fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemynde, regionalt tilsynssamarbeid og operasjonisering

av lovkrav var tema på samlinga.

### 33.4 Tilsyn

Oppdraget er utført og målet er nådd.

Fylkesmannen gjennomførte i 2012 7 tilsyn på barnehageområdet. I to av tilsyna brukte ein systemrevisjon som metode, dei fem andre blei utført som brevtilsyn.

I den eine av systemrevisjonene var det kommunen sitt tilsyn med bemanninga i dei *kommunale* barnehagane som var tema. Kommune og tema ble valt på bakgrunn av opplysningar i klagesak etter forskrift om likeverdig behandling. Her ble det stilt spørsmål om kommunen hadde bemanning i eigne barnehagar som var i samsvar med barnehagelova. Erfaring frå dette tilsynet tilseier at det er behov for å endre barnehagelova slik at fylkesmannen og kan føre tilsyn med kommunen som barnehageeigar. I dette tilsynet måtte vi gå "omvegen" om kommunen som tilsynsmynde. Dette medførte at vi i mindre grad kunne påpeika avvik. Krav til at eigar skal syte for tilstrekkeleg og lovleg bemanning er strengare enn krav til kommunen sitt tilsyn med bemanning. Ingen kan forlange at tilsynsmynde skal ha oversikt og føre tilsyn med alle barnehagane kvar dag, men som barnehageeigar har ein ansvar for at bemanningen er god nok kvar dag.

Den andre systemrevisjonen blei foretatt på bakgrunn av ein klage til fylkesmannen. Ei forelder klagde på gjennomføring og resultat av kommunen sitt tilsyn med ein barnehage i ein konkret sak. Dette tilsynet er unntekte offentlighet.

Tema for dei fem brevtilsyna var knytt til om kommunane som barnehagemynde hadde ordningar i samsvar med regelverket for barnefamiljar med lågast betalingsevne, jfr forskrift om foreldrebetaling §3. Sjølv om vi hadde hatt dette som tilsynstema også i 2011, kom det likevel fram av årsmeldingane pr 15.12.2011 at fem kommunar framleis ikkje hadde på plass slike ordningar. Vi førde tilsyn med desse fem kommunane

#### **FMHO**

Tilsynsobjekt:	<b>Austevoll kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Tema for tilsynet er knytt til om kommunen som barnehagemynde har ordningar for barnefamiljar med lågast betalingsevne, jf forskrift om foreldrebetaling i barnehagar § 3 tredje.
Avvik/funn:	Avvik 1 Austevoll kommune har ikkje ordningar som kan tilby barnefamiljar med lågast betalingsevne ein reduksjon eller fritak for foreldrebetaling”.
Frist for lukking av avvik:	13.04.2012
Pålegg:	Nei
Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Brevtilsyn

#### **FMHO**

Tilsynsobjekt:	<b>Bømlo kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Tema for tilsynet er knytt til om kommunen som barnehagemynde har ordningar for barnefamiljar med lågast betalingsevne, jf forskrift om foreldrebetaling i barnehagar § 3 tredje.
	Avvik 1 Bømlo kommune har ikkje

Avvik/funn:	ordningar som kan tilby barnefamiljar med lågast betalingsevne ein reduksjon eller fritak for foreldrebetaling”.
Frist for lukking av avvik:	25.05.2012
Pålegg:	Nei
Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Brevtilsyn

**FMHO**

Tilsynsobjekt:	<b>Jondal kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Tema for tilsynet er knytt til om kommunen som barnehagemynde har ordningar for barnefamiljar med lågast betalingsevne, jf forskrift om foreldrebetaling i barnehagar § 3 tredje.
Avvik/funn:	Ingen avvik
Frist for lukking av avvik:	
Pålegg:	Nei
Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Brevtilsyn

**FMHO**

Tilsynsobjekt:	<b>Masfjorden kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Tema for tilsynet er knytt til om kommunen som barnehagemynde har ordningar for barnefamiljar med lågast betalingsevne, jf forskrift om foreldrebetaling i barnehagar § 3 tredje.
Avvik/funn:	Avvik 1 ”Masfjorden kommune som barnehagemynde har ikkje ordningar for barnefamiljar med lågast betalingsevne som er i samsvar med regelverket”.
Frist for lukking av avvik:	08.06.2012
Pålegg:	Nei
Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Brevtilsyn

**FMHO**

Tilsynsobjekt:	<b>Øygarden kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Tema for tilsynet er knytt til om kommunen som barnehagemynde har ordningar for barnefamiljar med lågast betalingsevne, jf forskrift om foreldrebetaling i barnehagar § 3 tredje.
Avvik/funn:	Avvik 1 Øygarden kommune har ikkje ordningar som kan tilby barnefamiljar med lågast betalingsevne ein reduksjon eller fritak for foreldrebetaling”.
Frist for lukking av avvik:	02.04.2012
Pålegg:	Nei



Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Brevtilsyn

## FMHO

Tilsynsobjekt:	<b>Askøy kommune</b>
Tema/myndighetskrav:	Tilsynet undersøkte om kommunen gjennom rettleiing og tilsyn sikrar at dei kommunale barnehagane har tilstrekkeleg og forsvarleg bemanning. Tilsynet kontrollerte og om kommunen som barnehagemynde handsamar søknader om dispensasjon frå utdanningskrav i samsvar med krav i regelverket, jf barnehagelova § 17 og 18 jf forvaltningslovea.
Avvik/funn:	Avvik 1 "Askøy kommune innhenter og gjennomgår dokumentasjon om totalbemanning fra barnehagene. Kommunen har likevel ikke operasjonalsert lovkravet og vist hvilke elementer som inngår i vurderingen av hva som er tilstrekkelig og forsvarlig bemanning. Dette er en forutsetning for å kunne føre tilsyn på området"
Frist for lukking av avvik:	02.01.2013
Pålegg:	Nei
Merknad:	
Ressursbruk:	
Kommentar:	Systemrevisjon

### 33.5 Kontroll av årsmelding per 15/12 og årsregnskap for ikke-kommunale barnehager

Oppdraget er utført og målet er nådd

Fylkesmannen har kontrollert at talmaterialet i årsmeldingane frå barnehagane per 15.12.12 verkar sannsynlig. Vi kontrollerer alle punkta som er mogleg å kontrollera.

Det er ein del feil i årsmeldingane til dei mindre kommunane. Konsekvensen blir større bruk av ressursar hos Fylkesmannen.

Ved forespørsel har vi fulgt opp at kommunen held fristen for innlevering av årsregnskapet.

## Resultatområde 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

### 34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Kompetanseutvikling i barnehagesektoren i Hordaland er ivareteken gjennom tiltak som er omtala i denne årsrapporten. Oppgåvene er løyst i tråd med førestnadene og målet er nådd.

Embetet har fått auka ressursar og har kompetanse til å følgje opp kvalitetssatsinga. Satsingsområdet er omfattande og ein del kommunar melder om at det er viktig med støtte og oppdatering frå Fylkesmannen på det pedagogiske området.

Ei utfordring i kvalitetsarbeidet viser seg å vere den økonomiske situasjonen som påverkar dei lokale

barnehagane. Tiltak som krev økonomisk innsats også frå eigar, er ikkje reell for alle å ta del i. Dei manglar vikarar, frikjøp er gjerne ikkje mogleg eller det er andre hindringar å delta på kompetanseutviklingstiltak. Når kompetansehevingstiltak blir dekkja, også med tid til å gjennomføre dei, er entusiasmen og interessen svært stor. Fylkesmannen sine overføringar og ressursar dekkjer ikkje behovet i barnehagane.

**Barnehagemyndigheten sin kompetanse og ressursar** vil dermed ha innverknad på korleis kommunane arbeider med kompetanseutvikling i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Det har innverknad på korleis rammeplanen blir implementert, og korleis statlege strategiar og kompetansetilbod generelt blir formidla og følgd opp.

Det går fram av dialogen med kommuneleddet at sektoren ikkje har dei naudsynte ressursane og i mange tilfelle ikkje kompetansen til å følgje opp kompetanseutvikling og rekrutteringstiltak overfor dei som er tiltenkt desse. Oppgåvene og kompetansekravet til kommuneleddet er aukande i ei tid prega av store krav, forventningar og endringar i barnehagesektoren. Særleg er dette merkbart i kommunar der ein person har ansvaret for fleire fagområde i kommunen.

Også innanfor kompetanseutvikling viser det seg at innhaldet i rollene som barnehagefagleg ansvarleg og som barnehagemynding kan vere utydeleg. Dette kan både handle om organisering og oppgåveforståing.

Ei anna utfordring er å stimulere til erfaringsspreiing i regionane sine ulike samarbeidsfora. Samarbeidet mellom kommunar på barnehageområdet er nokon område svært godt, medan andre ikkje har eit samarbeidsorgan på plass. Det er nok ulike grunnar til dette, men Fylkesmannen har fått signal på at volumauken i barnehagesektoren har ført til stramme prioriteringar med uheldige konsekvensar i eit utviklingsperspektiv. Fylkesmannen medverkar gjennom GLØD-Nettverket. GLØD har invitert fleire frå kommuneleddet frå regionane med i nettverket.

### **Tiltak for å implementere i kommunane og barnehagane formålsparagrafen med følgjendringar i lov og rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver**

- Oppfølging, avslutning med erfaringsspreiing av Pilotprosjektet «Barnehagen som læringsmiljø og dannelsesarena» er eit viktig tiltak som medverkar til å implementere formålsparagrafen med følgjendringar i kommunane og i barnehagane.

I januar hadde prosjektet oppstartsamling for ca 75 deltakarar. I november vart prosjektet presentert i ein sluttkonferanse som var open for deltaking frå alle interesserte. Barnehagefagleg ansvarlege i kommunane var spesielt inviterte. Mange styrarar og barnehagetilsette frå andre kommunar møtte i alt 160 deltakarar.

Vurdering: Prosjektet vart vurdert av deltakarane og av Fylkesmannen som svært vellukka og fagleg inspirerende. Arbeidsforma med tett kontakt mellom Høgskulane og praksisfeltet har vist seg svært bra for begge partar. I seg sjølv er det ein kompetansegejevande metode i arbeidet med å utvikle kvaliteten i barnehagen og på utdanninga på høgskulane. Ikkje minst har det å få midlar til vikar/frikjøp tid til å arbeide med prosjektet vore ein suksessfaktor.

Berre nokre få av kommunane følgde tett opp som bindeledd mellom Fylkesmannen og barnehagane slik som var avtalt. Konsekvensen var større bruk av ressursar hos Fylkesmannen.

### **Kompetansemidlar**

Alle 33 kommunane søkte og fekk kompetansemidlar på grunnlag av ein kompetanseplan som inneber ei satsing på "*Vennskap og deltagelse*". Midlane har kome både ikkje-kommunale og offentlege barnehagar til gode.

Rapporteringa viser at kommunane har brukt midlane i samsvar med tildelingskriteriane og at ikkje-kommunale barnehagar får tilbod om kompetansetilbod på omlag lik linje med kommunale. Dei som ikkje har gjennomført alle planlagde tiltak overfører midlane til 2013.

### **Kompetansehevingsstudier for assistentar**

Evaluering av assistentopplæring frå 2011-12 viste stor interesse og god kvalitet på studiet. NLA Høgskulen og Høgskolen Stord / Haugesund la i samarbeid med Fylkesmannen opp eit nytt studietilbod med oppstart oktober 2012 etter fagplan som føreset. I alt 50 søkte, 46 fekk plass. 27 frå ikkje-kommunale og 19 frå kommunale barnehagar.

Fylkesmannen overførte midlar til barnehagane via kommunane for å finansierte studieavgift og vikar/frikjøp for assistentar. NLA har som privat høgskule dermed ikkje fått tildeling frå Fylkesmannen, men har lagt ei ordinær studiefinansiering til grunn for studietilbodet.

## 34.3 Andre satsingsområde

### Etablere regionalt nettverk - GLØD

GLØD-Nettverket har representantar frå kommunar v. barnehagefagleg ansvarleg, tre Høgskular, Studentrepresentant, Kommunens sentralforbund, Utdanningsforbundet og Fagforbundet. Fylkesmannen har ansvaret som koordinator. Ingen i nettverket har særleg kommunikasjonsfagleg kompetanse.

Nettverket har vurdert å ha behov for større representasjon frå kommunane og har invitert regionale representantar frå barnehagesektoren på kommunenivå til å delta i nettverket.

#### Strategi i etableringsfasen

- brukt ein del tid på å etablere seg til kunnskapsinnhenting, få fram statistikk og å vurdere kva arenaer den einskilde i nettverket opererer på som kan brukast opp imot målsetjingane for GLØD.
- Arbeidd med handlingsplan.
- Brukt tid på å setje seg inn i erfaringar frå det regionale rekrutteringsarbeidet knytt til rekrutteringssatsinga.
- Representantar frå GLØD har delteke på mediekurs arrangert på sentralt hald.
- Fylkesmannen sitt arbeid har i stor grad retta seg mot Utdanningsmessa 2013 i Bergen. Oppfølging frå KD og planlegging av messa.

#### Godt samarbeidet mellom GLØD og GNIST

Gjennom kontorfellesskapet har GNIST og GLØD eit tett samarbeid på felles tema og saker. GLØD har dette oppdraget som ein del av ein større stilling medan samarbeidsparten har prosjektleiar i heil stilling. Det blir arbeidd for at nettverket sine medlemmer ser potensiale i og brukar eigne arenaer/ møtestader relatert til målsetjingane for GLØD.

#### Pedagogdekning - rekruttering

Bergen har ikkje store vanskar med rekruttering av barnehagelærarar. Ein del andre mindre kommunar har større vanskar. Vi kan førebels ikkje nevne spesielle resultat av rekrutteringsarbeidet. Likevel, vi ser at gjennom arbeidet med GLØD kan det vera mogleg å gjera barnehagen til ein attraktiv yrkesveg. GLØD vil arbeida for at arbeidsgjevarar og andre premissleverandørar skal leggje opp til dette.

#### Rekruttering menn

I samband med "Verdens fineste stilling ledig" kampanjen, samarbeidde Fylkesmannen med KD og Bergen kommune ved barnehagetog i Bergen. Lokale aviser og Nrk-radio dekkja arrangementet.

Det er ikkje grunnlag for å vurdere effekten av våre rekrutteringstiltak på annan måte enn det som offentleg statistikk viser; søknad til barnehagelærarutdanninga auka i 2012. Så lenge ikkje SSB-statistikken ligg føre har ikkje Fylkesmannen tilgang til gjeldande talet menn i barnehagane.

#### Likestilling - Tiltak og vurderingarfor

- Likestillingsnemnda i Hordaland består av tre representantar frå utdanningsavdelinga. Planen er å først samarbeide internt og å trekkje inn representantar frå kommunar, UH sektoren og andre aktuelle deltakarar etter kvart som oppfølging av Likestillingsmeldinga får prioritet og at Fylkesmannen kan følgje opp ei hastig og tilfeldig samansett nemnd.
- Samarbeid med Likestillingssenteret om ei fleirårig opplæringsrekke for barnehagesektoren: *Korleis arbeide praktisk med likestilling og likeverdsperspektivet i barnehagen sin pedagogikk*. Det vart halde eit seminar for barnehagefagleg ansvarleg i kommunane i mars. Berre nokre få Hordalandskommunar deltok på dette seminaret. Det er ei utfordring å få barnehagefagleg ansvarlege i kommunane til å prioritere likestilling. Men i løpet av vinteren 2013 er 4 kurs fullteikna på tilsvarande kurs for barnehagetilsette. Det er fleire på venteliste.
- Deretter inviterte Likestillingsnemnda representantar frå kommunar, UH-sektoren og fagforeningar til drøftingar om arbeidet med likestilling i barnehagen. Temaet var å drøfte aktuelle tiltak som kan auke bevisstheten om likestilling i barnehage og i utdanninga i høve til tema i Handlingsplanen Likestilling 2014.
- Fylkesmannen presenterte likestillingsmeldinga: Likestilling 2014 i møte våren 12 då Bergen etablerte Menn I Barnehagen - nettverk.

- **Kvinnherad kommune - kr.70 000 til** utviklingsarbeid «Likestilling i barnehage - prosjekt 2012». Prosjektet er leia av barnehagefagleg ansvarleg i samarbeid med alle styrarane i kommunen sine barnehagar etter ein tilpassa modell av NAFO prosjektet. Styrarsamlingar m. høve til å hente inn eksterne fagpersonar, fagleg styrar nettverk og arbeid i eigen barnehage i mellomperiodane.
- **Høgskolen i Bergen vart tildelt kr. 100 000** til FOU - prosjektet «Likestilling i barnehagen - barnehagepersonalets verdier og holdninger» Prosjektet utfordrar etablerte oppfatningar om likestilling og likeverd som ligg til grunn for det pedagogiske arbeidet. I tillegg vil det vere sentralt å reflektere over korleis mannlege tilsette påverkar barnehagens likestillingsarbeid. Prosjektet samarbeider med to avdelingar i to barnehagar; den eine har ingen menn tilsett og den andre har berre menn i avdelinga.
- Begge prosjekta går over eit heilt barnehageår med rapportering og erfaringsspreiing på slutten av perioden.

## Mobbing i barnehage og skule

Brev til kommunane i samband med kampanjeveka og oppfordra ordførarane i alle kommunar som ikkje har skrive under *Manifest mot mobbing* om å gjera dette.

## Arbeid med språk og kulturelt mangfald, og inkludering

46 assitentar får opplæringa om språk og kulturelt mangfald, og inkludering i barnehagen i Assistentstudiet. Jmf. Kompetanseheving for assistentar.

## Ressursrapportering

På resultatområde 315 utgjør kr. 11 927 467 utbetalt honorar til sensorer.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
31.1 Tilsyn	kr 1 949 143,53	kr 7 358,95
31.4 Informasjon og veiledning	kr 788 552,77	kr 134 613,18
31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartl.prøver	kr 760 639,24	kr 11 939 787,89
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 1 232 131,46	kr 193 400,75
32.2 Kompetanseutvikling	kr 265 325,41	kr 139 795,19
32.3 Skoleporten	kr 11 520,01	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 560 854,78	kr 62 400,64
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 357 956,54	kr 0,00
33.2 Klagesaksbehandling	kr 341 650,02	kr 0,00
33.4 Tilsyn	kr 683 190,35	kr 0,00
33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap	kr 0,00	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 742 147,91	kr 0,00
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 112 389,69	kr 2 564,97
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 1 767 446,99	kr 1 711,70
Andre oppgaver under KD	kr 45 159,95	kr 0,00
Sum:	kr 9 618 108,00	kr 12 481 633,00

## Statens Helsetilsyn

### Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

#### 41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi behandla 80 saker i 2012

## **41.2 Planlagt tilsyn**

Vi gjennomførte tilsyn med fire kommunar.

## **Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV**

### **74.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Vi har gitt mykje rettleiing og har kort saksbehandlingstid. Alvorlege saker blir følgde opp straks. Kategorisering av sakene, rettleiing eller hendingsbasert tilsyn er ikkje alltid like tydeleg. Reelle hendingsbaserte tilsynssaker i 2012 er om lag 10.

### **74.2 Planlagt tilsyn**

Vi utførte tilsyn med seks kommunar. Tema var behandling av søknaer om økonomisk stønad frå personar med forsørgjaransvar. Tilsyna avdekte manglar ved styringa med tenestene; manglande oppfølging frå leiinga, mangelfull opplæring og manglande individuell kartlegging av sakene og manglande kunnskap om kva ei individuell kartlegging skal omfatte.

Vi har og kartlagt kva praksis Nav-kontora har for å ivareta teieplikt når det blir gitt stønad til depositum i form av garanti. Med nokre få unntak er praksis i samsvar med reglane i sosialtenestelova.

## **Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenester**

### **82.1 Hendelsesbasert tilsyn**

I 2012 avslutta vi 264 hendingsbaserte saker. 40 av dei blei sende til lokal oppfølging. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var om lag fem månader.

Vi fekk inn 242 saker.

Dette året fekk vi ingen spørsmål frå politiet om vi ville tilrå etterforsking. Vi bad heller ikkje politiet om å starte etterforsking.

### **82.2 Planlagt tilsyn**

Planlagte tilsyn er utført og rapportert i samsvar med embetsoppdraget. Tilsyna er utført som systemrevisjonar og kartleggingar av avlastningstilbod i kommunane, økonomisk sosialhjelp, miljøretta helsevern i barnehagar og skular og helsetilbod til asylsøkjjarar og flyktningar.

Som del av det landsomfattande tilsynet med handtering, vurdering og utgreiing av kolorektal kreft blei det ført tilsyn med fire sjukehus i region vest. Funn og vurderingar er oppsummert i eigen rapport. Vi fann at forløpstidene varierte. Utgreiing blei likevel gjort innan forsvarleg tid. Alle sjukehusa arbeidde med å betre pasientflyt og kan gjere meir for å redusere tida. Utfordringane var størst ved dei store sjukehusa. Kompenserande tiltak var sette i verk for å løyse organisatoriske utfordringar.

Ved tilsyn med helsehjelp til pasientar som ikkje har samtykkekompetanse og seg seg i mot helsehjelpa fann vi at regelverket ikkje er godt nok kjent og forstått.

## **82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.**

Vi behandla 328 saker om innfriing av pasient- og brukarrettar. 90 prosent av sakene blei behandla innan tre månader. Om lag 25 prosent av sakene gjaldt krav om å få dekt reisekostnader.

Pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A: I 2012 mottok vi kopiar av 216 vedtak. 100 av dei vara i meir enn tre månader. 57 vedtak blei tekne til etterretning. Vi gav tilbakemelding i 111 vedtak, og gjennomførte 23 tre-månaders kontrollar. 24 vedtak blei oppheva og eitt blei endra.

## **Resultatområde 42 Familierett**

Sjå underpunkt.

### **42.1 Ekteskapsloven**

I 2012 gav Fylkesmannen 916 skilsmissebevillingar og 1037 separasjonsbevillingar. Saker om separasjon og skilsmisse der ein eller begge partar ikkje er norske borgarar aukar, og eir meir arbeidskrevjande enn andre saker.

Det er svært mykje korrespondanse på saksfeltet. I 2012 kom det inn 3622 brev og det vart sendt ut 4685 brev

### **42.2 Anerkjennelsesloven**

I 2012 handsama vi 125 saker etter anerkjennelsesloven .

### **42.3 Barneloven**

I 2012 svara vi på 15 skriftelege førespurnader etter barnelova. Det er ikkje handsama saker etter barnelova §§ 44, 47 eller 55.

### **42.4 Veiledning og informasjon**

Barneloven: Talet på telefonhenvendelsar har gått ned siste året.

Sep/skilsmisse: Jevn pågang av henvendelser på telefon og i ekspedisjonen som handsamast fortløpande. Aukande og krevjande arbeid med utanlandssakene.

## **Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilbud**

I 2011 kartla Fylkesmannen krisesentertilbod i kommunane. Kartlegginga blei følgd opp i 2012. Med unntak av ein kommune, der formalitetar ved tilbodet er uklare, har alle dei andre gjort greie for tilboda sine.

## **Resultatområde 44 Familievern**

I 2012 gjennomførte vi tilsyn med dei seks familievernkontora i Hordaland. Vi følgde rettleiaren for tilsyn med familievernkontor av 16. juni 2006 frå BLD.

Hovudtema for tilsynet var:

1. Klienten sin rett til innsyn i klientjournal, jamfør lov om familievern § 12.
2. Klienten si plikt til å møte til mekling, jamfør meklingsforskrifta § 7.

Det blei ikkje funne grunnlag for å gi avvik eller merknader ved desse tilsyna.

## **Resultatområde 45 Barn og Unge**

### **45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning**

I 2012 tildelte Fylkesmannen 300 000 kroner til kompetanseheving og utvikling i tenestene. Tiltak som gjaldt tverrfagleg hjelp og oppfølging var prioriterte. Dette var også tema på møte for tilsette og leiarar i barnevern-, sosial-, omsorg- og helsetenestene hausten 2012.

Vi arrangerte fagdag for barneverntenestene der tema var tiltak for ungdom over 18 år og innsynsrett i saksdokument i barnevernet. Vi har laga informasjonsbrosjyre om tilsynet for barn i barneverninstitusjonar og lagt informasjon på nettsida vår om korleis dei kan kontakte oss.

Halvårlege rapportar per 20. januar og 20. august om aktivitetane på barnevernområdet i kommunane er sende til BLD.

### **45.2 Fritak for taushetsplikt**

Vi behandla 69 saker om fritak for teieplikt for tilsette i barneverntenesta.

### **45.4 Biologisk opphav**

Fylkesmannen har handsama 44 saker om biologisk opphav i 2012.

### **45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern**

Fylkesmannen overførte til kommunane til saman kr 27 006 600,- til finansiering av 37,65 øyremerka stillingar oppretta i mars 2011 og 6,6 øyremerka stillingar oppretta i desember 2011.

Tilbakemeldingar frå kommunane tilseier at midlane er brukte i samsvar med føremålet, jamfør svar til BLD i brev av 2. november 2012.

## **Resultatområde 46 Universell utforming**

Handlingsplan for arbeidet med universell utforming hos FmHo vart ferdigstilt i 2010 av ei tverrfagleg arbeidsgruppe. Denne vert følgt opp på Fylkesmannen sine arbeidsfelt, og internt ved byggjearbeid i Statens hus og ved innkjøp og tenester.

Universell utforming vert tatt opp fortløpande med kommunane i samband med planlegging og kommunedialog. Vi samarbeider med fylkeskommunen omkring feltet.

Fylkesmannen deltok på Husbanken sin nasjonale konferanse om temaet hausten 2012

## **Resultatområde 47 Integrering av innvandrere**

## 47.1 Statborgerseremonier

Vi hadde 196 ja på invitasjon for totalt 738 inviterte. Seremonien 10. juni hadde 120 ja på 461 inviterte (26 %), mens seremonien 2. desember hadde 277 inviterte og 76 ja (27,43 %).

Vi registrer de som svarer ja, ikke de som faktisk kommer. Forskjellen er liten da frafallet i stor grad motsvares av inviterte som ikke har svart på invitasjonen. Men viktigst er det at vårt desidert største fylke (O&A) ikke har mulighet til å registrere faktisk oppmøte - da blir det meningsløst av vi andre skal gjøre det - vi må ha sammenliknbare tall.

### Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMHO	2	26,6
<b>Sum</b>	<b>2</b>	

## 47.2 Bosetting av flyktninger

Dette er eit vanskeleg område der Fylkesmannen har eit oppdrag, men ikkje makt å setje bak kravet.

Situasjonen i fylket har fram til 2012 vore grei. Kommunane har, ifg IMDI Vest, makta å busette flyktningar. Dette var forverra seg i 2012, samtidig som 2013 ser enda vanskelige ut, og tiltak må setjast i verk.

I slutten av 2012 tok Fylkesmanne initiativ til samarbeid med IMDI. Det vart haldt eit møte med IMDI, Fylkesmannen, Husbanken og KS om dette. I tillegg hadde Fylkesmannen eit separat møte med IMDI.

Vi vil i løpet av våren initere oss med på møter i regionråda for å få kommunane i tale og påvirke som best vi kan.

## 47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Fylkesmannen avgjorde 5 klagesaker etter introduksjonslova i 2012:

Saksnr	Kva saka gjaldt	Resultat
12/5314	Forlenging av program	Vedtak stadfesta
12/5313	Forlenging av program	Vedtak stadfesta
12/5728	Forlenging av program	Vedtak stadfesta
12/6899	Fråver	Oppheva pga mangelfull grunngjeving
12/14451	Fråver	Vedtak stadfesta

Fylkesmannen har i tillegg til den konkrete sakshandsbehandlinga hatt ein del rettleiing på telefon.

## 47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Dei ulike tilskota er utbetalte til kommunane etter at søknadene er komne inn til Fylkesmannen. For forbruket i 2012 har IMDI fått eigne rapportar.

I samarbeid med VOX har Fylkesmannen i Hordaland arrangert kurs for lærarar og leiarar i samband med undervisning i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Etter vår vurdering har vi eit godt samarbeid med VOX. Det er stor etterspurnad og deltaking på kursa som vart arrangert. Fylkesmannen har etablert ei kontaktgruppe med kommunane der vi kan hente innspel og få kunnskap om situasjonen i kommunane, også når det gjeld opplæring etter introduksjonslova.



## 47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

Tilsyn med ordningane i introduksjonslova har berre vore gjennomført som pilotprosjekt av utvalde fylkesmannsembete i 2012. Fylkesmannen i Hordaland har ikkje vore eit av desse, men deltok på IMDI sin samling om tilsyn hausten 2012.

## Resultatområde 48 Fremme likestilling og motvirke diskriminering

Likestilling vert ivareteke ved Fylkesmannens drift og i tilsettingsprosessar.

Likestilling er vidare eit tema i dialogen med kommunane i samband med planlegging, der vi ser at dette er ei problemstilling.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.	
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 1 323 604,86	kr 0,00
42 Familierett	kr 1 153 062,76	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 1 642 408,05	kr 0,00
47 Integrering	kr 60 647,81	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 4 179 723,00	kr 0,00

## Justis- og beredskapsdepartementet

### Resultatområde 51 Siviladministrasjon

Sjå underpunkt.

#### 51.2 Vergemålsloven

Rapportering om verjemålsreforma og arbeidet med denne i Hordaland i 2012:

#### INFORMASJON

##### *a) Formidle informasjon til kommunene om statens planer for gjennomføring av vergemålsreforma, og konsekvenser og oppgaver for kommunene i den forbindelse*

a) Administrasjons- og verjemålsavdelinga sin verjemålsseksjon i Hordaland hadde samling for alle overformynderi i fylket 19. april 2012. Her orienterte fylkesmann Lars Sponheim om bakgrunnen for reforma, sentral prosjektleiar informerte om nasjonal status i reforma og prosjektleiar for Hordaland vart presentert og informerte om planane for verjemålsarbeiet i fylket. I perioden frå mai-juni 2012 besøkte vi alle 33 kommunane sine overformynderi og fekk som eit resultat av dette kartlagt antall verjemål, storleiken på midlar til forvaltning samt hvilke utfordringar på verjemål den einsskilde kommune har.

I mai og juni heldt vi også informasjonsmøte/presentasjon av reforma for omlag 100 verjer ved to ulike kommunehus. Dette vart gjenteken for omlag 100 verjer hausten 2012.

Siste veka i oktober vart alle kommunane sine overformyndarar og arkivpersonale i kommunane invitert til opplæring i datafangstportalen. Opplæringa fant sted i Statens Hus og 29 av 33 kommunar møtte. Her fekk alle statusinformasjon om prosjektet i tillegg til opplæring i korleis dei skulle gjennomføre skanning av dokumentar over i denne datafangstportalen.

I desember vart det sendt ut brev til alle overformynderia i fylket med oppmoding om å vidareseende brevet til verjene i samband med årleg brev om rekneskapsinnlevering.

***b) Utarbeide organisasjons- og bemanningsplan for vergemålsfunksjonen i det enkelte embete***

Organisasjons- og bemanningsplan vart utarbeida og godkjend av styringsgruppa ved embetet 01.11.2012. Denne sa noko om mål og resultatstyringa, arbeidsoppgåvene i den nye verjemålseininga, organiseringa av vervemålsarbeidet i Hordaland, behovsanalyse av fagkompetanse samt rekrutteringsarbeidet.

***c) Avklare behov for lokaler for den nye organisasjonen og ta kontakt med JD hvis løsningen synes å utløse husleiekostnader utover hva som ligger i tildelte budsjettammer***

Det vart tidleg avklåra at den nye verjemålseininga i Hordaland skulle lokaliserast i Statens Hus, 2. etasje. Desse lokala vert overteken frå Riksrevisjonen 1. mars 2013. Lokala inneheld 15 kontor plassar, eit møterom med plass til 12-14 personar og tre arkivrom. Frå 1. juli 2013 vil verjemålsseksjonen bestå av 13 medarbeidarar og kontor plassen vert dermed utnytte tilnærma maksimalt.

***d) Avklare lederansvaret for vergemål i embetet, eventuelt å rekruttere leder. Det legges til grunn at leder for vergemål i embetet skal delta i nasjonal prosjektgruppe for gjennomføringsprosjektet***

Det vart beslutta at verjemålsoppgåvane skulle leggjast til adminstrasjons- og verjemålsavdelinga hjå fylkesmannen i Hordaland. Rekruttering av leiar for nyoppretta stilling som seksjonsleiar for verjemålsseksjonen vart påbegynt hausten 2011. Liv Sørevik tiltrådte stillinga som prosjektleiar og leiar for verjemålsseksjonen i embetet 26. mars 2012.

***e) Utarbeide egen prosjektplan som viser framdrift og ansvar for de oppgaver som skal løses i eget embete fram mot målsatt tidspunkt for ikrafttredelse av ny vergemålslov 1.7.2013***

Prosjektplan for verjemålsoppgåvane vart godkjent 1. november 2012 og vert oppdatert fortløpande. Planen omfattar mål, organisering, møteplan, generell framdrift, risikovurdering, rapportering, informasjonsarbeidet i fylket, opplæringsarbeidet i fylket forvaltning av midlar samt aktivitetsplan. Planen er detaljert og beskriv milepælane med fristar for resultatoppnåing.

***f) Når resultatet fra det sentrale Samarbeidsutvalget for virksomhetsoverdragelse og personaloverføring fra kommunene foreligger og er behandlet av FAD/JD, ta kontakt med kommunene i eget fylke for å gjennomføre definert prosess med identifisering av ansatte med rett til jobb i staten, vurdering av innplassering i egen organisasjonsplan, utarbeidelse av tilbud om stilling m.m.***

Fylkesmannen i Hordaland tok tidleg kontakt med kommunane for vurdering av tilsette som hadde rett til å komme over til staten gjennom verksemdoverdraging. Tre kommunar sine overformynderi oppfylte vilkåra for verksemdoverdraging, men personalet i to av desse kommunane ville likevel ikkje nytta retten. Vi har gjennomført prosess med dei tilsette ved Bergen overformynderi. Ni av dei tilsette underteikna arbeidsavtale i august medan ein av desse seinare trekte seg. Åtte av personalet ved Bergen overformynderi kjem dermed over til Fylkesmannen i Hordaland gjennom verksemdoverdraging.

***g) Når arbeidet i punktet over er fullført, fortsette rekrutteringen av ytterligere medarbeidere ut fra egen organisasjonsplan og prioriterte behov, innenfor tildelte budsjettammer. Dette arbeidet går også inn i 2013.***

Rekruttering av to nye medarbeidarar til verjemålsseksjonen tok til i november 2012. Vi mottok 40 søkjarara til to juriststillingar som rådgjevar/seniorrådgjevar. Seks kandidatar vart innkalt til intervju i desember. To juristar vart tilsett i stillingane tidleg i januar 2013. I tillegg tilsette vi ein i ei halvårleg engasjementstilling.

***h) Ta kontakt med kommunene for å få oversikt over løpende vergemål og tilknyttede verger og representanter.***

Etter gjennomføring av besøk og kartleggjing av alle overformynderia i fylket i mai og juni 2012, fekk vi oversikt over antallet verjemål og tilknyttate verger og representanter pr. 29. juni 2012. Totalt 4.859 verjemål var registrert i

fylket pr. 29. juni 2012. Av desse var det 1357 saker registrert for mindreårige under verjemål, 3087 saker overfor personar under hjelpeverjemål, 18 saker med umyndiggjorte, 311 saker for personaler mellom 18 og 25 år med innskot og 86 saker overfor institusjonsbeoarar med inneståande pasientmidlar.

***i) Starte registreringen av vergemål og verger i vergemålsregisteret i tråd med framdrift og definisjoner som fastsettes av det sentrale vergemålsprosjektet***

Pr. 31.12.12 var 11 av dei 33 kommunane i fylket igong med registrering av saker i datafangstportalen, 18 kommunar opplyste at dei ville starte med registrering av saker snarast mogleg. 4 kommunar nådde vi ikkje tak i på telefon. Kommunane blir tett fulgt opp i samband med registrering og skanning av saker i verjemålsregisteret.

***j) Etablere kontakt med dagens verger og gi dem motivasjon, informasjon og opplæring for å kunne fortsette i den nye vergemålsordningen***

7. desember 2012 sendte vi ut brev til overformynderia med informasjon stila til verjer og hjelpeverjer i fylket. Overformynderia vart oppmoda om å sende brevet ut til verjene saman med informasjon om årsrekneskapa. I tillegg har vi som tidligare nemnd hatt presentasjonar for omlag 200 verjer i fylket kor vi også har oppmoda verjene om å fortsette arbeidet som verjer også når ny lov trer i kraft. Utanom dette har vi ikkje vore i kontakt med verjer i Hordaland.

***k) Bidra lokalt med informasjon til interessentene i vergemålsreformen***

Vi har ikkje bidratt lokalt med informasjonsarbeid om verjemålsreformen i 2012. Dette arbeidet vil bli satt igang gjennom ein informasjonskampanje våren 2013. Målgruppa er dei som blir direkte berørt av reformen, Dette kan vere servicetorg i alle kommunar, alders –og sjukeheimar, tilsynslegar/fastlegar, psykiatri, sosialteneste og barnevern, bankar og forsikringsselskap, skatteetat og tingretten.

***l) Starte arbeidet med oppbygging av system for internkontroll for vergemålsområdet internt i embetet***

Vi har ikke byrja arbeidet med å byggje opp system for internkontroll på verjemålsområdet. Dette arbeidet tek til frå april 2013.

***m) Andre oppgaver som underveis tildeles av departementet eller oppgaver fylkesmannen av eget tiltak finner å måtte løse***

Frå departementet: Etter fastsette fristar i samband med verksemdoverdraging vart det rapportert om personale pr. 1. juli 2012, leie av lokaler og tomgangsleie. Etter anmodning vart det rapportert om rekneskap på kap. 469, post 01 planlagde aktivitetar og ressursbruk for oktober-desember 2012 samt berekna forbruk pr. 31.12.12.

Prosjektmedarbeidar vart leigt inn for å delta sentralt i dataprojektet. Dette tilsvarte omlag 20% av stillinga ved embetet. Engasjementet pågår fortsatt.

Prosjektleiari vart spurt om å delta i bankprosjektet si ressursgruppe. Engasjementet pågår fortsatt.

Frå fylkesmannen: I november 2012 vart det bestemt at Bergen overformynderi flytter over i Statens Hus 1. april 2013. Dette er beslutta for å sikre å sikre ei tryg og god implementering 1. juli 2013. Tekniske og praktiske utfordringar i samband med dette skjer i tett samarbeid med Bergen kommune.

**Oppgaver etter vergemålsloven**

<b>Embeter</b>	<b>Antall saker</b>	<b>Antall tilsyn</b>
FMHO	20	0
<b>Sum</b>	<b>20</b>	<b>0</b>

### **51.3 Forlikrådene**

Fylkesmannen har i 2012 godkjent val av forlikrådsmedlemer for alle kommunane i Hordaland for perioden 2013-2016.

### **51.5 Tomtefesteloven**

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje handsama klager på dette feltet i 2012.

## Resultatområde 52 Borgerrettigheter

Sjå underpunkt.

### 52.1 Fri rettshjelp

Når det gjeld rapportering om Fylkesmannen si handsaming av søknader om fritt rettsråd, fri sakførsel, handsaming av salær oppgåver og kontroll av vedtak frå advokat/rettshjelper, viser vi til vår kvartalsvise rapportering til Statens sivilrettsforvaltning. Dei kvartalsvise rapportane inneheld også informasjon om vår sakshandsamingstid på desse felta.

Når det gjeld den elektroniske skjemaløysinga, har Fylkesmannen i 2012 motteke 72,5 % av alle søknadar og vedtak i elektronisk form. Dette utgjer ei lita auke samanlikna med 2010, då talet var 70,7 %. Vi jobbar kontinuerleg med å få fleire advokatar i fylket til å gå over til den elektroniske skjemaløysinga. Dette gjer vi ved stadige påminningar i brev og vedtak som går ut i ein skildsaker og per telefon til dei aktuelle advokatane. Vi har gjennom året prioritert søknader og vedtak som kjem inn elektronisk framfor dei som kjem inn i papirform.

### 52.3 Navneloven

Fylkesmannen har i 2012 handsama seks klagesaker etter navnelova. Vi har omgjort fire vedtak. To vedtak er stadfesta.

## Resultatområde 53 Forebyggende samfunnsikkerhet

### 53.1 Oversikt over regionale samfunnsikkerhetsutfordringer

FylkesROS Hordaland 2009 har 7 hovudtema. Pådrivarrolla og oppfølging av tiltak har i mindre grad vore prioritert i 2012, men hendingar og utvikling i 2012 har og medført at vi har sett på nye hovudtema som må vurderast i neste revisjon av FylkesROS med oppstart i 2013. Ny revidert FylkesROS Hordaland 2013 er planlagt presentert på fylkesberedskapsrådet sitt møte 16. og 17. januar 2014. Av tema som det vert vurdert å gå vidare med er passasjer og cruisetrafikk.

### 53.2 Samfunnsplanlegging

Fylkesmannen har ved samlingar og annan kontakt med m.a. regionale beredskapskontaktar og planleggarar i kommunane fokusert på prosessar for oppfølging av samfunnsikkerheit i planlegginga etter plan- og bygningslova på regionalt og kommunalt nivå.

Krav til ROS i samfunnsikkerheitsarbeid, m.a. etter plan- og bygningslova, etter reglane om kommunal beredskapsplikt og etter sektorlover har i særleg grad vore tema i beredskapstilsyna. Utfordringar til klima er og tema som er vektlagt sterkare enn tidlegare.

Ved revisjon/oppdatering av kommuneplan/delplanar vert det gjeve innspel til samfunnsikkerheit, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen har hatt tilgang til oppdatert informasjon om flaum og skredutsette område i fylket. I hovudsak vert og innspel knytt til desse områda tilført/utveksla med andre relevante instansar (eksempelvis NVE). Innspel og kontakt med NVE i førekant av t.d. høyring i arealplansaker vert ivareteke rutinemessig når det er hensiktsmessig eller ønskjeleg. Dette for å få tydelegare og samordna tilbakemelding til kommunale planmyndigheiter på slike saksområde.

## Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

### 54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Fylkesmannen får i hovudsak inn dei fleste overordna krise- og beredskapsplanverk frå kommunane når dei vert revidert/oppdatert. Det vert gjeve tilbakemelding og råd til dei fleste kommunane. Beredskapsplanverket vert og særskilt vurdert og gjennomgått i samband med dei kommunale beredskapstilsyna. Det er i 2012, i samsvar med embetsoppdrag, gjennomført tilsyn i 8 kommunar i Hordaland (Fjell, Øygarden, Austevoll, Kvinnherad, Meland, Odda, Voss og Lindås).

Kontakt vedrørende skjermingsverdige objekt vert i hovudsak gjennomført med politiet, forsvaret og i noko grad objekteigarar. I plan- og utbyggingssaker vert det og gjort objektvurderingar i samråd med forsvaret og politiet i område der det ligg prioriterte objekt.

Fylkesmannen har og i 2012 delteke i felles objektsamling (olje/gassanlegg) saman med Forsvaret, politiet og objekteigarar.

Kontaktmøte for Sør- og Vestlandet med forsvaret, politiet og sivilforsvaret vart ikkje prioritert i 2012.

Fylkesmannen sitt kriseplanverk inkl. SBS-delen har ikkje vore prioritert i 2012 utover ei samling/øving for embetet si kriseleing i samband med deltaking i CMX-12.

DSBs tilsyn med Fylkesmannen vart gjennomført i 2012. Dette medførte at vi fekk nyttige innspel til embetet sin kriseplan og krisehandteringsevne.

Samordning og regional krisehandtering har m.a. vore prioriterte tema i samband med samlingar i fylkesberedskapsrådet/atomberedskapsutvalet.

### 54.2 Øvelser

Embetet har ikkje gjennomført større fellesøvingar med kommunane utover ei varslings- og rapporteringsøving 20.12.2012.

Ved øvingar vert krisestøtteverktøyet DSB-CIM nytta. I tillegg har Fylkesmannen og delteke i ei planlagt IHR-øving med Bergen kommune. (Mottak av norske statsborgarar frå Sør-Aust ASIA etter Pandemiutbrot.)

Fylkesmannen deltok og i CMX-øvinga 15.11.2012. I CMX-øvinga vart delar av Fylkesmannen sin krisestab trekt inn.

### 54.4 Regional samordning

Skogbrannovervaking i søre delar av Hordaland vert etter avtale ivareteke frå Rogaland.

Frivillige organisasjonar har også i 2012 delteke i m.a. fylkesberedskapsrådet sine møte.

Ved beredskapstilsyn i kommunane har det vore fokusert på at kommunale beredskapsråd må ha ei brei samansetjing her under at frivillige organisasjonar er representert.

Fylkesmannen har også i 2012 hatt fellessamling med statsetatane og kommunane (ordførarar og rådmenn) i Hordaland der beredskap var tema den eine dagen.

### 54.5 Felles digitalt nødnett

Arbeidet starta opp i 2012 med m.a. fleire kontaktmøte med DNK i Oslo og Bergen. I region Vest er nettet venta utbygt i perioden 2013-2014

## 54.6 Atomberedskap og strålevern

Det har ikkje vore eiga samling for ABU-Hordaland i 2012.

Det er i 2012 gjennomført 2-dagarssamling for beredskapskontaktane i kommunane og regionale fagorgan m.a. med presentasjonar av reaktorberedskap i Kanadisk anløpshamn tilsvarande Haakonssvern. Vidare har det vore presentasjonar knytt til elektromagnetisk stråling mot Kystvaktskip.

Når det gjeld oppfølging av jodberedskap, så har dette i hovudsak skjedd i form av kontakt med Bergen kommune.

Ved øving CMX-12 i oktober var det og tiltak som omhandla CBRN.

Planmal for atomberedskapen i kommunane i Hordaland er delvis oppdatert i 2012.

ABU-plan Hordaland er ikkje oppdatert etter at Strålevernet sin onlineplan for den regionale atomberedskapsorganisasjon vart lagt ned. Oppdatert ABU-H vert vurdert overført til DSB-CIM og oppdatert der.

## 54.7 Beredskap innen kraftforsyning og flom

Dette området har det vore fokus på etter tidlegare års hendingar med kraftmangel og uvær med straum- og telebortfall.

Når det gjeld dameigarar sitt arbeid med dambrotsbølgjekart og kontakt med naudetatane har dette i mindre grad vore prioritert.

Mottak og vidaresending av varselmeldingar frå NVE og MET har gått rutinemessig også i 2012 trass i at Fylkesmannen ikkje har ei "formell" vaktordning utover kontortid.

## Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

### 55.1 Organisering for krisehåndtering

Embetet sin krisestab (kjernestaben) er i hovudsak utpeikt og tiltenkt deltaking ved behov ved krisehåndtering og øvingar.

Staben skal utvidast med ytterlegare personell frå embetet og/eller eksternt personell alt etter kva situasjon som skal handterast. Deler av kjernestaben har i 2012 m.a. delteke i varslingsøving med kommunane. Dei har og delteke i ei intern øving når det gjeld bruk av SBS (CMX-12).

Oppdatering av så vel embetet sin kriseplan som kriseorganisasjon har pågått i 2012.

Mindre hendingar knytt til ver- og uverssituasjonar vert handtert rutinemessig, men manglande stabsoppsett og øving av administrativt støttepersonell gjer embetet sårbart ved større hendingar/innsats.

Fleire innsatsar knytt til reelle hendingar har avdekt svikt og manglar i Fylkesmannen sin "infrastruktur" og andre kapasitetar. Desse realitetane er og drege inn i den pågåande revisjonen av Fylkesmannen sin krise- og beredskapsplan.

Ved beredskapstilsyn i kommunane er kriseorganisasjon og krisehåndtering og tema.

Embetet sine system for gradert meldingsformidling er operativt og testa/brukt i 2012.

Embetet har 3 personar med oppdatert kryptokvalifisering/klarering pr. utgangen av 2012. Desse er og i stand til å handtera mottak og sending av gradert informasjon på fleire av dei operative systema.

I samband med prosjekt P2915 og nytt gradert sambandsutstyr er det i 2012 i samarbeid med NSM og arbeidet med nytt sikkerheitsløp/instruksar starta opp.

## 55.2 Krisehåndtering

Regional krisehåndtering vert i hovudsak initiert via heile eller deler av fylkesberedskapsrådet når det er hensiktsmessig. Terskelen for å nytta deler av fylkesberedskapsrådet eller deler av Fylkesmannen sin eigen kriseorganisasjon har truleg vore for høg nokre tilfelle. Tilbakemelding på DSB sitt tilsyn i 2012 påpeiker og dette.

Krisehåndtering er og tema ved beredskapstilsyn i kommunane. Varsling og rapporteringsrutinar vart særskilt testa og øvd i samband ei varslingsøving for alle kommunane 20. desember. Utover dette vert det formidla ulike beredskapsvarsel/eldingar til kommunar og regionale beredskapsorgan.

I 2012 har det vore fleire bortfall i telenettet i fleire kommunar. Dette medførte m.a. kontakt med Telenor sin representant i fylkesberedskapsrådet og at m.a. Telenor sine varslingsrutinar for planlagt arbeid og andre uregelmessigheiter i telenettet vart innskjerpa. M.a. ved varsling til aktuelle etatar og kommunar slik at eventuelle relevante mottiltak kan setjast i verk.

Fylkesmannen har i 2012 kjøpt inn 3 berbare satelittelefonar og 1 stasjonær sendar/mottakar. Det er og fleire kommunar i Hordaland som i 2012 har kjøpt inn satelittelefonar.

I 2012 er det loggført 110 meldingar/aktivitetar i DSB-CIM.

## 55.3 Evaluering

Evaluering skjer i hovudsak etter øvingar og hendingar m.m.

Evaluering og lærdom av hendingar utanfor fylket vert og presentert med tanke på om tilsvarende hendingar skulle skje i Hordaland.

Ved hendingar som utløyer rapportering vert dette meldt på samordningskanal til DSB i tillegg til eventuell fagrapportering.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 30 937,23	kr 1 111 836,60
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 178 686,63	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 1 665 277,15	kr 26 138,02
52.9 Annet Borgerrettigheter (rest 52)	kr 22 124,71	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnsikkerhet	kr 1 041 835,10	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 835 434,16	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 240 269,37	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 119 296,92	kr 0,00
Sum:	kr 4 133 861,00	kr 1 137 974,00

## Kommunal- og regionaldepartementet

### Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

Sjå underpunkt.

#### 61.1 Kommunerettet samordning

Fylkesmannen i Hordaland har i 2012 vidareført arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen.

Dei einskilde fagavdelingane samordnar i stor grad praktisk innafor sine fagfelt -både internt eller eksternt mot andre statsetatar.

Det er oppretta eit eige statsetatsleiarforum som blir samla med jamne mellomrom. Forumet organiserer også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. Det årlege arrangementet om hausten er eit viktig møtepunkt for ordførarar og rådmenn i fylket.

I 2012 var tema første dag bl.a. statsbudsjettet for 2013, barnevern, framtidig bystruktur og "Boligmeldinga". Andre dag var det to hovudtema ; Samhandlingsreforma og Samfunnstryggleik & beredskap i lys av 22.juli - kommisjonen sin rapport.

Embetet deltek også på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatar.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve. Kvar 14. dag er det internt møte med avdelingsdirektørane – noko som bidreg til samordning både internt og eksternt.

Det eksisterer eit tverrfagleg forum for plansaker internt på embetet. Forumet er med jamne mellomrom utvida til å også omfatte fylkeskommunen og inviterte kommunar.

Embetet arrangerer årleg 50-60 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde. Andre statsetatar deltar også der dette er føremålsteneleg.

Samordning er eit vanskeleg felt. Kva som er god samordning er vanskeleg å måle. Fylkesmannen har tatt utgangspunkt i KR D sine retningslinjer (rundskriv av 9. feb 2004 - publ. nr. H-2143). Vi meiner vi etterlever dei mål og prinsipp som ligg til grunn, og dei særlege område som er lagt til grunn for fylkesmannen sitt samordningsansvar skal såleis vere ivareteke.

## **61.2 Omstilling og fornying i kommunene**

Fylkesmannen i Hordaland har lagt vekt på synleggjering av den faktiske stoda i kommunane, enten det gjeld saksfelt, kommuneøkonomi eller anna. På den måten ønsker fylkesmannen å kartleggje behovet for fornying. På det økonomiske området er bruken av KOSTRA sentralt.

Fylkesmannen satt i 2012 av tilsaman kr.16,2,- mill. frå ordinær skjønnsramme til utvikling- og omstillingstiltak ( kr. 14,0 mill. opphavleg, kr. 2,2 mill. av restfordeling om hausten). Dei fleste prosjekta var interkommunale prosjekt. Ei sterkare samhandling mellom småkommunar er naudsynt for at oppgåver skal kunne løysast. Mange kommunar er for små til å klare oppgåvende sjølv.

For tilsynsarbeid vert det vist til eget ressursområde.

Prioriteringa av interkommunale tiltak har vore vellukka, og eit utstrakt interkommunalt samarbeid er ein realitet. Det er behov for å prioritera konkret gjennomføring og iverksetjing av tiltak framfor tilskot til utgreiingsarbeid.

## **61.3 Samordning av statlig tilsyn**

Det har vore avholdt møter i Tilsynsforum i 2012. Fylkeslegen i Hordaland har vorte del av Fylkesmannenembet når det gjeld tilsyn. Embetet har og vore engasjert av Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Klima- og forurensningsdirektoratet for å utarbeide og gjennomføre kurs i tilsyn med kommunane som forvalter av miljølovgevinga. Direktoratata er i gong med ei landsomfattande undersøkjing.

## **Resultatområde 62 Kommuneøkonomi**

Sjå underpunkt.

### **62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i Kommuneloven**



Fylkesmannen går kvart år gjennom samlege 33 budsjett. Budsjett og økonomiplanane til ROBEK-kommunane blir prioritert. Samtlege kommunar får ei skriftleg og grundig tilbakemelding på budsjett og økonomiplan. Ein kommune har i løpet av året blitt meldt ut av ROBEK og ein kommune er teke inn, slik at det ved årsskiftet framleis er fire Hordalandskommunar som i registeret.

På denne måten kan fylkesmannen skaffe seg ein god øversikt over stoda i kommunane (framoverretta i motsetnad til rekneskapstal). Vi veit at kommunane set pris på denne tilbakemeldinga.

Fylkesmannen har i 2011 godkjent 8 låneopptak (utanom låneopptak godkjent i samband med lovlegkontroll av budsjett) og "avtalar om langsiktig leige".

Fylkesmannen har i 2011 godkjent 16 vedtak om nye garantiar, eller endring av eksisterande garantiar.

Fylkesmannen har i 2011 handsama to lovlegkontrollar knytt til økonomireglane etter krav frå eit mindretal i Bergen bystyre. Begge sakene var i samband med utbytte frå BKK til Bergen kommune, det vil sei ein for 2010 og ein for 2011. Fylkesmannen gjennomførte lovlegkontroll av eige tiltak for dei andre eigarkommunane i BKK på bakgrunn av dei to førstnemnde sakene for Bergen kommune.

## 62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Vi har sendt brev til kommunane via e-post med samandrag av det økonomiske opplegget for kommunane i statsbudsjettet (oktober) og kommuneproposisjonen (mai), når framlegget er blitt offentleg. Samstundes blir informasjon lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.

Fylkesmannen sine økonomirådgjevarar er i tett dialog med kommunane under heile prosessen.

Vi har også i 2012 gått gjennom alle kommunale årsbudsjett og sendt brev med individuell tilbakemelding til alle kommunane, også dei som ikkje er i ROBEK. Denne ressurskrevjande praksisen gir, saman med gjennomgang av rekneskapane, fylkesmannen god oversikt over den økonomiske tilstanden i fylket.

Vi møter ofte den einskilde kommune for ein gjennomgong av status og utfordringar. Dette er i stor grad knytt til gjennomgangen av årsbudsjett og økonomiplan, og i samband med fordeling av skjønsmidlar. Det er spørsmål frå kommunane meir eller mindre heile året, bl.a. om det økonomiske opplegget, inntektssystemet, økonomidelen av kommunelova og økonomi- reglar/ forskrifter.

Vi har særleg lagt vekt på å halda ein tett kontakt med kommunar som står oppført i ROBEK eller som står i fare for å kome på denne lista. Vi har sett krav om gjennomføring av konkrete innsparingstiltak, men har overlata til kommunane sjølve å gjere framlegg om aktuelle tiltak.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har oppmoda kommunane til å nytte KOSTRA. Det er prolem med sårbarheit på personalområdet i kommunane. Ei sjukemelding eller skifte av personell i den kritiske fasen rundt nyttår kan gå ut over rapporteringa.

Fylkesmannen har brukt KOSTRA i sin dialog med kommunane og i anna statistikk og har også for 2012 utarbeidd samanfattande rapportar om den økonomiske stoda i alle kommunane i fylket (førebeles og endelege tal).

Rapportane gjeld utviklinga til og med 2011. I tillegg er det lagt ut 2011-tal for den einskilde sektor i den einskilde kommune i form av rapportgeneratorar. Både rapport og rapportgenerator er lagt ut på heimesidene våre og elles marknadsført overfor kommunane. Denne bruken av KOSTRA er blitt nyttig for kvalitetssikring av tala.

Fylkesmannen har i 2012 hatt kontakt med kommunane i samband med budsjettprosessen for 2013. Vi har nytta høve til å forklare den økonomiske stoda for kommunen ved hjelp av inntektssystem, statsbudsjett og KOSTRA.

For 2012 har Fylkesmannen fordelt ein skjønnsramme på kr. 138,2 mill. til kommunane. Av dette blei kr. 16,2 mill ( kr. 14,0 mill. + kr. 2,2 mill. ) gitt til omstilling- og utviklingstiltak ( prosjektskjøn ).

Av ramma på kr. 137,6 mill. for 2013 er kr. 25,0 mill. førebels ikkje fordelt mellom kommunane.

I tillegg til dei ordinære skjønsmidlane for 2012 er det fordelt kr. 3,7 mill. i skjønstilskot til kommunar som hadde omkomne og overlevande frå Utøya, etter 22.juli 2011.

Vi har også samarbeidd med Kommunaldepartementet om tilskot til kommunar etter uveret Dagmar. I overkant av kr. 3 1/2 mill. er fordelt til fire av kommunane etter naturskade som følgje av uveret.

Det er i 2012 starta eit utgreiingsarbeid om eventuell kommunesamanslåing i Nordhordland. Fylkesmannen har gitt uttale og vurdering i denne samanheng til Kommunaldepartementet. Det er gitt skjønstilskot både frå Kommunaldepartementet og frå Fylkesmannen til utgreiingsarbeidet.

## Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

Sjå underpunkt.

### 63.1 Kommunalrett

Ved vedtak av 14.2.2012 ble Bergen kommunes vedtak i sak 197-11 "Konsekvensene av Fylkesmannens vedtak i krav om lovlighetskontroller for budsjettårene 2010 og 2011" opphevet som delvis ugyldig. Videre har Fylkesmannen hatt en del henvendelser fra privatpersoner uten at vi av eget tiltak har funnet grunn til å foreta lovlighetskontroll.

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMHO	1	0	1	0	0	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

### 63.2 Valg

Det var ikkje val i 2012.

## Resultatområde 64 Forvaltnings- og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Vi har mottatt og handsama 23 klagesaker etter offentleglova i 2011. Resultatet av handsama 2011 saker er: I 20 saker er resultatet stadfesta, ei sak er delvis stadfesta og to saker er omgjort.

## Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

Sjå underpunkt.

### 65.1 Kommuneinndeling

Vi har motteke førespurnad frå Jondal kommune om dei økonomiske konsekvensane for kommunen av ei grensejustering i høve til Kvinnherad kommune. Vi har gitt kommunen førebels informasjon. Det er avtalt at kommunen tek kontakt i år når denne prosessen er komen lenger for å få så oppdatert informasjon som mogleg om dei økonomiske konsekvensane.

## 65.2 Interkommunalt samarbeid

Fylkesmannen har oppfordra til interkommunalt samarbeid. Det har tidlegare vore skaffa til rådvelde ein oversikt over arbeidet frå dei forskjellige regionråda som syner høg aktivitet på dette feltet.

Fylkesmannen oppfordrar til meir samarbeid mellom kommunane og særleg ser vi trong til dette i samband med samhandlingsreforma.

I samband med tildeling av prosjektskjøn prioriterer vi interkommunale samarbeidstiltak.

## Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

Sjå underpunkt.

### 66.1 Byggesaker

Vi handsama 564 klagesaker i 2012. «Restansane» er på to år bygt ned frå 258 saker til 80 saker ved årsskiftet 2012/2013. Dette er gjort gjennom effektiviseringsgrep, bruk av overtid og ved å flytte ressursar frå andre saksfelt i periodar.

Vi har i 2012 gått over fristen i nokre få saker, men var pr. 31.12.2012 innafor 12 vekers sakshandsamingstid for alle saker. I tredje tertial var gjennomsnitt sakshandsamingstid 71 dagar (133 dagar i snitt i 2011). Vi er i høve til fristen sær sårbare for sjølv små endringar i saksmengd og eventuell sjukdom/permisjonar, og det er problematisk å flytte ressursar frå andre område over lengre tid.

### 66.2 Saker om ekspropriasjon

Fylkesmannen har handsama 6 saker om ekspropriasjon:

I 2 saker har vi som førsteinstans gjeve samtykke til ekspropriasjon etter oreigningslova § 2 - den eine etter § 2 nr. 19 (framføring av kraftlinje) - den andre etter § 2 nr. 47 (vassforsyning og avløp). Vedtaka er ikkje påklaga.

I 3 saker er det gjeve samtykke etter oreigningslova § 25 til å ta grunnen i bruk før rettsleg skjønn er halde. Vedtaka er ikkje påklaga.

Vi har handsama 1 klagesak som gjaldt kommunestyret sitt vedtak etter plan- og bygningslova § 16-2 om ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan. Kommunestyret sitt vedtak vart stadfesta.

### 66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	2	1	1	I begge sakene var tvisten knytt til esl. §6 andre ledd tredje punktum.
<b>Sum</b>	<b>2</b>	<b>1</b>		

### 66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	0			
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.
62 Kommuneøkonomi	kr 1 006 999,97 kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 5 178 519,94 kr 0,00
Andre oppgaver under KRD	kr 332 178,15 kr 0,00
Sum:	kr 6 517 698,00 kr 0,00

## Arbeidsdepartementet

### Resultatområde 73 Sosiale tjenester

#### 73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

I 2012 behandla vi 321 klager på kommunale vedtak om sosiale tenester. Saksbehandlingstida var kort. 86 prosent av sakene blei behandla innan ein månad. I ei sak var saksbehandlingstida meir enn tre månader.

I 2011 behandla vi 490 klager. Årsak til skilnaden i talet på behandla saker i 2012 og 2011 er at ein del av klagene som kom inn i 2010 ikkje blei behandla før i 2011. Talet på mottekne klager i 2012 var om lag det same som i 2011. Ved utgangen av 2012 var det 37 klagar på sosiale tenester som ikkje var behandla.

Hausten 2012 gjennomførte vi seks dagssamlingar med opplæring i sosialtenestelova med nye forskrifter og nytt rundskriv. Om lag 350 tilsette i Nav deltok. Vi har og gitt rettleiing i etterkant av planlagte tilsyn.

#### 73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Tiltak for formidling og kompetanseutvikling på resultatområda 73.1-73.6 er koordinert. Aktivitetane er nærare omtalt på kvart resultatområde. Vi har òg lagt vekt på å samordne formidlings- og kompetansetiltak på helse-, sosial- og barnevernsområdet.

Vi deltek på regionale samarbeidsarenaer i fylket. Nav-forum er ein likeverdig regional samarbeidsarena med KS og NAV-fylke. Faste tema i desse møta er: Status i kvalifiseringsprogrammet, etableringsløp, erfarings og informasjonsutveksling. Saman med Nav-fylke arrangerte vi Nav-leiarsamling over to dagar for alle kommunale og statlege Nav-leiarar, to gonger i året.

I 2012 vidareførte vi nettverk for arbeid med kvalifiseringsprogram, bustadsosialt arbeid og økonomisk rådgjeving. Prosessgrupper innan rus og psykiske lidingar, arbeid med brukarar i LAR og individuell plan blei også vidareførte.

Vi har engasjert kompetanserettleiarar, svarande til 3/4 stilling, til å følgje opp HPMTprosjekt ved tre Nav--kontor i fylket.

#### 73.3 Kvalifiseringsprogrammet

HPMT: Til å delta i arbeid med gjennomføring av prosjektet frikjøpte vi to kompetanserettleiarar, i til saman 3/4 stilling. Rettleiarane har delteke i dialogmøte med AV-dir og prosjektleiing og boostersamlingar. Dei har og

gjennomført rettleiing av tilsette ved Nav-kontora.

Kvalifiseringsprogrammet (Kvp): I tillegg til våre egne rådgjevarar frikjøpte vi to kompetanserettleiarar i til saman 50 prosent stilling.

Tilsette som arbeider med Kvp ved Nav-kontora, har fått tilbod om å vere med i faglege nettverk. I 2012 blei det arrangert åtte samlingar, to samlingar for kvart nettverk. Vi arrangerte ei større samling for alle som arbeider med Kvp i Hordaland. Nav-kontor som har hatt særlege utfordringar, har fått tilbod om rettleiing. Åtte kommunar tok imot dette tilbodet. Rettleiing er elles gitt fortløpande.

Kvp er tema i møte som vi har med statlege og kommunale leiarar ved Nav-kontora. Arbeidet er leiarforankra, mellom anna ved faste møte i Navforum.

I 2012 fekk vi ein klage på Kvp.

Rapporteringar om Kvp til Arbeids-og velferdsdirektoratet er sendt i samsvar med oppdrag.

### **73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning**

I 2012 arrangerte vi eit grunnkurs for deltakarar frå Hordaland, to grunnkurs, eit vidaregåande kurs to oppfølgingskurs i økonomisk rådgjeving i andre fylke.

Det er oppretta "Økonomisk samarbeidsforum" for kommunalt Nav-tilsette økonomiske rådgjevarar i Hordaland. Det blei gjennomført seks samlingar i 2012. Fagforumet har hatt møte med Namnsfogden i Bergen, Bergensklinikkane og Overformynderiet i Bergen.

16 deltakarar frå Nav-kontor i Hordaland fekk dekt kursavgift og deltok på årskonferansen "Penger til besvær".

I 2012 deltok vi på to møte i kompetansegruppa for økonomisk rådgjeving i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet og på rådgjevarsamling for tilsette hos fylkesmennene. Vi arrangerte regionkontaktmøte i Bergen.

### **73.5 Boligsosialt arbeid**

Informasjon om den statlege satsinga på bustadsosialt arbeid og om tiltaka i vårt fylke er formidla på nettsida vår.

I 2012 tildelte vi om lag 6, 4 millionar kroner til fjorten bustadsosiale tiltak. I tillegg kjem 1,6 millionar kroner som vart løyvd på slutten av 2011. Dei sytten ulike tiltaka i Hordaland fordeler seg på åtte kommunar. Bergen hadde åtte tiltak, Askøy to, og resten eitt tiltak i kvar kommune. Pengane er fordelt slik:

Bergen - 3 595 000, Askøy - 1 100 000, Fjell - 550 000, Odda - 550 000, Sund - 550 000, Tysnes - 550 000, Voss - 550 000, Øygarden - 412 500, Os - 184 334.

I 2012 prioriterte vi opplæringskonferansar for Nav-kontora i det nye samlerundskrivet til sosialtenestelova. I desse samlingane hadde vi særleg fokus på rett til mellombels butilbod og bruken av dette tiltaket. Vi arrangerte studietur til bustadsosiale tiltak og tiltak for å førebyggje barnefattigdom på Askøy og i Bergen for fylkesmennene, Husbanken sitt regionkontor og Arbeids- og velferdsdirektoratet. Vi møtte og kommunane Sund og Fjell som bae fekk førsteårstilskot til bustadsosiale tiltak i 2012.

Eit sentralt mål for samarbeidet med Husbanken er å følgja opp, å samordna og å vidareutvikla det strategiske arbeidet på det bustadsosiale området, og i lag med regionkontoret til Husbanken arrangerte vi ein bustadsosial konferanse og ei nettverkssamling med kommunane.

Vi har bidradd inn i Husbanken Region vest sitt bustadsosiale velferdsprogram, mellom anna ved at fylkesmann Sponheim leiar programrådet som rådgir Husbanken om kva for kommunar som bør takast opp i programmet.

Det er behov for fleire kommunale utleigebustader. Omfanget av sosial bustadbygging er for lite. Det er heller ikkje teke høgde for mangfaldet av typen bustader som trengst i kvar kommune, til dømes tilbodet om bustader til vanskelegstilte.

### 73.6 Barn og unge

Informasjon om tilskotsrodnina er formidla på nettsida vår. I 2012 tildelte vi nær tre millionar kroner til kommunalt rusarbeid. Dei fem av i alt 15 søknader som fekk tilskot var: Askøy kommune - 600 000, Bergen kommune, Fyllingsdalen bydel - 600 000, Bergen kommune, Laksevåg bydel 630 000 og Bergen kommune, Årstad bydel - 535 000. Sund kommune fekk tilskot direkte frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Vi arrangerte nettverksamling for kommunane som fekk tilskot. Behova til barn og unge var og tema i andre møte der det også er informert om "Ungdom i svevet" og "Ny Giv".

Det landsomfattande tilsynet med Nav i 2012 retta seg mot personar med forsørgjaransvar for barn. I dei fleste kommunane det blei ført tilsyn med, blei det avdekt lovbrøt. Å sikre at barn og unge frå familiar som treng økonomisk hjelp, kan delta i aktivitetar er viktig. Gjennomført vidaregåande opplæring er med på å sikre dei unge eit godt utgangspunkt og dermed også eit godt førebyggjande tiltak. Fylkeskommunen har fokus på dette og har deltatt på våre konferansar for kommunane med innlegg om "ny giv" og andre tiltak. Vidare oppfølging av tiltak som er sette i verk, er nødvendig.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 7 013,86	kr 911 191,27
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 987 311,38	kr 0,00
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 975 017,23	kr 0,00
Andre oppgaver under AD	kr 72 125,76	kr 0,00
Sum:	kr 2 041 468,00	kr 911 191,00

## Helse- og omsorgsdepartementet

### Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

#### 73.1 Lov om sosiale tjenester

I 2012 behandla vi 321 klager på kommunale vedtak om sosiale tenester. Saksbehandlingstida var kort. 86 prosent av sakene blei behandla innan ein månad. I ei sak var saksbehandlingstida meir enn tre månader.

I 2011 behandla vi 490 klager. Årsak til skilnaden i talet på behandla saker i 2012 og 2011 er at ein del av klagene som kom inn i 2010 ikkje blei behandla før i 2011. Talet på mottekne klager i 2012 var om lag det same som i 2011. Ved utgangen av 2012 var det 37 klagar på sosiale tenester som ikkje var behandla.

Hausten 2012 gjennomførte vi seks dagssamlingar med opplæring i sosialtenestelova med nye forskrifter og nytt rundskriv. Om lag 350 tilsette i Nav deltok. Vi har også gitt rettleiing i ettkant av tilsyn.

### Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

## **75.1 Habilitering og rehabilitering**

Vi har formidla kva oppgåver koordinerende eining skal ivareta og har oversikt over koordinerende einingar i kommunane og spesialisthelsetenesta. I 2012 heldt vi også fram med å føre tilsyn med tenester til barn og unge med behov for langvarige og koordinerte tenester. Det er organisert faste møteplassar mellom koordinerende einingar i helseføretaka og kommunane.

I samarbeid med Helse Vest og Helsedirektoratet arrangerte vi konferanse for leiarar og tilsette i kommunane og spesialisthelsetenesta om tenestetilbod til barn med nedsett funksjonsevne og deira familiar.

Behovet for å styrkje tenestene til barn og unger er stort. Kapasiteten i tenestene til barn og unge er for liten. Det gjeld både behandlingstilbod og avlastingstenester.

## **75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier**

Vi arrangerte regional konferanse om habiliteringstenester i samarbeid med Helse Vest hausten 2012.

## **75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem**

Oppdrag frå Helsedirektoratet er gjennomført. Vi har vore i kontakt med dei aktuelle kommunane og meiner pasientane har fått forsvarleg oppfølging.

# **Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling**

## **76.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetjenesten**

Fylkesmannen i Hordaland har følgd nøye med på arbeidet med utvikling av samarbeidsavtalar, opprettinga av kommunale tenestetilbod for å ivareta nye oppgåver og samhandlinga mellom kommunar og spesialisthelsetenesta. Vi samarbeider med KS og regionalt helseføretak og har delteke i ei rekkje møte med kommunar om forskjellige utviklingsprosjekt.

KS og Helse Vest RHF har inngått ei overordna intensjonsavtale for samarbeid i regionen.

Alle kommunane har inngått samarbeidsavtalar med helseføretaka. For nokre av avtalane er det lagt opp til revisjon første halvår 2013. Fem kommunar har oppretta kommunale øyeblikkeleg hjelp døgnplassar til no. Fleire kommunar planlegg å starte i 2013.

Mediebildet har vore prega av oppslag knytt til utskrivingsklare pasientar og på kommunane sine utgifter knytt til medfinansiering av spesialisthelsetenesta. På slutten av året var det og fleire oppslag om konsekvensar for andre pasientgrupper på grunn av denne merksemda.

Kommunane og helseføretaka i fylket samarbeider om innføring av system for elektronisk samhandling. 14 kommunar i Hordaland har starta opp elektronisk kommunikasjon mellom fastlegane og dei kommunale omsorgstenestene. Det er òg starta utprøving av elektronisk kommunikasjon mellom Bergen kommune og to sjukehusposter i Helse Bergen.

Erfaringar frå tilsyn tilseier at det må stillast meir konkrete krav til systemleverandørar om kva for behov som skal stettast i sektoren sine IKT-system for å sikre forsvarlege tenester. Utvikling av god elektronisk samhandling føreset mellom anna utvikling og etablering av felles standardar mellom kommunar og sjukehus. Dei eksisterande systema leverer så langt ikkje i høve til tenestane sine behov eller styresmaktene sine forventningar til pasienttryggleik og forsvarleg verksemd.

Hausten 2011 og våren 2012 gjennomførte vi ei rekkje kurs og møte med opplæring i folkehelseslova og helse- og omsorgsteneslova. Vi har og gitt mykje informasjon og opplæring etter førespurnad frå helse- og omsorgstenestene.

## 76.2 Individuell plan

Vi har gitt informasjon, medverka ved forskjellige opplæringstiltak og gitt rettleiing om individuell plan og koordinerande eining i kommunane og spesialisthelsetenesta. Alle kommunane og helseføretaka har koordinerande einingar. I kommunane er det svært ulikt korleis koordinerande eining er organisert. Det er og skilnader i kva oppgåver som er lagt til denne eininga og ikkje minst kor godt ordninga fungerer. Dette kjem tydeleg fram ved tilsyn som vi har gjennomført. I mindre kommunar er ordningane ofte personavhengige og difor sårbare ved utskifting av personell.

## 76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten

Rettleiing om styring og pasienttryggleik blei gitt i samband med opplæring i lov om kommunale helse- og omsorgstenester, opplæring i forskrift og rundskriv om sosiale tenester i Nav. Det blei og gitt rettleiing i enkeltsaker og i oppfølging av planlagte tilsyn der det blei avdekt lovbrøt. Dei siste tre åra har vi også gitt tilbakemeldingar om oppsummerte tilsynsefringar i møte med kommunane. Føremålet med desse møta er bidra til læring på tvers av einingar, tenestemråde og kommunar. Møta blir evaluerte som svært nyttig.

## 76.5 Felles digitalt nødnett

Dette har vore tema på samlingar med kommunane. Informasjon om nasjonale føringar og forventningar er formidla.

## Resultatområde 77 Andre oppdrag

### 77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Fylkesmannens krise- og beredskapsplan er under revisjon, og helse- og sosialberedskap er viktig i dette arbeidet. Fylkeslegen møter fast i LRS, atomberedskapsutvalet og fylkesberedskapsrådet. Vi har delteke i øvingar og på møte med beredskap som tema, og har teke opp helse- og sosialberedskap i fleire fora med representantar for kommunane (kommunelege 1, Nav-leiarar og andre).

Nokre kommunar i Hordaland har etablert eit system for elektronisk kommunikasjon med fastlegane i beredskapssituasjonar, men ikkje alle.

### 77.2 Fritak frå forvaltningsmessig taushetsplikt

I 2012 behandla vi i alt 68 saker om fritak frå teiepleikt. 61 saker gjaldt forvaltningsmessig teiepleikt, tre fritak frå yrkesmessig teiepleikt og fem fritak frå yrkesmessig og forvaltningsmessig teiepleikt.

Ved årsskiftet var ei sak under behandling. Vi avviste to saker, fire blei returnerte og 63 søknader om fritak blei innvilga. Saksbehandlingstida var seks dagar.

**Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMHO	68	6
<b>Sum</b>	<b>68</b>	

### 77.3 Særfrådrag

I 2012 behandla vi 107 klager. Den gjennomsnittlege sakshandsamingstida var 32 dagar

**Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.**



Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	107	32
<b>Sum</b>	<b>107</b>	

#### 77.4 Førerkort

I 2012 behandla vi 2089 saker. 991 av dei var dispensasjonssaker.

Tala blir rapporterte til Helsedirektoratet i registreringsverktøyet "Trafikk". Rapportar, inklusive opplysningar om saksbehandlingstid kjem frå Helsedirektoratet i februar/mars.

**Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	2089	
<b>Sum</b>	<b>2089</b>	

#### 77.5 Pasientjournaler

I 2012 mottok vi to journalarkiv.

Ordninga med mottak av journalarkiv er problematisk. Vi har ikkje dei elektroniske pasientjournalssystema som helsepersonellet har nytta.

**Pasientjournaler. Antall saker.**

Embeter	Antall
FMHO	2
<b>Sum</b>	<b>2</b>

#### 77.7 Felles barnevern sosial og helsemelding

Vi rapporterte tidleg på hausten 2012 til våre to oppdragsgjevarar at vi ikkje fann å kunne prioritere denne oppgåva. Vi har fått svar som vi forstår er ei aksept av denne prioriteringa. Vi kompenserar med å lage oppslag med fakta og vurderingar av mange av dei viktige områda vi rapporterer på og som vi meiner er av interesse for tenestene og for folk. Vi har utarbeidd ein plan for desse oppslaga. Dei første er slått opp allereie, i tråd med planen.

#### 77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasient- og brukerrettighetsloven kap. 4A

Fylkesmannen gjer fortløpande vurdering av behovet for opplæring. Vi har det siste året hatt oppdrag som skulle dekkje alle deler av helsetenesta på ulike stader i fylket. Vi har ikkje sjølve arrangert kurs, men vi har hatt foredrag og undervisningsoppdrag for ulike deler av helsetenesta i fylket på spørsmål frå tenesta. Vi har også reist ut til tenestene og vi har halde foredrag på seminar eller møte som dei sjølve har arrangert.

Vår erfaring med dei vedtaka som blir trefte er at mange av dei framleis er svært mangelfulle. Fleire av vedtaka vi mottar blir oppheva av oss grunna feil bruk av regelverket eller fordi vedtaka er for dårleg grunngitte. Vi har gitt rettleiing per telefon eller per brev i ein stor del av vedtaka, og meiner at det framleis er eit udekt behov for opplæring på dette området.

I 2012 mottok vi kopiar av 216 vedtak. 100 av dei vara i meir enn tre månader. 57 vedtak blei tekne til etterretning. Vi gav tilbakemelding i 111 vedtak, og gjennomførte 23 tre-månaders kontrollar. 24 vedtak blei oppheva og eitt blei endra.

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

## 83.1 Folkehelsearbeid generelt

Hovudutfordringane til kommunane og fylkeskommunen i folkehelsearbeidet er

- Å prioritere førebyggjande og helsefremjande arbeid framfor pasientretta verksemd i samband med gjennomføring av samhandlingsreforma. Kampen om pengane og merksemda rundt overføring av sjuke pasientar til kommunane gjer det vanskeleg.
- Å vri merksemda frå risikogrupper og -personar til befolkninga, frå risiko til ressurs og frå særlege tiltak for utsette individ og grupper til universelle tiltak.
- Å utforme og nyttiggjere seg eit oversiktsdokument om helsetilstand og påverknadsfaktorar som kan vere til hjelp i samfunnsplanlegginga.

Det er venta at regional plan for folkehelse skal opp til politisk behandling i juni 2013 og at fylkestinget skal vedta planen i oktober. Partnerskap for folkehelse har 23 medlemskommunar i tillegg til offentlege institusjonar og frivillige organisasjonar. Organiseringa av folkehelsearbeidet i fylket blir vurdert på nytt i den regionale folkehelseplanen.

16 kommunar har vedteke planstrategi, og åtte kommunar har publisert framlegg til planstrategi. Folkehelse er tematisert i alle utanom to.

Det vart opna seks kommunale frisklivssentralar i 2012: Kvinnherad, Øygarden, Bergen, Stord, Askøy og Eidfjord. Det er gjort vedtak om eller sett i gong utgreiing om etablering i Os, Voss, Etne, Kvam, Sund og Fjell. Fylkesmannen i Hordaland fordelte 365 000 kroner til etablering og utvikling av frisklivssentralar i 2012.

Vi har ikkje grunnlag for å uttale oss om korleis kommunane har disponert dei frie midlane.

## 83.2 Miljørettet helsevern

Fylkesmannen realitetsbehandla to saker. Sakene var svært omfattande og saksbehandlingstida var meir enn åtte veker.

Vi starta tilsyn med det fysiske skulemiljøet i alle kommunane i Hordaland. Dei fleste har eit omfattande etterslep på vedlikehald. Reglane om godkjenning er ikkje følgde. Manglar som er avdekte ved kommunens tilsyn med skulane, er ikkje retta. Det er og store skilnader i kor ofte og kva slag tilsyn som er gjennomført. Regelverk i forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler blir ikkje følgd på tilfredsstillande måte.

## 83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse

For å oppfyllet resultatkravet har vi mellom anna formidla forventingar på nettsida vår, i møte med kommunane og liknande for å få fleire skular og klasser med i FRI-programmet. Fleire frisklivssentralar har utdanna røykesluttrettleiingar dette året og tilbyr no kurs for folk som vil slutte å røykje både til einskildpersonar og arbeidsplassar.

Vi fordelte 630 000 kroner til tiltak for betre seksuell helse. Mesteparten gjekk også i 2012 til helsestasjon for studentar i Bergen (aldersgruppa 20 - 24 år). Utvidinga av helsestasjonen til også å ta imot studentar har vore svært vellukka. Særleg gjeld det veksten i mannlege pasientar, som no utgjer om lag 30 prosent. Utanom Studentsamskipnaden i Bergen klarte ingen av søkjarane å bruke opp dei pengane dei fekk i 2012 (og til dels 2011).

## 83.6 Smittevern

Vi innhenta opplysningar om kommunane og helseføretaka har oppdaterte smittevernplanar. Fem kommunar svara ikkje. Ti av 28 kommunar har smittevernplanar frå 2008 eller eldre. Dette følgjer vi opp komande år.

Vi har tidlegare utarbeidd rettleiingsmateriell om smittevern i pleie- og omsorgstenestene "Smittevern sett i system". I 2012 innhenta vi evaluering av dette frå kommunane og oppdaterte innhaldet.

## Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

### 84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Det tek vanlegvis litt tid å rekruttere lege til stillingar i mindre kommunar i utkanten av fylket. Stabiliteten i små kommunar er variabel. Vi har ikkje hatt saker som gjeld midlertidig dispensasjon frå fastlegeordninga.

### 84.2 Turnustjeneste

Kommunane i Hordaland stilte 37 turnusplassar for legar til disposisjon. Plassane er av god kvalitet. Vi får framleis fleire kandidatar til vala enn det er plassar i fylket, og er i dialog med kommunane for å bidra til at dei tar imot fleire turnuslegar. Vi fann ikkje grunnlag for å tilrå SAFH/SAK å påleggje kommunane at dei skulle opprette fleire plassar. Kandidatar på venteliste fekk plassar som blei ledige i fylket, eller dei fekk tilbod gjennom nasjonalt suppleringsval.

Vi har arrangert legevaktkurs og gruppebasert rettleiing for turnuslegane i samarbeid med Nordhordland legevakt og fylkesrettleiarane. Turnuslegane og -fysioterapeutane har også vore med på regionalt kurs i offentleg helsearbeid i Sogn og Fjordane. Kursa og samlingane har svært god oppslutning frå turnuskandidatane, og bidreg til god kvalitet på turnustenesta.

Praktisk teneste i sjukeheim er etablert som ein del av turnus i kommunehelsetenesta i fylket.

Vi følgjer arbeidet med omlegging av turnustenesta for legar, særskilt med blick på kapasitet og kvalitet i omstillingsfasen og framover.

Det er vanskeleg å skaffe nok turnusplassar til fysioterapeutar, særleg plassar i spesialisthelsetenesta. Behovet for å få retningsliner og avklart korleis ventelisteordning skal administrerast er meldt inn til Helsedirektoratet.

### 84.3 Klagesaksbehandling etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester og pasient- og brukerrettighetsloven

I 2012 behandla vi 328 saker med krav om innfriing av pasientrettar. 90 prosent av klagene var behandla innan tre månader. 25 prosent av klagene gjaldt krav om å få dekt reisekostnader. Det kom færre klager på kommunale omsorgstenester (avlasting, støttekontakt, omsorgsløn ) og reisekostnader enn i 2011.

### 84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Det er samarbeid mellom kommunale helsetenester og spesialisthelsetenesta og regelverket om individuell plan er kjent. Fengselshelsetenesta tek ofte kontakt for råd og rettleiing og drøftar problemstillingar.

### 84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktningar, familiegjennforente og direktebosatte overføringsflyktningar

Vi har spurt kommuneoverlegane om kommunane har lagt til grunn og følgjer dei nasjonale faglege tilrådingane som Helsedirektoratet har gitt om helsetenestetilbud til asylsøkjare og flyktningar, jamfør IS-1022 «*Veileder for helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktningar og familiegjennforente*». Vi fekk svar frå 19 kommunar. Tre av kommunane har ikkje teke imot (busett) flyktningar dei siste åra. Fylkesmannen følgjer dette opp i samarbeid med IMDI.

Svara tilseier at tilrådingane frå Helsedirektoratet er kjende og følgde. Dei største utfordringane gjeld rutinar for formidling av relevant informasjon til rett tid mellom einingar i helsetenestene og kommunikasjon med asylsøkjare og flyktningar. Det går fram av svarea at plikta til å bruke tolk er kjent og at kommunane har rutinar for dette. Svarea viser og at personellressursane til denne delen av helsetenestene er knappe i enkelte kommunar.

Det fører mellom anna til ventetid på vurdering av helsetilstand og helseundersøking. Oppsummering av kartlegginga blir lagt ut på nettsida vår.

## **84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn**

Vi har brukt nettsidene til å informere om bruk av tolk og likeverdige helse- og omsorgstjenester. Vi har formidla kunnskap om psykisk helse hos einslege mindreårige asylsøkarar, flyktningar som pasientar, rehabilitering og tilrettelagd tannhelsetilbod til torturoverlevande, der kultursensitivitet og bruk av tolk er viktige stikkord. Som tidlegare år har vi brukt nettsidene til å spreie rettleiarane om bruk av tolk i helse- og omsorgstjenestene og om helsetenester til asylsøklarar, flyktningar og familiesameinte. Vi har og kartlagt om kommunane kjenner og har lagt nasjonale faglege retningslinjer til grunn for helsetenestene til asylsøklarar, flyktningar og familiesameinte.

Korleis hjelpetenestene kan møte barn med tilknytning til fleire kulturar, var blant emna på haustmøtet for helse, omsorg, sosial og barnevern vi arrangerte i 2012.

## **84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjonar**

Nettverk om vald i nære relasjonar hadde to møte i 2012 og tok mellom anna opp vald mot eldre som tema. Nettverket ser ut til å fungere godt for samarbeidet mellom dei ulike tenestene og aktørane på dette feltet, og har no bestemt at dei berre treng å møtast fast ein gong i året.

## **84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten**

Det går sakte med å få større breidde i fagkompetansen, og det er ikkje vesentlege endringar i kapasiteten i helsestasjons- og skolehelsetenesta. Hovudintrykket er at denne ikkje samsvarer godt nok med alle forventingar og oppgåver som tenesta skal tilby barn og unge. I møte med dei leiande helsesystemene i kommunane om forebygging av overvekt hos barn kom det fram at stendig meir av tida går med til individretta arbeid framfor forebyggjande og helsefremjande arbeid. I vår kontakt med kommunane til dømes i uttale til planar, oppfølging av samhandlingsreforma, møte med leiarar og fagfolk, er behovet for å prioritere folkehelsearbeid vektlagt.

## **84.9 Svangerskapsomsorgen**

Vi kjenner ikkje til at kvinner som ønskjer oppfølging hos jordmor i svangerskapet, ikkje har fått dette.

Vi kartla om kommunane følgjer nasjonale faglege tilrådingar om helsetenester til asylsøklarar og flyktningar. Det er asylmottak i sju av 19 kommunar som vi fekk svar frå. Dei sju kommunane som har mottak svara at gravide som er i asylmottak, får same tilbod som andre gravide kvinner i kommunen.

## **84.10 Kjønnsløstelse**

Nettverket vald i nære relasjonar kjenner ikkje til noko tilfelle av kjønnsløstelse. Mangelen på nye saker tilseier at dette arbeidet blir integrert i det ordinære apparatet og ikkje bør vere eit særskilt satsingsområde no.

## **84.11 Tannhelse**

Den offentlege tannhelsetenesta deltek i nettverk om vald i nære relasjonar frå og med 2012.

Fylkesmannen har møter med fylkestannlegen tp gonger i året.

## **Resultatområde 85 Spesialisthelsetjenesten**

### **85.2 Sterilisering**

Vi hadde ingen saker i 2012.

### 85.3 Lov om transplantasjon

Vi fekk ingen saker på dette området i 2012.

Antall saker

Embeter	Antall
FMHO	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

### 85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

I 2012 behandla vi 722 saker, 682 saker om spesielt løyve og 23 om generelt løyve til å rekvirere sentralstimulerende legemiddel. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var tre dagar.

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	722	3
<b>Sum</b>	<b>722</b>	

### 85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Vi fekk ingen saker på dette feltet i 2012

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

### 85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet

Vi hadde ingen saker til behandling i 2012.

## Resultatområde 86 Omsorgstjenester

### 86.1 Omsorgsplan 2015

Vi samarbeider med Senter for omsorgsforskning region vest, Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland, Bjørgene Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester, KS og NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus for gjennomføring av ulike prosjekt, koordinering av tiltak og konferansar.

På helse og omsorgskonferansen som vi arrangerte i mai var tema forebygging, rehabilitering og samhandling. Helsedirektoratet presenterte Nevroplan 2015. Det er og gitt informasjon om denne på nettsida vår og i samband med undervisning.

23 av 33 kommunar har vedteke eller har framlegg om ein overordna planstrategi der framtidas omsorgsutfordringar er sett på dagsorden.

### 86.2 Demensplan 2015

**Tiltak for pårørande:** 24 av 33 kommunar i fylket har tilbod til pårørande, som pårørandeskule (8) eller samtalegrupper(11). Ti kommunar er med i interkommunalt om samarbeid.

**Tilrettelagte dagtilbod:** I 2012 hadde 19 kommunar tilrettelagte dagtilbod for personar med demens, mot 14 kommunar i 2011. Ni kommunar har søkt om den nye tilskotordninga for oppretting av dagaktivitetsplassar, fire av desse har utvida tilbodet sitt. Dette utgjer til saman 68 dagplassar.

**Opplæringstiltak:** 29 av 33 kommunar deltek i opplæringstiltak med Demensomsorgens ABC eller Eldreomsorgens ABC, mot 27 kommunar 2011. Bjørgene omsorgs og utviklingscenter har fått tilskot til tiltak for å formidling av Demensomsorgens ABC og Eldreomsorgens ABC. I

Det har vore ei auke både i oppretting av dagaktivitetsplassar og tilbod til pårørande etter at dei nye tilskotsordningane vart sett i verk. Det trengst fleire og meir differensierte tilbod til personar med demens. I Hordaland utgjer til dømes plassar i skjerma eining 22,7 prosent av institusjonsplassane i fylket, mot 24,1 prosent på landsbasis.

### **86.3 Kompetanseløftet 2015**

Fordeling av tilskotsmidlar og rapporteringar til Helsedirektoratet er utført i samsvar med oppdrag. Talet på årsverk utført av personar med fagutdanning frå vidaregåande skule gjekk ned frå 2010 til 2011. Ved tildeling av tilskot har vi prioritert å gi tilskot for at ufaglærte utdannar seg til helsefagarbeidarar.

Vi har gitt råd og rettleiing til kommunane om behovet for grundige vurderingar av kva kompetanse dei treng for å ivareta oppgåvene, utarbeiding av kompetanseplanar og tiltak for kvalifisering og rekruttering av personell. Vi meiner at arbeidet med kompetanseplanar hittil ikkje har fått nødvendig prioritet. Både i arbeidet vårt med støtte opp under samhandlingsreforma og kompetanseløftet har vi presisert kor viktig det er at oppgåvene som kommunane får ansvaret for, krev høgare kompetanse og større fagleg breidde.

### **86.4 Investeringsstilskudd til sykehjem**

I 2012 blei det gitt tilsegn om tilskot til 27 einingar, seks sjukeheimsplassar og 21 omsorgsbustader. Dette er ikkje i samsvar med behovet i fylket. Kommunane har for få plassar i institusjon og plassar i boform med heildøgns omsorg.

Kostratal viser at det i 2011 var 4094 sjukeheimsplassar, mot 4057 i 2010. I fylket under eitt er det 20,2 plassar per 100 innbyggjarar over 80 år. Korttidsplassar utgjorde 17,5 prosent av institusjonsplassane i 2011. Talet på korttidsplassar er 769, mot 742 i 2010. Ei auke på berre 27 plassar.

### **86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten**

Rettleiing om internkontroll blir gitt i samband med undervisningsoppdrag, ved behandling av enkeltsaker, oppfølging av planlagte tilsyn og samlingar for formidling av tilsynserfaringar.

Fagnettverket for sjukeheimslegar er vidareført. Vi vil utvikle samarbeidet med Senter for alders- og sykehjemsmedisin ved Universitetet i Bergen og Norsk forening for alders- og sykehjemsmedisin. Vi meiner det er nødvendig å auke legetid i sjukeheimane og at dei lokale normene bør justerast opp. Ved tilsyn har vi og avdekt at det ikkje er nødvendig legebemannning i sjukeheimar.

I samarbeid med Helsedirektoratet arrangerte vi fagdag om IPLOS hausten 2012. På nettsidene våre, i møte og undervisning har vi og gitt informasjon om opplæringsmaterieill i etisk kompetanseheving og oppmoda kommunane om å delta i prosjekt "Etisk kompetanseheving" som KS leier. Ni kommunar i fylket deltek. Vi har også informert og gitt rettleiing om "Kosthåndboka" og gjort det nettbaserte kartleggingsverktøyet for eigenkontroll av kommunalt ernæringsarbeid som Helsetilsynet har utarbeidd, tilgjengeleg på nettsidene våre.

### **86.6 Utviklingscentre for sykehjem og hjemmetjenester/Lindrende behandling**

Vi deltek i fag og samarbeidsråd for USHT Hordaland og USHT Bjørgene.

I samarbeid med leiar for Kompetansesenteret i lindrande behandling Helseregion Vest vurderte og prioriterte vi søknadene om "Tilskudd til lindrande behandling og omsorg ved livets slutt". Helsedirektoratet følgde innstillinga vår.

## **86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten**

Våren 2012 arrangerte vi fleire samlingar om helse- og omsorgstenestelova, forlkehelselova og pasient- og brukaretslova for tilsette i kommunane. Saksbehandling var blant tema som blei omtalte. Dette har og vore tema i andre møte vi har arrangert og i undervisningsoppdrag der kommunane sjølve har vore arrangør. Det er og gitt rettleiing i samband med behandling av enkeltsaker.

## **86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn**

Vi har informert om rundskriv I-5/2007, idebanken og opplæringsprogrammet i aktiv omsorg i fleire møte og på nettsidene våre.

USHT i Hordaland leier eit regionalt forskings- og utviklingsprosjekt om førebyggjande heimebesøk til eldre. Siktemålet er at alle kommunane har dette tilbudet. Kommunane Askøy, Bergen, Fusa og Os, har dette og sju andre, Austrheim, Granvin, Fjell, Lindås, Osterøy, Øygarden og Voss, planlegg å opprette tilbudet.

Avslutting av prosjektet "Kommunar i dans med frivillig innsats" er utsett til 2013.

## **86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemning**

Dei overordna fagleg ansvarlege i kommunane, jf. helse- og omsorgstenestelova kapiitel 9, blei inviterte til fagsamling, Programmet omfatta mellom anna kompetansekrav i kapittel 9 og dispensasjonar. Ved behandling av søknader om tilskot frå Kompetanseløftet 2015 prioriterte vi kommunar som søkte om midlar til opplæringstiltak for å støtte kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 9-9.

95 prosent av sakene blei behandla innan tre månader. 83 prosent av sakene blei behandla innan seks veker,

I 2012 gjennomførte til seks planlagte tilsyn der rettstryggleik ved bruk av tvang og makt var tema. I fire av seks tilsyn var planlagt tilsyn og stadleg tilsyn kombinert.

## **86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk**

Temadag om IPLOS blei arrangert i samarbeid med Helsedirektoratet. Vi informerer om vertyet i møte og undervisning for studentar og tilsette i kommunane.

IPLOS blir i liten grad nytta som planleggingsverktøy. Dette kan ha samanheng sumrapportane som er utvikla for bruk lokalt, ikkje er tilgjengeleg i eit elektroniske pasientjournalssystemet som mange av kommunane i fylket brukar.

Informasjon om særskilte utfordringar blir fortløpande melde til Helsedirektoratet.

## **Resultatområde 87 Psykisk helse**

### **87.2 Behandling uten eget samtykke**

Vi behandla 120 klager på vedtak etter psykisk helsevernlova § 4-4.

Ved behandling av klagen blei 110 vedtak stadfesta og 10 vedtak blei oppheva. Talet på saker er om lag det same som dei to føregåande åra: 127 klager i 2010 og 110 klager i 2011.

Saman med dei to andre fylkesmennene i helseregionen hadde vi eit seminar for å oppdatere oss fagleg og samordne praksis. Det resulterte i eit brev til Helsedirektoratet der vi har bedt om avklaring på fleire problemstillingar og skilnader i praksis som blei synleggjort i møtet.

## 87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene

Kvalitetssikring av rapportering frå kommunane, jf. IS-24/2011, fordeling av tilskotsmidlar og rapporteringar til Helsedirektoratet er gjennomført i samsvar med oppdrag. Hausten 2012 arrangerte vi møte med hovudtema rus, psykisk helse og barnevern for tilsette og leiarar i helse- sosial-, omsorg- og barneverntenestene. Kompetansesenter og brukarorganisasjonar var også inviterte. I eit møte i mars 2012 drøfta Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Rogaland, Selvhjelp Norge, Lærings- og meistringssentra og Nav korleis samarbeidet kan vidareutviklast.

Når det gjeld utfordringar i kommunane vil vi særleg peike på mangelen på tilrettelagte bustader. Dette er meldt inn som den største utfordringa frå 16 av kommunane i Hordaland. Ein del kommunar har problem med å få til eit godt tenestetilbod til brukarar med samansette lidingar. I samband med Samhandlingsreforma ser vi at det kan vere behov for å auka kompetansen innan rusfeltet.

## 87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Fylkesmannen i Hordaland har også ansvaret for desse sakene i Rogaland og Sogn og Fjordane. I 2012 behandla vi tre saker. To av sakene var frå Helse Bergen og ei frå Helse Stavanger. I to saker blei heimhenting innvilga. Helseføretaka har i fleire høve kontakta oss for råd og rettleiing om utanlandske borgarar i norske sjukehus eller norske borgarar i utanlandske sjukehus, der saka ikkje har falle inn under ordninga. Desse kontaktane blir ikkje registrert i statistikken vår.

Antall saker

Embeter	Antall
FMHO	3
<b>Sum</b>	<b>3</b>

## Resultatområde 88 Rusområdet

### 88.1 Alkoholoven

Fylkesmannen er klageinstans etter alkohollova, og har handsama 5 saker i 2012. Vidare har Fylkesmannen eit generelt rådgjevings- og rettleiingsansvar.

Fylkesmannen i Hordaland har i 2012 i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn- og Fjordane arrangert eit to dagers seminar om alkohollova for kommunane i dei to fylka. Fylkesmannen har også handsama søknader om utviding (tid og stad) for dei statlege skjenkeløyva. Vi har i tillegg kravd inn skjenkeavgift for dei statlege løyva.

Antall saker

Embeter	Antall
FMHO	5
<b>Sum</b>	<b>5</b>

### 88.2 Rusmiddelarbeid

Fylkesmannen prioriterte å gi løyvingar til å vidareføre eksisterande tiltak. Ramma vi fekk til fordeling ga ikkje rom for nye tiltak. Unyttige midlar frå løyvinga for 2011 blei overførte til bruk i 2012, og er rekna inn i



totalsummen på 59,9 millionar. I 2012 fekk 20 kommunar tilskot til 70 ulike tiltak innan kommunalt rusarbeid. Desse tiltaka er i hovudsak lågterskeltiltak, arbeid- og aktivitetstiltak og LAR-tiltak. Dette er tenester som når mange brukarar og er viktige i det kommunale rusarbeidet. Fylkesmannen gav og tilbod om kompetansehevande tiltak for kommunane, somme av dei i eiga regi og andre saman med Kompetansesenter rus region vest Bergen (KORUS vest).

## **Ressursrapportering**

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 7 699 502,05	kr -93,83
83 Folkehelsearbeid	kr 1 205 602,70	kr 859 409,32
84 og 85 Primærhelsetj. og Spesialhelsetj.	kr 1 414 254,43	kr 60 263,06
85 Spesialhelsetjenesten	kr 0,00	kr 0,00
86 og 75 Omsorgstj, Habilitering og Rehabilitering	kr 1 741 120,70	kr 1 652 596,86
87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet	kr 1 357 487,90	kr 5 251 825,02
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 2 556 500,25	kr 531 283,01
Andre oppgaver under HOD	kr 6 557,92	kr 0,00
Sum:	kr 15 981 025,00	kr 8 355 283,00

## **Samferdselsdepartementet**

### **Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet**

Sjå underpunkt.

#### **91.1 Avkjørselssaker etter vegloven**

Fylkesmannen i Hordaland har ikke fatta vedtak i klagesaker på dette feltet i 2012.

#### **91.2 Konesjon til anlegg og drift av taubaner**

##### **91.2 Konesjon til anlegg og drift av taubaner**

Fylkesmannen i Hordaland har handsama 1 søknad om konesjon etter taubanelova i 2012. Fire konesjoner etter taubanelova er falt bort i 2012.

## **Utenriksdepartementet**

### **Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet**

#### **92.1 Apostiller**

Embetet behandla 5321 apostillar i 2012. Dette er ein auke på 466 frå 2011.

#### **92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler**

Fylkesmannen gav i 2012 uttale i én sak om utnevning av ny honorær konsul.

## **Kulturdepartementet**

### **Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn**

Fylkesmannen har handsama alle mottekne søknader om statstilskot for trdomssamfunn i 2012.

Det er utbetalt støtte for 11.716 medlemmar delt på 54 trdomssamfunn, samla utgjer dette k. 4.345.828,-

Vi har ikkje registrert nye trdomssamfunn i 2012. Eit trdomssamfunn vart registrert men oppløyst etter kort tid.

Vi viser ellers til eigen årsrapport som er sendt til Kulturdepartementet.

### **Resultatområde 96 Gravferdsloven**

Fylkesmannen fatta i 2012 68 vedtak etter gravferdslova § 20 andre ledd. Fem søknader vart avslått. Resten av søknadene vart innvilga.

Det er gitt ein del orientering og rettleiing til publikum over telefon.

### **Resultatområde 97 Lov om helligdager**

Vi har handsama fire saker om utvida opningstid etter lov om helligdag og helligdagsfred.

Vidare har vi godkjent Tysnes kommune som typisk turiststad. Vi har avslått søknad frå Samnanger kommune om å klassifisere Ytre Tysse som typisk turiststad.

Det er gitt ein del orientering og rettleiing til publikum over telefon.

### **Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området**

**Fylkesmannen i Hordaland er oppteken av å ha ein god, inkluderande og lokalt tilpassa personalpolitikk som bygger på sentrale føringar og gjeldande regelverk.**

#### **98.0 Helhetlig og strategisk ledelse**

Embetsleiinga og leiargruppa har arbeidd med å styrkje den heilskaplege og strategiske leiinga ved embetet. Fleire tiltak er sette i verk. Mellom anna skal alle strategiske og prinsipielle saker opp til drøfting i leiargruppa. For å få til ei heilskapleg leiing har det vore viktig å inkludere seksjonsleiarane tettare til leiargruppa. Vi har etablert fire faste leiarmøte i året for den "store" leiargruppa. Desse møta er lagt inn i styringshjulet. Seksjonsleiarane har vidare etablert eit eiege møteforum som mellom anna har fokus på erfaringsutveksling, kunnskapsdeling og læring på tvers av avdelingane.

#### **Leiarutvikling**

I 2011 fekk vi midlar frå Difi til å etablere eit leiarutviklingsprogram for leiargruppa og mellomleiarar. Programmet skal gå ut 2013. Formålet med leiarprogrammet er å ut-vikle ein lokal leiarplattform som bl.a. bygger på plattform for leiing i staten. Det er vidare eit mål å skape ein omforeint og myndiggjort leiargruppe

som saman emnar å styre embetet mot god måloppnåing både fagleg, økonomisk og personalmessig.

Leiarutviklingsprogrammet er delt inn i tre delar. Tma for samlingane har vore:

- Fylkesmannen i historisk perspektiv
- Fylkesmannen i spenninga mellom statleg styring og lokalt sjølvstyre
- Fylkesmannens roller og ansvar
- Leiarplattforma i staten
- Embetsstyring og risikostyring
- Overordna styring og samordning – forventningar frå embetsleiinga
- Styringshjulet: tildelingsbrev, embetsoppdrag, verksemdsplan og rapportering
- Rolleforståing og rolleforventingar
- Utvikling av leiarmøta
- Oppfølging av sjukefråvær (IA- avtalen)
- Beredskap
- Eiga leiarrolle og leiarutfordringar (for seksjonsleiarane). Gjennomføring av undersøkinga 360 grader

Leiargruppa var hausten 2012 på leiarsamling til Roma. På programmet var mellom anna eit møte med ambassadør Bjørn Grydeland der leiarutfordringar i staten vart drøfta. Leiargruppa har i haust utarbeidd visjon for embetet, verdiar og leiarprinsipp som skal ligge til grunn for leiing i embetet.

### **Medarbeidarundersøkinga**

Vi gjennomførte medarbeidarundersøking i august. Svarprosenten var 92 %. Resultatet var gjennomgåande betre enn ved førre undersøking i 2010. Totalt sett fekk embetet gode tilbakemeldingar på leiing, men undersøkinga viste og at vi har fleire leiarutfordringar vi må arbeide vidare med.

Den samla og «store» leiargruppa har arbeidd mykje med oppfølging av med-arbeidarundersøkinga. Leiargruppa og seksjonsleiarane var m.a. samla to dagar på Finse i september for å gjennomgå og drøfte vidare oppfølging. På samlinga deltok også en organisasjonspsykolog frå AFF som følgjer opp leiarutviklingsprogrammet.

Medarbeidarundersøkinga har vore fast programpost på leiarmøta hausten 2012. Det er utarbeidd ein overordna plan for oppfølging, samt alle avdelingar har utarbeidd eigne oppfølgingsplaner med tidsfristar. Tiltak skal inn i verksemdsplan for 2013 og risikostyringa ved embetet. Særskilte utfordringar er og tek opp i leiarutviklingsprogrammet.

I desember hadde vi eit allmøte for tilsette om etikk og etiske dilemma med filosof Einar Øverenget. Dette var eit konkret oppfølgingsiltak etter medarbeidar-undersøkinga.

## **98.1 Rekruttere, videreutvikle og beholde medarbeidere**

**Fylkesmannen i Hordaland vil vere ein god og attraktiv arbeidsplass. Vi ser at vi i nokre yrkesgrupper slit med å rekruttere inn kvalifiserte folk, og at vi taper lønnskampen både mot private verksemdar og mot andre statlege verksemdar i fylket. Då vi ikkje kan konkurrere fullt ut på løn, ser vi viktigheten av å vere ein god og inkluderande arbeidsplass som legg til rette for å kombinere familieliv og yrkeskarriere. Dette meiner vi fremjer likestilling og mangfald, og kan vere eit konkurranseføretrinn i kampen om dei gode hovuda.**

### **Innvandrarbakgrunn:**

Embetet har som mål å auke talet på tilsette med innvandrarbakgrunn. I 2012 vart det ikkje tilsett nokon i denne gruppa men to personar med innvandrarbakgrunn var inne til intervju. I samband med utlysing av ledige stillingar vert alltid personar med innvandrarbakgrunn oppmoda om å søkje. Til tross for dette er det få søkjarar med innvandrarbakgrunn til ledige stillingar hos oss. Søkjarar med innvandrarbakgrunn vert alltid innkalla til intervju dersom dei er kvalifiserte. For å betre kunne vurdere kvalifikasjonane til søkjarar med bakgrunn frå utlandet, ber vi no om NOKUTgodkjenning og oversettingar av vitnemål i utlysingstekstane. Vi håper at dette vil gjere det lettare for leiarane å samanlikne kvalifikasjonane til søkjarane.

### **Nedsett funksjonsevne:**

I samband med delmål 2 i IAavtalen (rekruttere personar med nedsett funksjonsevne) har embetet i samarbeid med nav gjennom fleier år hatt personar med nedsett funksjonsevne i arbeidstrening/utprøving av arbeidsevne o.l. I løpet av 2012 har ein person hatt arbeidstrening/utprøving av arbeidsevne hos fylkesmannen. Søkjarar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje ledige stillingar, og minst ein søkjar med nedsett funksjonsevne

skal kallast inn til intervju under føresetnad av at formelle kvalifikasjonskrav er oppfylde. Det er likevel få søkjarar som gir tilkjenne at dei har nedsett funksjonsevne. I 2012 var ein personar med nedsett funksjonsevne kalla inn til intervju.

Embetet har kontinuerleg fokus på universell utforming, og ser dette som eit viktig virkemiddel for å kunne rekruttere og beholde medarbeidarar med nedsett funksjonsevne. Embetet har eigen handlingsplan på området og har sett i verk fleire tiltak internt i Statens hus.

### Seniorpolitikk:

Fylkesmannen er oppteken av at vi skal legge forholda til rette for å beholde seniorane våre så lenge som råd. Pr. 1. desember 2012 var 15 prosent av dei tilsette i aldersgruppa 60- 69 år. Avgangsalder for overgang til pensjon var 67 år.

### Oppfølging IA:

Fylkesmannen har tradisjonelt hatt eit stabilt lågt sjukefråvær. Vi hadde ein oppgang i sjukefråveret i 2010. I 2012 var det legemeldte fråværet på 4 prosent. Totalt sjukefråvar på 4,8 prosent. Vi reknar med at auken i 2010 skuldast høg turnover og arbeidspress. Det at sjukefråværet no er tilbake på eit akseptabelt nivå tolkar vi dithen at vi har eit godt arbeidsmiljø og gode rutinar for forebyggjande sjukefråværsoppfølging og IA-arbeid.

Fylkesmannen har som mål å hindre at tilsette fell ut av arbeidslivet og vert uføretrygda. Som forebyggjandetiltak vurderer vi fortløpande tiltak saman med bedriftshelsetenesta og har tilbod om treningsretteleing og arbeidsplassvurderingar i tillegg til felles tiltak, som avdelingsvise trimturar i lunsjpause mv. Vi har jamnlege IAmøte saman med vernetenesta og tillitsvalde. Fylkesmannen er representert i IArådet i Hordaland.

### Kompetanseutvikling:

Medarbeidersamtalar og virksomhetsplanar skal danne grunnlag for fordeling av kompetansemidlar ved embetet. På bakgrunn av dette vert det utarbeidd ein felles opplæringsplan kvart år. Dei tilsette skal sikrast fagleg påfyll og få dekt kompetansebehovet sitt i høve til dei arbeidsoppgåvene dei har. Fylkesmannen er opptatt av at det skal gis lik mulighet til karriereutvikling og personlig utvikling uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne og etnisk bakgrunn.

I 2012 hadde embetet felles opplæringstiltak innan nynorskkompetanse, retorikk, etikk og skrivning for nett. Vi tilbyr og deltaking på seniorkursa som Statens pensjonskasse arrangerer. Verksemda legg opp til kompetansehevingstiltak gjennom felles kurs og seminar. I tillegg til dette kjem individuelle kompetansehevingstiltak som vert avtalt mellom leiar og den einskilde tilsette. Vi ser at det er eit gjennomgåande trekk at fleire under 50 år ønskjer å delta på kompetansehevande tiltak enn det som er tilfelle for aldersgruppa over 50 år

Embetet har ikkje hatt ressursar til å kunne prioritere kompetanseutvikling i tilstrekkeleg grad. . Vi har ein plan om å sette av midlar til kompetanseutvikling når vi får rom til det i gjeldande budsjetttrammer.

#### Tilsatte med innvandrerbakgrunn

#### Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2011	% 2011	2012	% 2012
FMHO	6	3	6	3
<b>Sum</b>	<b>6</b>	<b>3</b>	<b>6</b>	<b>3</b>

## 98.2 Risikostyring

Embetet har i 2012 arbeidd vidare med å innføra risikostyring i det ordinære styringssystemet vårt. Utgangspunktet har vore å gjere dette enkelt og praktisk. Arbeidet med risikostyring har vore forankra i leiargruppa. Vi har hatt eit mål for 2012 å integrere risikostyring som ein naturleg del av verksemdplanarbeidet og i styrings-hjulet. Frå 2013 skal avdelingane i samband med verksemdplanarbeidet gjennomføre risikovurderingar av kritiske faktorar knytte til å nå hovudmåla i oppdraga. Risiko på dei ulike områda blir vurderte i samband med gjennomgang av verksemdplanen jf. styringshjulet. Leiargruppa skal gjennomføre ein overordna, samla risikoanalyse på verksemdkritiske område.

Vi har utarbeidd eigne retningsliner for risikostyring som klargjer roller, ansvar og metodikk for risikovurdering.

Retningslinene skal ligge til grunn for arbeidet med verksemdplanen i avdelingane og i embetet.

Risikovurderingar skal generelt vere eit element i kvalitetssikring av alle arbeidsprosessar med sikte på å unngå feil, og sikre god ressusutnytting. Embetet har nytta ei metodisk tilnærming med utgangspunkt i DFØ sin rettleier for risikostyring.

Utfordringa vidare blir å få på plass ei felles forståing av risikobegrepet internt i embetet, og finne rette omfang for gjennomføring av risikovurdering på avdelings-nivå.

I 2012 har vi hatt ein overordna, samla risikoanalyse på ni verksemdkritiske område:

- Saksbehandlingstid
- Arkiv etterslep på journalføring
- Kompetanse (turnover)
- Sjukefråvær
- Styring og leiing
- Kommunedialog
- Beredskap
- Økonomistyring
- Sensitiv informasjon på avvege

Vi har i løpet av 2012 sett i verk fleire tiltak som har medført reduksjon av risiko:

#### Sakshandsamingstid

Vi har hatt ei positiv utvikling i sakshandsamingstid på fleire fagområde. I risiko-vurderinga på dette område har vi gått frå høg risiko, «raud», til moderat risiko, «gul». For å redusere risiko er det m.a. sett inn tiltak med betre prioritering av saker («må» og «bør»-saker), omfordeling og effektiviseringstiltak. Det har og vore nytta overtid/dugnadar.

#### Sjukefråver

Vi har hatt ein nedgang i sjukefråveret. Vi har gått frå moderat risiko (gul) til låg risiko (grøn). Samla sjukefråvere i 2012 var 3,9 %, medan det i 2011 var på 5,4 %. Tiltak som er sett i verk er betre oppfølging av IA-avtala med informasjon og opplæring av leiarar, tilrettelegging og på førebygging, fokus på god leiing og arbeidsmiljø.

#### Turnover:

Vi har i nokre år har relativt høg turnover som m.a. har skuldast at vi ikkje har hatt konkurransedyktige lønsvilkår. Vi har i løpet av desse åra heva det generelle løns-nivået i embetet. Det gjer embetet meir konkurransedyktig. Samla turnover i 2012 ligg på om lag 5 %.

Når det gjeld sensitiv informasjon på avvege, er dette eit område med framleis høg risiko. Tiltak sette i verk er utarbeiding av retningsliner for trygg handtering av in-formasjon, rutinar for innsynsbejæringar, etablering av DLP, krypering av maskiner og minnepinnar, avgangs-/tilgangsbegrensningar. Vi har i haust hatt eit stort prosjekt med rydding i arkiv/fjernarkiv. Det er overført 1500 hyllemeter med arkivdokument til Statsarkivet i Bergen.

Vi har ein plan for korleis vi vidare skal arbeide for å få ned risikoen på dette område, m.a. er tryggleiksutvalet i gang med ROS-analyse i høve til informasjonstryggleik.

## **98.3 Medvirkning**

Fylkesmannen er oppteken av å sikre medbestemmelse og medverknad frå tilsette og deira fagorganisasjonar og ser at det er viktig å synleggjere medverknad i praksis. Forutan fire faste møte med organisasjonane på nivå 1 (org. med medlemstal over 10 % av dei tilsette + hovudsamanslutningane) inviterer Fylkesmannen alle tillitsvalde til informasjonsmøte om viktige saker. Det vert og halde møte om budsjett og i samband med lokale forhandlingar. Det er nedfelt i lokal tilpasningsavtale at møte skal avhaldast dersom ein av partane finn det naudsynt. Ved fleire høve har alle organisasjonane ved embetet blitt innkalla til informasjon og drøftingsmøte, og ikkje berre organisasjonane på nivå 1 som er avtalebestemt.

Saker som omfatter heile embetet og som er avdelingsoverskridande skal handsamast på embetsnivå.

Alle organisasjonane vert orientert om ledige stillingar som lysast ut, og får uttale seg om lønnsplasing mv.

Dette sikrar reell medverknad når det gjeld stillings og lønsplassering, og gjer at dei tillitsvalde i røynda er med på ein kontinuerleg utviklingsprosess når det gjeld lokal lønspolitikk.

Fylkesmannen tilstreber å sikre deltaking frå organisasjonane i interne råd og arbeidsgrupper.

Avdelingssjef for administrasjons- og verjemålsavdelinga ved embetet har vore leiar for Nettverksgruppa for vestlandet (samarbeid og medbestemmelse, HTA pkt. 5.6.1). Personalrådgjevar er og medlem av gruppa. Nettverksgruppa har arrangert ein stor konferanse med fokus på hovudtariffavtalen og omstilling. Målgruppa for konferansane er leiarar og tillitsvalde i statlege verksemder i Hordaland og Sogn og Fjordane. Hensikten var å auke samarbeidskompetansen og sikre medbestemmelse og samarbeid mellom partane i arbeidslivet. Vi har nytta høvet til å informere eigne lokale tillitsvalde om samarbeid og medbestemmelse, og har sytt for at leiarar og tillitsvalde har alle har fått utlevert heftet "Samarbeidskompetanse og medbestemmelse". Dette har ført til at fleire avdelingar no har avdelingsvise "Informasjons og drøftingsmøte" med sine lokale tillitsvalde.

I tråd med intensjonane i ny IA avtale vert tillitsvalde og verneombod i større grad enn tidlegare trekt inn i IA-arbeidet. Vi arrangerer to årlege IA-møte der både tillitsvalde og verneombud er med.

## 98.4 Likestilling og likeverd

Fylkesmannen er oppteken av at alle får same høve til jobbutvikling, tildeling av kompetanseoppbyggjande arbeidsoppgåver, leiaroppgåver og leiarutvikling, lønnsopptrykk og avansement, uavhengig av kjønn, alder, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. Vi arbeider for å få ein rimeleg balanse mellom kjønna i leiarstillingar på alle nivå. Fylkesmannen i Hordaland arbeider aktivt for å fremme likestilling og hindre diskriminering gjennom ein bevisst personalpolitikk og personalleiing. Det går fram av tilpasningsavtalen at det ved nedsetting av interne arbeidsgrupper o.l. skal sikrast jamn kjønnsfordeling. I tillegg skal avdelingsleiing og embetsleiing alltid vurdere kjønnsrelevans ved tilsettingar, og særleg vurdere kvinnerepresentasjon i leiargruppa.

### Lønn

		Kjønnsbalanse			Lønn	
		m%	k%	Totalt(N)	m (kr/%)	k (kr/%)
Totalt i virksomheten	2012	42	58	185	100	91
	2011	44	56	185	100	93
Embetsledelse/direktør	2012	50	50	8	100	89
	2011	50	50	8	100	92
Seksjonssjef/ass. direktør	2012	60	40	20	100	107
	2011	55	45	21	100	90
Saksbehandler I	2012	54	46	63	100	97
	2011	52	48	61	100	88
Saksbehandler II	2012	32	68	53	100	98
	2011	42	58	60	100	88
Kontorstillinger	2012	21	79	33	100	96
	2011	20	80	35	100	96
Fagarbeiderstillinger	2012	0	0	0	100	0
	2011	0	0	0	100	0
Unge arb.takere inkl lærlinger	2012	0	0	0	100	0
	2011	0	0	0	100	0

### Deltid

		Deltid		Midlertidig		Foreldreperm.		Legemeldt fravær	
		M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i virksomheten	2012	3,1	3,6	1	2	0,5	1,1	2,9	5,2
	2011	2,9	3,6	2	2	0,3	1,6	3,1	6,6

### Ansatte

2012	Ledere med personalansvar			Medarbeidere			Lønn	
	M%	K%	Totalt	M%	K%	Totalt	M%	K/M i %
FMHO	50	50	16	44	56	183	100	94

## Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Det vart utbetalt kr. 2.929.063,28 til kommuneparti, kr. 1.876.614,35 fylkesungdomsparti og kr. 6.416.621,20 fylkesparti i Hordaland i 2012.

## Andre

### Ressursrapportering

Samanlikna med 2011 er det her ein reduksjon på ca. 2 mill kroner. Dette skuldast m.a. at diverse inntekter er teke med i år (nytt) og at administrativ kostnadsdekning var høgare enn i 2011. Til saman utgjer dette ca. 1,8 mill kroner.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 206 186,63	kr 0,00
92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlig virk.	kr -26 000,00	kr 0,00
95 Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 29 412 704,88	kr 0,00
Sum:	kr 29 592 891,00	kr 0,00